

Mastergradsoppgave

Rune Aarhus

Friluftsliv,  
kompetanse og verdier  
- eit interesseperspektiv  
på debatten  
"profesjonskamp til fjells"



**Høgskolen i Telemark**

Fakultet for allmennvitenskapelige fag

Mastergradsavhandling i Kroppsøving, idrett og friluftsliv  
2012

**Friluftsliv, kompetanse og verdier - eit  
interesseperspektiv på debatten ”profesjonskamp  
til fjells”**



2011

Rune Aarhus

Høgskolen i Telemark  
Fakultet for Allmennvitenskapelige fag  
Institutt for idretts- og friluftslivsfag  
Kjølnes ring 56  
3918 Porsgrunn

<http://www.hit.no>

© 2012 Rune Aarhus

Denne avhandlinga representerer 60 studiepoeng

# Samandrag

## Samandrag av avhandlinga på norsk

I denne oppgåva vert fokuset retta mot ulike aktørar i Noreg som har interesser knytt til opplæring og utdanning innanfor klatre- og fjellsport relaterte aktivitetar. Hausten 2008 tiltok ein debatt med tilnamnet ”profesjonskamp til fjells” innanfor desse miljøa, der nokre vert skulda for å ville ta ”monopol” på ein arbeidsmarknad som til no har vore ”open” for dei som sjølve meiner dei har dei rette kvalifikasjonar. Gjennom å sjå på tidlegare konfliktar og den omtalte debatten, har målet mitt vore å både dokumentere debatten og analysere den ut frå fleire perspektiv. Slik håpar eg å bidra til å klargjere enkelte aktørars *underliggende interesser, legitimeringar og strategiar*, både i den omtalte debatten, men og på andre arenaer der konfliktane vert synlege.

Empirien i oppgåva er blitt til gjennom kvalitative metodar. Dokumentanalyse og intervju har vore sentralt. Ulike innlegg i debatten, arkivet til Norsk Fjellsportforum (NF) og andre tekstar knytt til tema for oppgåva har vore nytta. Fem kvalitative intervju med personar som har forskjellig tilknytning til klatre- og fjellsport miljøa i Noreg er gjennomført.

Oppgåvas teoretiske grunnlag har hovudsakleg ei tredelt forankring. Gudmund Hernes teoriar omkring aktørars interesser er ein del av aktørperspektivet i oppgåva. For å syne til ei generell utvikling i friluftslivet, frå det uformelle til det meir formelle og organisera, nyttar eg teoriar av Ferdinand Tönnies. Dette er med å forklare ulike aktørars interesser og dermed konfliktar som oppstår. Den tredje teoretiske forankringa nyttar profesjonsteori, i hovudsak frå Ulf Torgersen, dette samanfall med profesjonskampen. Til saman utgjer desse teoretiske forankringane ein basis for å forstå og forklare ulike aktørars strategiar. For å synleggjere denne forståinga tyr eg til ein tredela samfunnsmodell som byggjer på tilhøva mellom *det friviljuge, det offentleg og marknaden*.

Oppgåva syner til at det i Noreg føregjeng ein profesjonskamp innanfor klatre- og fjellsport miljøet. Oppgåva synleggjer og dei ulike aktørar sine strategiar og interesser for å nå sine mål. Det vert konkludert med at enkelte aktørar sine interesser, har grunnleggande forskjellar i haldninga til utøving av bratt friluftsliv. Det vert og peika på at dette kan få store konsekvensar for det vidare arbeid med friluftsliv i Noreg på generell basis.

Samandrag av avhandlinga på norsk .....	3
Forord .....	7
<b>1 Innleiing.....</b>	<b>8</b>
1.1 Oversiktskart.....	10
1.2 Oppgåvas oppbygging .....	12
1.3 Tidlegare forskning.....	14
<b>2 Problemstilling .....</b>	<b>16</b>
<b>3 Metode .....</b>	<b>17</b>
3.1 Val av metode.....	17
3.2 Dokumentanalyse.....	18
3.2.1 Tekstane .....	18
3.2.2 Kjeldevurderingar.....	19
3.3 Intervju .....	21
3.3.1 Utval .....	21
3.3.2 Presentasjon.....	22
3.3.3 Intervjuguide .....	23
3.3.4 Gjennomføring .....	24
3.4 Validitet og reliabilitet.....	24
<b>4 Empiri.....</b>	<b>26</b>
4.1 Innleiing.....	26
4.2 Kva består debatten ”profesjonskamp til fjells” av? .....	26
4.2.1 Hausten 2008.....	26
4.2.2 UTE 1/09.....	28
4.2.3 UTE 2/09.....	28
4.2.4 UTE 3/09.....	30
4.2.5 UTE 4/09.....	30
4.2.6 Fjellforumets aktivitet februar - juli.....	32
4.2.7 Oppsummering av konfliktlinjene .....	33
4.3 Dei ulike arenaer .....	34
4.3.1 Arrangement.....	34
4.3.2 Nasjonalparkar.....	35
4.3.3 Norsk Fjellsportforum .....	36

4.3.3.1	Dei fyrste møta .....	36
4.3.3.2	Krefter mot sportifisering og kommersialisering .....	38
4.3.3.3	Noregs klatreforbund.....	39
4.3.3.4	Kompetansekrav .....	40
<b>4.4</b>	<b>Oppsummering .....</b>	<b>43</b>
<b>4.5</b>	<b>Intervju .....</b>	<b>44</b>
4.5.1	Nils Faarlund .....	44
4.5.2	"Arne" .....	45
4.5.3	"Even" .....	46
4.5.4	"Bjarne" .....	47
4.5.5	"Geir" .....	48
<b>5</b>	<b>Teori.....</b>	<b>50</b>
5.1	Kva er ein profesjon? .....	50
5.1.1	Profesjonshistorie .....	50
5.1.2	Profesjonsforskning.....	52
5.1.3	Yrkessosialisering.....	54
5.1.4	Yrkesmonopol.....	58
5.1.5	Yrkesmotivasjon.....	59
5.2	Kva er aktørperspektivet? .....	60
5.2.1	Interessentane .....	61
5.2.2	Interesseanalyse .....	64
5.2.2.1	Preferansar.....	64
5.2.2.2	Identitet.....	65
5.2.2.3	Bytte .....	65
5.2.2.4	Interesser .....	66
5.3	Kva er strukturperspektivet? .....	68
5.3.1	Gemeinschaft og Gesellschaft.....	68
5.3.2	Strukturar mellom frivillig heit, offentlegheit og marknad.....	71
5.4	Oppsummering .....	74
<b>6</b>	<b>Analyse.....</b>	<b>76</b>

<b>6.1 Kven er interessera og kva er interessene? .....</b>	<b>76</b>
<b>6.1.1 Høgskulane.....</b>	<b>76</b>
6.1.1.1 Konkurransen .....	76
6.1.1.2 Arbeidsplassar .....	80
6.1.2 Dei frivillige.....	82
6.1.3 NORTIND .....	83
6.1.4 Norges friluftshøgskole .....	85
<b>6.2 Korleis kjem interessene til syne? .....</b>	<b>86</b>
6.2.1 Dei indirekte profesjonsdebattar .....	86
6.2.2 Korleis kan ei utdanning bestå dersom det ikkje er yrke til dei utdanna?.....	89
6.2.3 Skape arbeidsplassar – lenger enn tryggleik? .....	89
<b>6.3 Kvifor syner dei ulike interesser seg no? .....</b>	<b>91</b>
6.3.1 Fjellsporfestivalen .....	92
6.3.2 Yrkesroller .....	93
6.3.3 NF .....	94
6.3.4 Eg vil så gjerne jobbe med dette.....	95
6.3.5 Forvaltningsområde .....	96
<b>6.4 Kvifor er interessetilhøva problematiske? .....</b>	<b>97</b>
6.4.1 Tindevegledar – ein profesjon? .....	97
6.4.2 Ringverknadar i friluftslivet generelt .....	101
<b>7 Konklusjon .....</b>	<b>103</b>
7.1 <i>Vegen vidare</i> .....	104
<b>8 Kjelder .....</b>	<b>106</b>
8.1 Dokument og rapportar .....	108
8.2 Magasin/blad/aviser .....	109
<b>Appendiks .....</b>	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
<b>Vedlegg 1 .....</b>	<b>113</b>

## Forord

Fyrst vil eg gjere lesaren klar over at dette har vore ei oppgåve som har teke lang tid. Den vart påbyrja hausten 2008. Tre og eit halvt år etter er oppgåva levert. I løpet av denne tida har eg i periodar hatt fokus heilt andre stadar enn ved denne oppgåva. Ein valp kom i hus like før eg byrja og skrive, eit år etter kom vesle Anna til verden og sommaren før levering kom veslebror til Anna, Olav. Dette har ført til at eg nokre gonger har vore heilt vekk frå oppgåva i fleire månader, men det interessante er at når eg då har teke fram oppgåve igjen, har både lyst og til dels nye perspektiv kome fram.

Takk til Bjørn Tordsson og Tommy Langseth for tålmodig å rettleie meg mot ei ferdig oppgåve. Må også takke Margit for at ho faktisk hadde trua på at eg vart ferdig med oppgåva og svigermor for korrekturlesing!

Bø, oktober 2011



# 1 Innleiing

Velkommen til ei oppgåve som omhandlar ein del av norsk friluftsliv, nemleg klatre- og fjellsport. Me skal bevege oss høgt til fjells i bratte tindar, glatte brear, hengande snøsider og klatrefelt, men også til diskusjonar i opne og lukka fora, sinte lesarinnlegg og til forsøk på å markere kompetanse som definerar nokon inn og andre ut.

Nils Faarlund, ein av hovudpersonane i denne oppgåva, seier om etterkrigstidas friluftsliv:

*”...friluftsliv var et varmt ord. Mange ulike interesser ønsket å definere seg innefor dette livet som lovet frihet og som fortsatt var omgitt av en eim av eventyr og ikke uten status”<sup>1</sup>.*

Dette gjeld og i dag. Både ”eimen av eventyr” og status er to viktige ting som gjer klatre- og fjellsport interessant for mange menneske. At noko er interessant har med interesser å gjere, og interesseomgrepet vil stå sentralt i oppgåva.

Klatring- og fjellsport er aktivitetar som har føregjenge i norske fjell frå slutten av 1800- talet og som aukar i omfang. Både talet på personar som driv desse aktivitetar, men også aktivitetanes arenaer utvidar seg. Stadig brattare fjell, vanskelegare ruter osb. vert gjenge eller klatra, også vinterstid vert skispora stadig fleire i bratte sider. Personane kan vere på tur åleine eller i mindre fylgje, med eller utan ”guide”.

Når aktivitetsomfanget aukar vert organisasjonar, klubbar og andre interessentar stadig meir synlege og allmenne. Fleir og fleir prøvar å skaffe seg ei inntekt gjennom å tilby turar i krevjande norsk natur, og *kurs* er eit ord som har vorte svært vanleg innanfor det bratte friluftsliv. Utdanningsinstitusjonane innan friluftsliv, på ulike nivå og innan ulike virksomhetsformer, er blitt mange. I Noreg er det til dømes inga særlovgeving i høve spesifikk

---

<sup>1</sup> Mestre Fjellet nr.33, 1984: 12.

utdanning, slik som me finn i alpelanda, men tilbydarar av klatre- og fjellsport tenester må forhalde seg bl.a. til produktkontrollloven og den plikt til aktsomhet som den inneheld.<sup>2</sup>

Emnet for oppgåva er den debatt, for ikkje å seie kamp, om makt og innflytelse, innafor dei miljøa som driv med klatre- og fjellsport i Noreg som tiltok hausten 2008. Det har vore stridighetar og debattar i miljøet, der nokre har skulda andre for å ville ta monopol på ein arbeidsmarknad som til no har vore ”open” for dei som meiner at dei sjølve har rette kvalifikasjonar, uavhengig av korleis desse er oppnådd. Denne oppgåva har altså fenge tilnamnet ”Profesjonskamp til fjells”, eit uttrykk som Andre Horgen lansera med sitt fyrste innlegg i debatten (UTE 1/2009).

Eg vil dels prøve å dokumentere denne debatten og kampen, dels analysere den ut frå fleire perspektiv. Dels ynskjer eg å sjå etter kva for endringar i det norske samfunnet, og innafor klatre- og fjellsportmiljøet, som gjer at kampen oppstår nå (strukturperspektivet). Dels og å sjå på dei ulike aktørane val av strategiar, deira legitimeringar og underliggende interesser (aktørperspektivet).

Ein kan spørje seg kvifor eg ynskjer å skrive ei masteroppgåve om dette emnet, kvifor er temaet verdig dette? Kva for interesse – for igjen å bruke dette omgrepet – kan det ha å arbeide med dette?

Eit svar kan vere at maktkampen innan klatring og fjellsport gjenspeglar ei viktig generell endring innanfor friluftslivet i Noreg. Friluftsliv høyrer opphavleg heime i det uformelle, frivillige og uorganiserte samfunnet og det nære fellesskapet – i Gemeinschaft for å bruke Ferdinand Tönnies uttrykk. Me ser nå sterke tendensar til at friluftslivet endrar seg til også å verte noko institusjonalisera og organisera, til ein del av det norske samfunnsapparatet – ”Gesellschaft”. Fordi klatring og fjellsport kan medføre risiko og krev kompetanse, blir spørsmåla om kva som er anerkjent dugleik, kven som skal godkjenne kven, kven som skal få lov til å drive med kva, sett på spissen.

---

<sup>2</sup> LOV 1976-06-11 nr 79: Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollloven) § 3 Aktsomhetsplikt

Men spørsmålet om makt, krav og kompetanse gjeld friluftslivet generelt. Dersom ein stiller konkrete krav til dei som skal ta folk med på tur i høgfjellet – skal ein ikkje då stille tilsvarande krav til dei som driv med padling i elv, segling, havkajak? Vil det ikkje knytte seg risiko og krav til kompetanse innafor alle former for friluftsliv?

Det er mykje som står på spill, så vel når det gjeld klatre- og fjellsporten spesielt, men også friluftslivet generelt. Kva for stilling skal friluftslivet ha i det norske samfunnet? Kva for utvikling ynskjer me oss? Korleis kan marknaden, sivilsamfunnet, dei frivillige organisasjonane, utdanningsinstitusjonane og profesjonsorganisasjonar arbeide saman? Kven skal definera kven, og ikkje minst: korleis skal dei offentlege myndigheiter regulere dei ulike interesser?

I ein oppheita debatt kan det vere vanskeleg for aktørane å umiddelbart forstå konsekvensane for desse overordna spørsmål. Eg håpar at eg gjennom dokumentasjon og analyse kan bidra til en meir open, reflektera og ikkje minst ærleg debatt. Det er viktig å sjå at ein handlar ut ifrå interesser, meir eller mindre legitime. Ein bør ta i betraktning kvarandre sine legitime interesser. Men, som aktørar må me tenke gjennom våre interesser i ljøs av kva me meiner er ei ynskjeleg utvikling innanfor friluftslivet generelt.

At eg nyttar ordet ”me” tydar at eg ikkje eine og aleine har eit ”nøytralt forskarperspektiv” på mitt tema. Eg driv sjølv aktivitetar i naturen som sorterar under klatre- og fjellsport. Eg har utdanning i friluftsliv frå Høgskulen i Sogn og Fjordane og skriv denne oppgåva ved Høgskulen i Telemark. Eg har arbeidd med fleire ulike aktivitetar som sorterar under klatre- og fjellsport både i regi av marknadsbaserte verksemder, av utdanningsinstitusjonar og i regi av frivillige organisasjonar. Dette har vore oppdrag av kortare varigheit. Men, eg har også møtt problemet rundt kompetanse og er difor svært klar over min eigen situasjon i oppgåva.

Dette betyr ikkje at denne oppgåva er ei argumentsamling for mine egne interesser. Eg vil prøve å forstå problemområdet så sakleg som mogleg og setje meg inn i dei ulike aktørane interesser frå deira ståstad. Men mitt utgangspunkt er med dette ærleg gjort greie for.

## 1.1 Oversiktskart

Eg ynskjer å gje lesaren eit bilete av aktørane i kampen. Det er naudsynt med ein kjennskap til desse for å kunne gå vidare. Det vert vidare nytta forkortinga knytt til dei ulike aktørane og her kjem ein kort presentasjon av aktuelle aktørar du møter i oppgåva. Etter presentasjonen

fulgjer ei kort avklaring i høve enkelte omgrep lesaren må forholde seg til gjennom oppgåva.

**Norsk Fjellsportforum (NF)** er ein paraplyorganisasjon som har som sitt formål om å samle hele fjellsport-Noreg og lage ein felles standard for opplæring.

**Kommersielle aktørar** består av ulike bedrifter, som har til felles at dei sel opplevingsbaserte tenester tilknytt klatre- og fjellsportaktivitetar, i stor grad inkludert kurs.

**NORTIND (Norske Tindevegledere)** er ein organisasjon med formål å utdanne tindevegledarar i Noreg etter IFMGA sin standard.

**IFMGA**, the International Federation of Mountain Guides Association. Hovudorganisasjonen som NORTIND er medlem av. Ifylgje deira heimeside har dei over 20 medlemsorganisasjonar frå ulike land.

**Den Norske Turistforining (DNT)** er Noregs største friluftslivsorganisasjon og har ei eiga Fjellsportavdeling.

**Noregs klatreforbund (NKF)** er eit særforbund under Noregs idrettsforbund (NIF) og har som formål å fremje klatresporten i Noreg.

**Høgskuleutdanning i friluftsliv** har som formål å utdanne friluftslivsretteleiarar. Dei to høgskuleaktørane som er med i denne oppgåva er i fyrste rekkje Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) og Høgskulen i Telemark (HiT).

**Norges friluftshøgskole** er eit prosjekt som har som formål å starte ei leiande profesjonsutdanning innanfor friluftsliv.

Dette er i hovudsak dei aktørane me møter i oppgåva. Sjølv om det ikkje er mange aktørar så er det mange bindingar mellom aktørane i form av samarbeid, spenningar og personlege relasjonar mellom enkeltpersonar.

**Profesjonskamp.** Når det gjeld profesjonalisering<sup>3</sup> som ein prosess, må det skje ei endring i relasjonane mellom utdanning, motivasjon og yrkesmonopol (Torgersen 1972).

---

<sup>3</sup> Kan og forståast med Dag Østerberg, som knyter omgrepet opp mot instituering forstått som å ”bringe noe i fastere former” (Østerberg 1997: 90).

*”Utgangspunktet for diskusjonen om profesjonenes plass i samfunnets klassestruktur er at profesjoner er en type yrker som har kontroll over markedet for visse type tjenester”* (Dæhlen og Svensson 2008: 119). Når me då veit at koplinga mellom utdanning og stilling er hovudkjenneteiknet for ein profesjon gir dette grobotn for ”profesjonskamp”. I klatre- og fjellsport Noreg er det fleire aktørar som kan drive utdanning til arbeidsmessige oppgåver knytt til klatre- og fjellsport (som vist over). Enkelte vert skulda for å forsøke å endre dagens relasjonar mellom utdanning og yrkesmonopol. Kampen vil stå mellom dei ulike aktørar og kan gje viktige monopolfordelar til den aktør som ”vinn” fram.

**Legitimering** forstås i oppgåva som ei form for forklaring eller grunngjeving som gjer ei handling allment akseptert.

**Interesser** må i oppgåva sjåas som kva ein aktør ynskjer å oppnå og er særskilt oppteken av. Interesser kan vere skjulte bak andre legitimeringar.

**Strategi** forstås i oppgåva som aktørars handlingar for å nå egne interesser.

## 1.2 Oppgåvas oppbygging

Oppgåva er bygd på seks hovudkapittel, i tillegg til forord, innholdsliste og kjeldeliste. Kvart kapittel får her ein kort presentasjon.

Kapittel I:

Det fyrste kapitlet av oppgåva (det du les nå) er ei innleiing som synleggjer problemfeltet og problemstillinga. Kapitlet er meint å gje ein oversikt for lesaren både når det gjeld problemfeltet og aktørane me møter. Lesaren møter og ei argumentering for kvifor oppgåva er relevant i høve friluftslivsforsking, det vert og vist til tidlegare forsking rundt tema. I tillegg utgjer delen du les i denne stund ei oversikt over sjølve oppbygginga og strukturen av oppgåva.

Kapittel II:

Det andre kapitlet tar føre seg dei metodiske grepa eg har gjort for å gjennomføre forskinga. Kapitlet er delt i fire der eg fyrst presenterar ei grunngjeving for val av metode. Deretter kjem ei utgreiing om dokumentanalyse og tekstar som har vore sentralt i denne oppgåva. Den tredje delen tar for seg intervjuene som då omhandlar både utval, presentasjon, intervjuguide

og gjennomføring. Den fjerde delen tar for seg oppgåva sin validitet og reliabilitet.

### Kapittel III:

Kapittelet er todelt. Fyrst kjem empiri frå dokumentanalysen, deretter empirisk materiale frå intervju.

I den fyrste delen kjem fyrst ein presentasjon av kva som har skjedd rundt debatten ”profesjonskamp til fjells”. Kapittelet startar med ei innleiing til kva profesjonskamp er. Etter dette kjem eit samandrag av innhaldet i debatten ”profesjonskamp til fjells” med samandrag av ulike innlegg til debatten. Debattsamandraget vert oppsummera med ei synleggjering av konfliktlinjene. Kapittelet tar og for seg dei ulike arenaer som konfliktlinjene synleggjer seg på.

Den andre delen av oppgåva tar føre seg dei fem intervju som er utført, med ei oppsummering av kvart enkelt intervju.

### Kapittel IV:

Dette er kapittelet som søker teoretiske modellar som kan forankre den empirien som er funnet. Kapittelet er tredelt og syner teori frå tre felt. Profesjonsforskning er det fyrste, denne inneheld ei historisk forankring samt den definisjon av omgrepet *profesjon* som eg nyttar det i denne oppgåva. Deretter vert det presentera teori omkring aktørperspektivet til oppgåva. Det er her bakgrunnen for *interesseomgrepet* vert presentera. Saman med *legitimering* og *handling* er det dette sentrale omgrep i oppgåva.

### Kapittel V:

Det femte kapittelet er ei analyse av empirien opp mot det teoretiske bakgrunnsstoffet for å synleggjere tolkingar av problemstillinga. Kapittelet er delt inn fire delar som kvar har eit spørsmål som skal svarast på: 1) Kven er interessentane og kva er interessene? 2) Korleis kjem interessene til syne? 3) Kvifor syner dei ulike interesser seg no? 4) Kvifor er interessetilhøva problematiske?

### Kapittel VI:

Det sjette kapittelet munnar ut konklusjonane etter analysedelen. Her blir det og gitt et samla svar på problemstillinga i oppgåva. Til slutt i kapittelet er det ein kort del der eg delar tankar

omkring kvar eg meiner vegen bør gange vidare med tanke på forskning innanfor tema.

## 1.3 Tidlegare forskning

Tidlegare forskning knytt til tema klatre- og fjellsport innanfor friluftsliv har hovudsakleg vore historiske framstillingar. Ein har mellom anna prøvd å visa korleis fjellporten voks fram med røter i nasjonalromantikk og importen av aktivitetar frå den engelske overklasse (Grimeland 2000, Hørgen 1999, Tordsson 2003).

Særskilt Geir Grimeland har bidrege med si hovudoppgåve om klatring som sport i eit historisk perspektiv. Han har også i etterkant gjeve ut bok om temaet, som gjev ei historisk framstilling som syner kva som skjer på 1900-talet. Det føreligg og spreidde forskingsprosjekt som har hovudvekt på å forklare *kvifor* folk driv med aktivitetar som t.d. klatring (Breivik 1995, Eikeland 2008). Hovudvekta av desse prosjekta søker å gje svar på menneskets motivasjon til å utøve sin aktivitet.

Denne oppgåva vender perspektivet mot interessene til dei aktørar som organiserer opplæring og sosialisering til klatre- og fjellsport. For å dreie fokus mot koplinga mellom utdanning og yrke, har eg nytta profesjonssosiologiens omgrep og teoriar. Oppgåva omhandlar ulike aktørar, med utgangspunktet at ulike aktørar og har ulike interesser. Dette perspektivet er knytt til tidlegare forskning om makt og interesser. Oppgåva byggjer her hovudsakleg på utreiingar av Gudmund Hernes som bla. har utgjeve boka *Makt og avmakt* (1982).

Når det gjeld utviklinga av kva som har skjedd i friluftslivet, nyttar eg samfunnsteori frå Tönnies, med dei sentrale omgrepa "Gemeinschaft/ Gesellschaft". Dei er også tidlegare nytta i friluftsfagleg samanheng av Bjørn Tordsson (2003, 2010) for å tydeleggjere trekk i utviklinga av norsk friluftsliv. Samfunnsutviklinga vert og sett i samanheng med tidlegare forskning rundt det norske samfunn, samt organisasjonars maktthøve slik dei kjem til uttrykk i den norske forma for korporativisme. Tidlegare forskning knytt til dette perspektivet, og som eg vel å nytte i oppgåva, er utført av Trond Nordby (Nordby 1994).

Når det gjeld utdanningsspørsmål for klatre- og fjellsport vart det utgjeve ei masteroppgåve ved Høgskulen i Telemark i 2009 av Lena Dahl, som omhandlar den interne maktkampen i NF utifrå eit historisk tilbakeblikk. Denne har vore nyttig for å samanlikne tolkingar frå NF sine arkiv og ikkje minst til å gje inspirasjon til vidare arbeid som rører ved eit felles tema. Dahl har også gjennomgjenge materiale frå NF sitt arkiv. Ho har derimot gjenge meir detaljert

og djupare inn NF sin historie enn det eg har gjort i denne oppgåva. Begge har lagt vekt på konflikter i NF, særskilt mellom friviljuge organisasjonar og NORTIND.

Det er og utarbeidd eit svensk prosjektarbeid om utdanning i høve «bergsguider», som omhandlar spørsmålet om det er behov for autorisera fjellguidar i Sverige. Oppgåva er frå 1989 og det kjem fram av den at det er eit ønske å få ei profesjonell guideutdanning i retning av IFMGA (Arnegård 1989). Oppgåva er skrevet av Johan Arnegård som både sitter i styret og er heidersmedlem av den Svenske Bergsguideorganisasjonen som er medlem av IFMGA.

I Noreg er det skreve ei masteroppgåve ved Høgskulen i Nord Trøndelag (2010) av Sturla Grøtta Grav som også omhandlar debatten ”profesjonskamp til fjells”. Det er ein kvalitativ studie som tar for seg tre intervju frå tre ulike utdanningsmiljø. Resultata syner til at alle har ein felles forståing for friluftsliv som omgrep og at det bør vere krav til utdanning for dei som driv med klatre- og fjellsport. Grav konkluderar med at ulikt syn på kva som skal krevjast, har med eigeninteresser å gjere.

Det er nettopp det denne oppgåva omhandlar, aktørars interesser, einskildpersonar sine og/eller kollektive aktørars. Etter dette ser eg det som naturleg å bringe lesaren til neste delkapittel som gjer problemstillinga for nettopp denne oppgåva.



## 2 Problemstilling

Problemområdet for denne oppgåva kan synast særdeles vidt med ulike perspektiv og innfallsvinklar. Likevel er dette ei masteroppgåve som krev visse rammer og utifrå dette har eg forsøkt å halde meg til tre delspørsmål i problemstillinga:

- 1) Å analysere debatten ”profesjonskamp til fjells”
- 2) Utifrå eit interesseperspektiv, å gje eit kritisk blikk på dei ulike aktørane og deira handlingar
- 3) Drøfte om/ kvifor interessetilhøva problematiske?

Med hovudfokus på aktørane, utifrå interesseperspektivet, ynskjer eg å kaste ljøs over desse spørsmåla. Strukturperspektivet har også vore nemnt og vil særskilt gjere seg gjeldande i delspørsmål 3.

## 3 Metode

### 3.1 Val av metode

For å oppnå best innsikt i aktørperspektivet nyttar eg ein kvalitativ metode. Den kvalitative metoden består av dokumentanalyse og intervju. I høve problemstillinga står omgrepet ”interesser” sentralt. Interessene kan vere skjulte og vil då måtte ”gravast” fram gjennom kvalitative analyser. Kvalitative analyser er sentralt for å kunne svare på kva dei ulike interesser består av. Analyser av dokument saman med intervju av personar med god kjennskap til tema, vil forhåpentlegvis gje nok dokumentasjon til å svare på problemstillinga.

Ei kvantitativ analyse vil romme fleire usikkerheitsmoment enn ei kvalitative analyse i høve problemstillinga. Talrekker og statistikk vil gje breie meiningsmålingar. Dei vil ikkje ta ekstra høgde for dei personar som er godt kjent med problematikken. Slik sett kan enkelte aktørars *legitimeringar*<sup>4</sup> i ei eventuell kvantitativ undersøking bli førande i resultatata.

Dokumentanalyse og kvalitative intervju er altså metoden i oppgåva. Pål Repstad skriv i si bok ”Mellom nærhet og distanse”, at ”*kvalitative metoder handler om å karakterisere*” (Repstad 2007: 16). Det er nettopp desse ulike karaktertrekk ved fenomen som er knytt til interesse- og maktomgrepet som oppgåva søkjer å gje svar på: fenomen knytt til overordna strukturar som påverkar norsk klatre- og fjellsport.

Kvantifisering, vil ikkje på same måte avdekke eigenskaper eller kvaliteter ved til dømes ein profesjonskamp. Kvantitativ metode, t.d. et spørjeformular, avdekker dessutan bare de dimensjoner som forskaren sjølv i utgangspunktet kan tenkje seg; den er ikkje nok open for aktørane sine eigne perspektiv. Likevel vil ikkje oppgåva vere totalt utan kvantitative data. Særskilt vil kvantitative innslag være knytt til enkle data frå medlemslister i organisasjonar. Men dette vil vere underordna dei kvalitative analysane.

Til slutt vil eg peike på at den kvalitative metoden gjev rom til å meir opent enn i kvantitative metodar, å tolke framskaffa empiri. Repstad (2007) peikar på eigenskapar som å gå i djupna,

---

<sup>4</sup> Legitimering – å grunnge handlingar utifrå allment godkjente normer, reglar eller krav.

men ikkje i breidda på forskingsfeltet. Det er dette som er ynskjeleg for å kunne gje gode svar i høve problemstillinga, å dykke under legitimeringane i debatten ”profesjonskamp til fjells”.

## 3.2 Dokumentanalyse

### 3.2.1 Tekstane

Eg har i stor grad nyttiggjort meg av skrivne tekstar. I hovudsak gjeld dette det norske bladet UTE. Der har dei fleste innlegg i profesjonskamp- debatten vore publiserte. Ulike nettsider, debattforum og bøker med historiske betraktningar knytt til norsk klatre- og fjellsport historie har og vore sentralt. Også tidlegare forskning innafor feltet kan bidra til empiri og viktig bakgrunnsstoff. Alt dette vil vere med å sette forskar og lesar inn i det nødvendige bakteppet for problemstillinga. Dei mest aktuelle tekstane her vil vere av Grimeland 2004, Horgen 1999 og Dahl 2009. I tråd med Repstad (2007) vil eg omtale dette som ”dokumentanalyse i vidare forstand”. Dokumentanalyse vil og vere sentral i ei snevrare form:

*”I snevrere forstand er dokumentanalyse en metode der man gir visse tekster status av kilder eller data for selve undersøkelsen, på same måte som feltnotater, intervjuutskrifter og liknende data”. (Repstad 2007: 102).*

Her har eg nyttiggjort meg mange ulike former for tekstar. Arkivet til NF har vore gjennomgjenge, for å sjå på særskilt aktuelle tema knytt til mine perspektiv i oppgåva. Eg har tatt kopi av møtereferat eller brev som eg har sett som viktige i høve oppgåvas problemstilling. Formålsparagrafer og det nedfelte dokument for ”norsk standard” har og vore nytta. Desse har eg tatt med meg og analysert. Utgangspunktet for analysen er henta frå Brinkmann (1979) og vil bli nærare omtala i teorikapittelet.

Ei viktig kjelde i høve aktørperspektivet har vore dei ytringar som har stått på trykk i magasin og på nettsider. Det er særskilt friluftsbiladet ”UTE”, bladet ”Klatring”, nettforumet ”fjellforum.net” og heimesidene til dei ulike aktørar som har vore viktige<sup>5</sup>. Det har ikkje vore vanskeleg å finne fram til dei fora som har omtala debatten ”profesjonskamp til fjells”. Dei offentlege ytringsfora knytt til aktivitetane er relativt få og oversiktlege. Friluftsbiladet

---

<sup>5</sup> Herunder kjem NF, NORTIND, NKF, DNT, HiT, HiSF og DSB.

”UTE” og bladet ”Klatring” har og hatt egne redaksjonelle artiklar som indirekte har rørt ved debatten ”profesjonskamp til fjells”, under perioden det har vore lesarinnlegg i blada (frå vinteren 2009).

### 3.2.2 Kjeldevurderingar

Vurdering av skriftlege kjelder er viktig for å unngå feiltolkingar eller misvisande informasjon. Frå ei hending har funne stad, til det står nedskreve i oppgåva, har det vore informasjonsflyt gjennom fleire ledd. Det kan lett skje feiltolkingar dersom ein ikkje kjenner konteksten dei vart til i (Repstad 2007). Difor er det og viktig i denne oppgåva å knyte tolking til prinsippet om at ”ein forstår delane ut frå heilskapen og heilskapen ut frå delane”.<sup>6</sup> Innlegg og kronikkar frå debatten ”profesjonskamp til fjells”, saman med ulike strategiar i norsk klatre- og fjellsport, utgjer ein basis for analysane. Strategiane kan til dømes vere ulike arrangement, samarbeidsavtaler, høringsuttaler osv. Det viktige er at eg ikkje kan setje desse inn i tolkingssamanhenger utan å ha bakgrunnskunnskap om friluftsliv, norsk klatre- og fjellsport eller samfunnet generelt. Alt må tolkast som del av ein heilskap. Slik kan ein unngå feil bruk av kjelder, til dømes vil eit blad med stoff om klatring skrevet av DNT (”Fjell og Vidde”), vere i ein anna kontekst enn bladet ”Klatring”, der heile redaksjonen er fokusert på feltet klatring. *”En gjennomtenkning av tekstens intensjon og funksjon i sin samtid er derfor et sentralt ledd i kildevurderingen”* (Repstad 2007: 105).

Det vert bruka både skildrande (kognitive) og vurderande (normative) kjelder. Kognitive kjelder er tekst om ting som har hendt, medan dei normative vil vere lovar, reglar, målsettingar eller anna som syner kva ein ynskjer å oppnå (Holme og Solvang 1996). Aktørperspektivet i oppgåva vil vere knytt til både normative kjelder som tekstar og utsegn i debatten. Samstundes vil dei kognitive kjeldene verte analysera utifrå hendingar som kan tolkast som handling i regi av interesser som ikkje naudsynt er i tråd med legitimeringane. Oppgåva søkjer å presentere interesser, men og haldningar samt krav og retningslinjer til dei respektive aktørar. Samstundes er det slik at dei kjelder eg nyttiggjer meg, inneheld både normative og kognitive utsegn.

---

<sup>6</sup>”Den hermeneutiske sirkel” (Thornquist 2006).

*”En skal være klar over at utsagn og påstander av tilsynelatende rent kognitiv karakter, kan være mer eller mindre skjulte forsøk på å hevde normative standpunkter”* (Holme og Solvang 1996: 119). Dette er viktig å merke seg. Særskilt fordi mange av dei som ytrar seg i debatten ”profesjonskamp til fjells”, er sterke personlegdomar med mykje erfaring på feltet. Det er då lett å la seg ”lure” av det som i realiteten kan være subjektive skildringar av eit felt, til å analysere dette som ei vurdering av ei hending eller eit reint sakstilhøve.

NF sitt arkivmateriale gjev tilgang til dokument som er skrevet til internt bruk. Dette er skrive av aktørar tilknytt NF. Slike kjelder har stor kjeldeverdi, dei blir gjerne omtala som ”fyrstehandskjelder” (Repstad 2007). Bruken av desse kjelder vil ha vore gjennom færre ledd enn til dømes den klatrehistoriske boka til Geir Grimeland (2000), som er sekundærkjelde. Ein må likevel vurdere truverdigheita til fyrstehandskjelder. *”En tilsynelatende nøytral og velbalansert framstillingsform kan være grovt misvisende, mens en arrig og krakilsk form kan treffe spikeren på hodet”* (Repstad 2007: 107).

Særskilt i ulike innlegg og kronikkar knytt til debatten ”profesjonskamp til fjells” er det viktig å ta innover seg det faktum at dei som deltek, har eit mål dei ynskjer å nå med si deltaking. Det har då vore viktig for meg å ikkje ”ta alt for gitt” av det folk har skrive. Derimot har teoriane til Hernes (1982) om *målretta aktørar*<sup>7</sup> hjelpt meg å tolke dei ulike innlegg på ein måte som ser bak linene som er skrivne. Sjølve framgangsmåten har vore å sjå etter tekstar og handlingar som kan ligge i eigeninteressene til ein aktør, men som ikkje naudsynt stemmer med legitimeringane. Eg har sett etter profesjonsteikn, altså tydelege teikn på profesjonskamp utifrå dei teoriar eg legg fram i teorikapittelet om profesjon og profesjonskamp.

Eit anna viktig kriterium har vore ulike interessentar som vert gjennomgjeunge etter Torgersen (1994) under teorikapittel 5.2.1. Dette bidreg til å analysere ulike aktørar og strukturar for problemfeltet.

Ein kritikk til framgangsmåten, kan vere at den skepsis eg gjeng fram med når eg fylgjer Hernes teoriar om å ”leite” etter skjulte interesser, leder til at eg overtolkar dei empiriske funn. Likevel ser eg det som betre å overtolke funna, enn å ikkje komme i djupna av

---

<sup>7</sup> Målretta aktørar; individ eller grupper av individ som ynskjer å oppnå bestemte mål (Hernes 1975)

legitimeringane som vert framsett i debattar og gjennom ulike handlingar. Deretter vert det opp til lesaren å seie seg einig eller ueinig i dei konklusjonar eg kjem fram til.

### 3.3 Intervju

For å komplettere informasjonen som er samla gjennom dokumentanalyse, har eg altså nyttiggjort meg av intervju. Intervjua vart gjennomført våren 2009. Alle intervju vart tatt opp på lydband.

#### 3.3.1 Utval

Å få eit utval som kan representere og gje godt innblikk i høve problemstillinga, vil alltid vere ei utfordrande oppgåve. Å vite kor mange ein bør intervju kan vere vanskeleg, men utgangspunktet bør, ifylgje Kvale (2009), bygge på kor mange personar som er nødvendig for finne ut alt eg treng å vite. *”Hvis antallet er for lite, vil det ikke være mulig å foreta statistiske generaliseringer eller å teste hypoteser om forskjeller mellom ulike grupper”* (Kvale 2009: 58).

Vert talet for stort vil det derimot vere vanskar med grundige tolkingar av intervjua (Ibid). Eg valde seks intervjuobjekt utifrå eigen kjennskap, og samtaler med personar som arbeider med klatre- og fjellspport utdanning i Noreg. Det er personar, som har eller har hatt sentrale stillingar/verv, eller på andre måtar har vore engasjera i ein eller fleire organisasjonar og/ eller utdanningsinstitusjonar. Utvalet er skjønnsmessig og vil vere relativt breitt. Det som var viktig ved førebuing til utvalet, var at intervjuobjekta måtte ha arbeida med utdanning innan klatre- og fjellspor., det være seg frivillig eller lønna arbeid. Eg såg og etter personar som ikkje har ytra seg med innlegg i ”profesjonskamp til fjells”- debatten. Dette synest eg er viktig for å få eit breiare utval og fleire meiningar inn i analysen. Å ”plukke” intervjuobjekt frå dei forskjellige ”leirar” har ikkje vore ønskeleg. Det vil og vere særdeles vanskeleg, med tanke på at mange har bein i fleire ulike ”leirar”. Difor er intervjuobjekta utpeika på bakgrunn av kunnskap og engasjement; alle desse er relativt kjente personar innanfor klatre- og fjellspportmiljøet i Noreg. Likevel er det og forsøkt å ta eit omsyn til at alle aktørar til ein viss grad er representera. Det er viktig å gje eit mangfald av meiningar og tilknytningar til ulike aktørar.

Når det gjeld debatten ”profesjonskamp til fjells”, har eg ikkje nytta tid på å intervju dei personane som har vore mest offensive der. Personar som Ola Einang, Andrè Horgen og Leif Inge Magnussen har alle bidrege med tydelege innlegg i debatten som gjev mykje

kjeldemateriale. Eit intervju med desse personane ser eg derimot som unødvendig med tanke på å framskaffe *ny* informasjon. Skal eit intervju vere bra, må det gje ny innsikt og informasjon i høve problemstillinga. Då ser eg det som meir verdifullt å intervju andre, som kanskje har vore meir ”tause” i den offentlege debatten, men som utvilsamt sit inne med mykje kunnskap omkring tema.

### 3.3.2 Presentasjon

Av dei fem intervjuar har eg vald å anonymisere fire og å ikkje anonymisere ein person. Alle fem er tilknytt ulike roller i det norske klatre- og fjellsport miljøet. Før eg byrjar vil eg fyrst gje ei kort grunngjeving til kvifor ikkje alle personane er anonymisert.

Nils Faarlund er ein kjent skikkelse innanfor norsk klatre- og fjellsport miljø. Han har vore svært aktiv gjennom både å drive opplysning, opplæring, organisasjonsarbeid og han har skrevet mange tekstar om det å utøve bratt friluftsliv. Gjennom hans arbeid sidan slutten av 60-talet er han ein så ”stor” og kjent skikkelse i miljøet at eg ser det som viktig at hans intervju ikkje vert anonymisert. Ikkje berre pga hans generelle deltaking, men og pga av hans standpunkt og handlingar. Gjennom bla å opprette NORTIND og kanskje vere starten på formalisering og organisering av opplæring i klatre- og fjellsport gjennom Norges Høgfjellsskole i 1967, er han ein føregangsmann innan klatre- og fjellsport i Noreg. I dag sitter Nils Faarlund i NF-styret (har nyleg hatt ein periode som styreleiar) som representant for ”Andre kursarrangørar”. Så til dei andre fem intervjuar:

Gjennom presentasjonen nedanfor vil det for enkelte vere mogleg å gjenkjenne enkeltpersonar, da det norske klatre- og fjellsport miljøet er relativt lite. Anonymiseringa er noko eg i etterkant av intervjuar har vald å gjere, for å unngå å bidra til fleire direkte konflikhtar i miljøet som evt. måtte kome etter utsegn frå dei som er intervjuar. Her fylgjer ein kort presentasjon av dei fire andre:

- ”Bjarne” er tilsett ved avdeling for friluftsliv ved Høgskulen i Telemark (HiT), han underviser i ulike aktivitetar knytt til klatre- og fjellsport.
- ”Even” har vore tilsett ved ulike folkehøgskular og arbeid med aktivitetar knytt til klatre- og fjellsport. Han er NF- instruktør ”fjellkursleiar”. Han har Friluftslivsutdanning frå HiT. Even er engasjert i NKF.
- ”Arne” er tilsatt på avdeling for friluftsliv ved Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF). ”Arne” underviser i ulike aktivitetar knytt til klatre- og fjellsport. Utdanning i idrett frå

Noregs idrettshøgskole (NiH). Han er Internasjonalt godkjent tindevegledar (NORTIND), og har utdanning i klatring frå NKF. Medarrangør i Fjellsportfestivalen.

- Geir er tilsett ved avdeling for friluftsliv hjå Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF). ”Geir” underviser i ulike aktivitetar knytt til klatre- og fjellsport.

### 3.3.3 Intervjuguide

Kvale (2009) tar for seg intervjuundersøkingas sju stadium. Han omtalar dei i fylgjande tidsmessige rekkefølge: tematisering, planlegging, intervju, analysing, verifisering og rapportering. Kvale peikar også på at det er viktig å ha ein overordna plan for intervjuundersøkinga. I forkant har eg gjennomgått mykje litteratur knytt til tema. Dette har gjeve meg forkunnskap om emnet, men det har også bidrege til å klargjere formålet med oppgåva betre. Kunnskap om metode i høve intervjuundersøkinga, er innhenta gjennom litteratur og gjennomgang av andre skrivne masteroppgåver. Å sjå andre masteroppgåver har gjeve verdifull informasjon i høve utforming og korleis arbeidet vil kunne sjå ut i etterkant.

Før gjennomføring av intervju vart det utarbeidd ein intervjuguide. Intervjuguiden var ikkje detaljerna i form av mange spørsmål, men hadde derimot enkle inndelingar av ulike tema i form av eit semistrukturert intervju. Desse tema vart enkelt nedskrive i stikkordsform. ”Hensikten er bare at den skal fungere som en huskeliste, slik at man får med de temaene som skal dekkes” (Repstad 2007: 65). Dette skal ifylgje Repstad vere ein styrke for intervjuet ved at intervjuaren sjølv må formulere munnleg spørsmåla undervegs. Dette ga eit preg av naturleg samtale som kan vere viktig for at både intervjuar og den intervjuja skal kunne slappe av og føle intervjusituasjonen som naturleg.

Kvale (2009) ordlegg dette som eit ”utforskande” intervju. Formålet er å presentere eit tema, kartlegge eit område eller eit problemkompleks. Med meir detaljerna, ferdig formulera spørsmål, vil det ifylgje Repstad vere fare for enda kortare svar frå personar som i utgangspunktet er passive svarpersonar. Tett med ferdig formulera spørsmål verkar i seg sjølv passiviserande (Repstad 2007). Dette var noko eg ikkje ynskte, det var viktig for meg at dei intervjuja følte ein fridom i å dele informasjon.

Å gje stor fridom til den intervjuja har erfaringsmessig vore både positivt og negativt. Det er ikkje til å legge skjul på at dei som er mest taleføre også har gjeve mest informasjon. Samstundes stiller intervjuforma store krav til meg som intervjuar. Ein måtte både vere oppdatert på tema og kunne komme med dei riktige oppfylgningsspørsmål. Det var også ei



utfordring at enkelte ønsket å snakke meir om historiske hendingar, enn det som faktisk skjer rundt tidas debatt.

Det har vore ein fleksibilitet i høvet til å endre intervjuguiden undervegs. Ved eit intervju kan det dukke opp ny innsikt som gjer enkelte spørsmål/ tema overflødige, medan nye kan dukke opp. Dei fleste av intervjua som er føreteke har fått ”spesialsyddde” intervjuguidar til den enkelte informant. Dette har vore viktig med tanke på å få fram ulik informasjon frå dei intervjua.

### 3.3.4 Gjennomføring

Dei intervjua vart på førehand kontakta gjennom telefon eller e-post og det vart gjort avtale om møtestad. Dei fleste intervjua vart føreteke på arbeidsplassen til intervjuobjekta. Under intervjuet nytta eg ein mp3 spelar med bandopptakar. Dar kunne eg transkribere intervjuet i etterkant og fokusere fullt på sjølve samtala under intervjuet.

Sjølve intervjuet føregjekk relativt uformelt der eg starta med å fortelje om oppgåva og kvifor eg har vald å skrive om temaet. Deretter fekk eg faktaopplysingar rundt intervjuobjekt før eg byrja med fyrste spørsmål. Eg satt med intervjuguiden føre meg og hadde mange stikkord der som hjalp meg til å halde tråden i intervjuet. Eg måtte nokre gonger be dei intervjua om å utgreie eller forklare meir om ein sak, då var det greitt å heile tida sjå til intervjuguiden. Etter transkriberinga tolka eg svara utifrå teori. Eg nytta særskilt spørsmåla til Johannes Brinkmann (1979) om interesser i høve dette. Her får eg hjelp særskilt til å minnast dette med interessene til ulike aktørar. Utifrå dei omgrep eg nyttar som legitimering, strategi og interesser vart dette tolka utifrå interesseperspektivet. Slik fekk eg sortera viktig informasjon og strukturera den tekst eg såg som nyttig for å svare på problemstillinga. Av teksten laga eg også ei kortare oppsummering som eg gjengir seinare i kapittelet.

## 3.4 Validitet og reliabilitet

Validitet (gyldigheit) skal ifylgje Kvale (2009) vere ein kvalitetskontroll under heile prosessen med å innhente informasjon. Det spanner frå det teoretiske fundament oppgåva bygger på, til det siste i ei oppgåve, som omhandlar kor valid ein rapport omtalar hovudfunna i oppgåva. Gjennom heile prosessen har eg forsøkt å stille meg sjølv kontrollspørsmål rundt validiteten av det arbeid som er nedlagt.

Når det gjeld utvalet så var det på 5 personar, her ser eg i ettertid at eg kunne til dømes gjort

ei vinkling der eg til dømes intervjuar to personar frå kvar av aktørane som er med i oppgåva. Eg valde i staden eit utval som eg meinte kunne gje verdifull informasjon og som i god nok grad er kunne lyfte fram fleire meiningar rundt tema og problemstillingen.

Når det gjeld mi eiga rolle i oppgåva så er eg svært open på det at eg har ei relativt sterk tilknytning til aktørar som HiT og HiSF der eg har studert. Likevel meiner eg at eg har hatt eit avbalansert forhold til dette, nettopp fordi eg sjølv er klar over mi eiga rolle. NORTIND er ein aktør som tildels har fenge mykje kritikk mot seg, og eg har vore nærare tilknytt aktørar som har vore ueinige med NORTIND. Det er likevel ikkje slik at eg har vore ute etter å kritisere nokre meir enn andre. Eg har også venner som har tatt NORTIND-utdanning, og slik er det i norsk klatre- og fjellspport: Miljøet er relativt lite og mange kjenner mange.

Andre moglege feilkjelder kan ha oppstått på bakgrunn av lang tidsbruk på oppgåva. I løpet av dei fire åra eg har nytta til oppgåva har eg blitt far til to og eg har bytta jobb to gonger. Begge jobbane har også ei teoretisk tilknytning til aktørane i oppgåva, gjennom at den fyrste jobben låg under Norges Idrettsforbund som har ei tilknytning til NKF. Den andre jobben er ei prosjektstilling som er underlagt Telemark Turistforening som igjen er ein del av DNT. Alt dette har bla ført til at oppgåva har vore urørt i periodar før eg igjen har teke den fram og arbeidet med den i ledige stunder. Slike sett var debatten meir dagsaktuell då eg byrja å skrive om den. Samstundes vil eg påpeike at å skrive oppgåva over lang tid har gjeve betre tid til å reflektere og å la ulike perspektiv ”mogne”.

Ein av utfordringane når det gjeld å skaffe til veie relevant empiri har vore avgrensninga. Her har eg ”kutta ned” mykje av det stoffet eg fyrst fann relevant i høve problemstillinga, men som eg seinare innsåg hadde liten verdi i høve å gje svar på problemstillinga. Som masterstudent får ein gjerne lyst til å skrive ”rundt alt”. Difor har eg nok og vingla litt utifrå problemstillinga nokre gonger. Her kunne eg konsentrert meir energi direkte på problemstillinga. Samstundes har det for meg som student vore ein lærerik prosess i det som Jan Ove Tangen ved HiT omtalar som ”*to kill your darlings*” -Ikkje alltid like enkelt, men resultatet har vore at mange sider med både teori og empiri har vore sletta til fordel for oppgåva.

## 4 Empiri

### 4.1 Innleiing

Generell debatt i klatre- og fjellsport miljøet har det vore lenge, men frå vinteren 2009 kom det i gang ein open debatt der innlegg vart publisera i ulike magasin knytt til aktivitetane klatre- og fjellsport. Debatten har komme til uttrykk både gjennom UTE magasinet og bladet Klatring, samt ulike nettsider. Eg gje her eit bilete av kva som har skjedd i denne debatten, og kven som har vore sterkast involvera.

Ulike arenaer der spenningane vert løfta fram i form av aktørane sine ulike strategiar vert og presentera i dette kapitlet. Til slutt presenterar eg lesaren for intervjuet som er gjort.

### 4.2 Kva består debatten ”profesjonskamp til fjells” av?

#### 4.2.1 Hausten 2008

Den 1. oktober 2008 trådte det svenske Konsumentverkets nye reglar knytt til bre og ”fallriskmiljö” i høgfjellsterreng i kraft<sup>8</sup>. Reglane bygde på krav til spesifikk utdanning for verksemd i nemnte naturmiljø.

*”Verksamheten som omfattas är turer och vistelser på glaciär eller i annan högfjällsterräng där särskild fallrisk föreligger. För turer inom dessa områden bör ledaren vara behörig bergsguide. Med behörig bergsguide menas någon som uppfyller kraven enligt UIAGM (Union Internationale des Associations de Guide de Montagne) eller annars bedöms ha motsvarande utbildning och erfarenhet.”<sup>9</sup>*

Den spesifikke utdanning som vart lagt til grunn var IFMGA. I Sverige er det den Svenske Bergsguideorganisationen (SBO) som står for den utdanninga. SBO tilsvarar NORTIND i

---

<sup>8</sup> Konsumentverkets författningssamling 2008:5: *Konsumentverket allmänna råd om glaciärsäkerhet* ISSN 0347-8041.

<sup>9</sup> <http://www.konsumentverket.se/sakra-varor-tjanster/Sport-och-fritid/Hogre-sakerhet-pa-fjalltoppen/>

Noreg. Desse krav vart stilt til ”verksemd” i det gitte naturmiljø. Det står klart at med verksemd så er det også meint dei som ikkje rettar seg mot gevinst. Dermed vil også frivillige organisasjonar bli underlagt desse krav. I teksten opplyst det om den spesifikke IFMGA-utdanning, men det står og at det er godtatt dersom ein person finner å ha tilsvarande utdanning og erfaring. Dette vil då være eit skjønsspørsmål, og kven som har fagleg autoritet til å dømme dette står ikkje nedfelt.

Me skal seinare sjå kor opptekne NORTIND er av å skilje si eiga utdanning frå til dømes NF-utdanninga. Kan dette tenkjast å ha samband med det svenske lovverket si utforming? Dette er vidare teke opp under analysekapittelet.

På den svenske nettstaden ”utsidan.se”<sup>10</sup>, har det vore diskusjonar rundt Konsumentverkets nye reglar. Diskusjonen gjekk på om det er riktig å la ei type utdanning (i dette tilfellet SBO) vere kravet, eller om det skal settast andre minstekrav som fleire personar kan fylle. Utifrå det eg kan finne, har ikkje diskusjonane vore så omfattande og høglydte som i Noreg. Det er ikkje anledning til å gange nærare inn på dette i oppgåva, sjølv om det kunne vore interessant. Det har likevel vore viktig å nemne dette som ein del av bakgrunnen, då mykje av debattinnlegga har referera til nettopp denne hendinga i Sverige.

Hans Petter Håkonsen<sup>11</sup> retta ein førespurnad i oktober 2008 til DSB og fekk eit utgreiande svar omkring ansvar og lovverk for risikofylte forbrukartenester. Dette brevet skapte og ein del debatt i miljøet. På nettsidene til NORTIND ligg det bla kopi av svarbrevet frå DSB. Debatten gjekk på speulasjonar om at NORTIND hadde forsøkt å påverke DSB til å legge NORTIND sin utdanning som normgivande for norsk lovverk knytt til forbrukartenester innan klatring og fjellsport. Med andre ord at NORTIND skal få lik status i Noreg som SBO fekk i Sverige.

---

<sup>10</sup> [www.utsidan.se](http://www.utsidan.se), nettportal for svensk friluftsliv

<sup>11</sup> Hans Petter Håkonsen; aktiv i det norske klatremiljøet, driv firmaet *Klatring og friluftsliv* og lever av å arbeide med klatring.

## 4.2.2 UTE 1/09

I fyrste 2009 utgåva av magasinet UTE, kjem ein kronikk skrevet av André Horgen. Hovudtittelen er ”profesjonskamp til fjells”, med undertittelen ”sikringstiltak på ville veier”. Horgen tar til orde for at ein må utvikle kunnskap, ferdigheiter og haldningar, framfor å gjennomføre fysiske sikringstiltak i naturen, der fare for skade føreligg. Han meiner Noreg bør unngå for mykje fysiske sikringstiltak, og at me til nå har vore relativt gode på dette. Dette grunnjev han bla i lange tradisjonar for *tur etter evne*. Opplæring bør føregange på alle alderstrinn. Det må være kompetanse og gode haldningar blant dei som tar på seg ansvar for grupper i fri natur. Samstundes må me unngå bruk av helse, miljø og tryggleiksplanar henta frå industrien innan friluftsliv. Horgen refererar her til Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) sin rettleiing for ”risikofylte forbrukartenester”. Han meiner det ville vere umogleg å planlegge bort ein kvar risiko i fri natur. Den tenkinga som pregar industrien, at ein må i kontrollere kva enkelt faktor og utvikle reglar for å handsama disse, er dårlig egna til å sikre tryggleik i naturen.

Kronikken av Horgen peikar altså på fleire punkt knytt til sikker ferdsel i fjellet, men det er særskilt skuldingar retta mot NORTIND som får debatten til å reise seg. Horgen kritiserar NORTIND for å utnemne seg sjølv som dei einaste skikka til å drive fjell- og bre- føring i Noreg. ”*Utspill frå NORTIND-representanter gikk langt i retning av å antyde at deres egen organisasjon representerer de eneste profesjonelle i denne sammenhengen*” (Horgen UTE 1/09: 55). Utspilet det vert referera til skulle ha komme ved markeringa av 30- års jubileet til NORTIND i desember 2008. ”*Vi trenger ikke se lenger enn til Sverige for å skjønne hva NORTINDs ambisjoner er, nemlig monopol på å tilby «risikofylte forbrukstjenester» på fjell og bre*” (Ibid). Horgen viser i kronikken til NF sin brede oppslutning rundt Nasjonal standard. Han gjev altså uttrykk for at det er stor oppslutning og brei semje rundt denne opplæringsmodellen innafor klatre- og fjellsport og støttar dermed opp rundt NF som aktør. På denne måten setter han også dei to aktørane NORTIND og NF opp mot kvarandre.

## 4.2.3 UTE 2/09

I etterkant av kronikken til André Horgen kjem det fleire reaksjonar. NORTIND var raskt ute med svar på sine nettsider og i neste nummer av magasinet UTE. I fyrste rekke var det Ola Einang, president i NORTIND, samt Leif Inge Magnussen, Tindevegledar og Stipendiat i friluftsliv ved NIH som kom med motinnlegg. Einang kritiserar Horgen for at hans kronikk inneheld ”*synsing og ikke underbygde antagelser*” (Einang, UTE 2/09: 34). Vidare poengterar

Einang at Horgen burde ha kome med dette som privatperson, og ikkje som representant for HiT. ”*Dette minner mest om Horgens private utfall mot en organisasjon han ikke kjenner*” (Ibid). Einang gjev ingen direkte svar på kritikken som framkjem i Horgen sin kronikk. Einang rettar derimot ei skulding mot Horgen, skuldinga gjeld sitering frå eit NORTIND-seminar (30 års jubileet) som Horgen ikkje var tilstades på, og ikkje viser til kjelder på. Reaksjonen til Einang byggjer på fylgjande to setningar i kronikken til Horgen:

*”Likevel opplever man rett som det er utslag av en pågående profesjonskamp mellom aktører i forumet, senest under markeringen av 30 års jubileet til NORTIND som nylig fant sted. Utspill fra NORTIND representanter gikk langt i å antyde at deres organisasjon representerer de eneste profesjonelle i denne sammenhengen” (Horgen, UTE 1/09: 55).*

Avslutningsvis skriv Einang at dette vil vere ein viktig debatt i Noreg i åra framover og håpar at alle vil bidra til ein sakleg debatt. Ser ein på kronikken til Horgen og svaret frå Einang er det tydeleg at provokasjon og syrlege kommentarar pregar debatten i oppstartsfasen. Svaret frå Einang er altså at han nektar for dei påstandar om NORTIND som Horgen har lagt fram. Samstundes gje ikkje Einang noko klart svar på kva som er NORTIND sine ambisjonar, eller korleis ein i Noreg bør handtere tryggleik i fjellet.

Leif Inge Magnussen sitt innlegg klargjer tydeleg kva han meiner NORTIND står for, og han refererer NORTINDs krav til dei krav alpelanda har. Denne tilknytninga til IFMGA og dermed dei krav og tradisjonar ein finn i Alpane er hovudbodskapen til Magnussen. ”*Dette kan sees på som et problem som Horgen gjør, eller en kan velge å se det som en ressurs for hele fjellsporten slik vi gjør det*” (Magnussen, UTE 2/09: 34). Magnussen meiner at det er manglande kunnskap om NORTIND frå Horgen si side, som gjør at han kjem med dei ulike skuldingar. Magnussen tar indirekte til orde for at ordningane i Noreg i dag er for dårlege og at det er eit ynskje med meir krav. ”*Uten formelle krav til hvem som kan tilby høgfjellsføring i Norge blir vi et rent dumpingland*” (Ibid). Det er svært tydeleg kva krav Magnussen siktar til i sitt innlegg: ”*Det skal naturligvis heller ikke være slik at de fjellføringstjenestene som tilbys i Norge skal ha lavere kvalitet enn i EU*” (Ibid). Magnussen legg altså ikkje skjul på at det er ynskjeleg med formelle krav i retning av NORTIND utdanning for dei som arbeider med fjellføring.

#### 4.2.4 UTE 3/09

Andrè Horgen har eit nytt innlegg i dette nummeret. Der svarar han på dei motinnlegg som kom frå både Ola Einang og Leif Inge Magnussen. Horgen tar opp igjen sine skuldingar mot NORTIND omkring monopoltanken. Han viser til både Canada og Sverige. Han skriv at der har søsterorganisasjonane til NORTIND lenge arbeidd for einerett på føring (Horgen, UTE 3/09). Horgen meiner det er fleire måtar å bygge kompetanse på, som gjer ein i stand til å kunne føre folk trygt fram også i alpine og krevjande fjellområde. Han oppfordrar samstundes ”*alle gode krefter i fjellsportmiljøet til å støtte opp rundt Norsk Fjellsporforum og den nasjonale standarden som forvaltes der*” (Horgen, UTE 3/09: 36). Avslutningsvis oppfordrar han NORTIND til ein ”*noe mer ydmyk holdning i møte med andre fagmiljøer*”. Horgen står med andre ord fast på sine skuldingar mot NORTIND.

Ragnar Bell, styremedlem i NF og leiar i kurs og instruktørkomiteen i DNT skriv og eit innlegg i dette nummeret. Han tar til orde for ei sertifiseringsløysing i høve tryggleiksproblematikken. Det sertifiseringsnivået bør etter Bell sitt syn nytte NF sin nasjonale standard. ”*Kompetansekravene bør settes ut fra NF sin standard, der kravet til føring i høyfjell blir fjellskursleder (tindevegledere blir «automatisk godkjent» ved søknad til NF)*” (Bell, UTE 3/09: 37). Sertifisering, vil ifylgje Bell vere det einaste riktige for å kunne vite om ein førar/ instruktør innehar ein minimumskompetanse. ”*Tindevegledere referer stadig til seg selv som «de profesjonelle». I dette ligger at alle andre er «amatører»*” (Bell, UTE 3/09: 37). Bell skriv at han ser på seg sjølv som ein ”amatør” i faget, men at dette vil vere ein dårleg definisjon på mange andre dyktige i miljøet. Han peikar her på kontinuiteten i det arbeid som vert utført.

*”Det er kun få Tindevegledere som jobber heltid med friluftsliv, guiding eller kurs. Som andre, har de aller fleste «vanlige» jobber og driver som guider/ instruktører kun i korte perioder, mest om sommeren”* (Ibid).

Bell framhevar altså kontinuitet og erfaring som eit viktigare kriterium enn kvar den einskilde måtte ha si formelle utdanning frå. Samstundes er Bell med på tanken om å innføre kompetansekrav, men at desse bør vere tilknytt NF.

#### 4.2.5 UTE 4/09

Ola Einang skriv eit nytt innlegg til debatten. Han kommenterar innlegget til Bell, som ein god dialog for vidare arbeid med å ”*klargjøre kartet over arbeidsfelt for*

*fjellsportorganisasjoner i Norge*” (Einang, UTE 4/09: 48). Einang skriv at alle fjellsportorganisasjonane er viktige brikker på det nasjonale kartet, og at dei difor bør kunne samarbeide. Han skriv og at mange med NORTIND-utdanning har gjort ein viktig innsats innafør mange andre organisasjonar. NORTIND blir igjen dradd fram av Einang som organisasjonen med internasjonal tilknytning som stiller høge krav. Han stiller etterpå spørsmålet om kravet til dei som driv med høgfjellsføring skal vere lågare enn i andre land. Dette leiar han igjen innpå temaet omkring Noreg som eit ”dumpingland” for utanlandske førarar. Einang viser til seminar i 2008 der NORTIND hadde invitert både reiselivsorganisasjonar, nærings- og handelsdepartementet samt andre interesserte. Dette skapte då i ettertid skapte sterke reaksjonar. ”Kanskje særleg frå enkelte personer som ikke var til stede” (ibid). Einang tar også opp dei nye reglane som kom i Sverige. Han skriv at denne ordninga ville bremsa opp og rive ned ein heil del av det verdifulle arbeidet innanfor ulike frivillige organisasjonar, leirskular og folkehøgskular i Noreg.

*”Jeg ser det derfor slik at det vil være viktig nå, at de sentrale aktørene på dette feltet kan holde en god dialog, der vi også kan vise respekt for hverandres virkefelt og kompetanse”* (ibid).

På slutten refererer han igjen til Bell om at det er viktig at ikkje ”byråkratane” setter sine krav, basera på ”formlar og reknestykke” til friluftslivet. Einang syner her at han har ei forventning om at det kjem regelverk og at klatre- og fjellsport Noreg må vere ”føre var”.

Leif Inge Magnussen har og eit nytt innlegg i dette nummeret. Han skriv innleiingsvis at NORTIND har bratt kommersiell turisme i fokus for kvalifiseringa. Han meiner det no er eit problem med områdespesifikke godkjenningar og nemner døme som ”svalbardguide” og ”nasjonalparkguide”. ”Samtidig indikerer en slik utvikling at noen ikke er fornøyd med den friluftslivsfaglige kompetansen som utvikles” (Magnussen UTE 4/09: 48). Magnussen siktar til høgskulane og skriv at ”en vet for lite hva en friluftslivsstudent kan etter endt utdanning” (ibid). Han meiner at høgskule- og universitetssektoren har ei stor oppgåve i å bli samde om felles lærestoff knytt til studietilbod i friluftsliv. Han nemner store regionale forskjellar og store forskjellar på studentar. ”Slik det er nå kan sektoren kritiseres for å være vilkårlig og lite profesjonsrettet” (ibid). Etter desse skildringar av dei friluftslivsfaglege utdanningane gjennomgjeng Magnussen NORTIND sine krav og faglege kompetanse. Her drar Magnussen opp eit tydeleg skilje mellom NORTIND sin tydelege og spissa profil innanfor høgfjellsføring, mot den meir generelle frå høgskulane som ”faller litt gjennom”. Magnussen



meiner ein del av kritikken mot NORTIND, botnar i at andre opplever dette som ein trussel og kritikk av eigen kompetanse. Han hevdar også at skjulte interesser kan liggje i andre sin agenda. Han nemner høgskulens eigeninteresse i studium retta mot reiselivet, som kan ”falle i fisk” dersom det ”svenske regelverket” vert innført i Noreg. Den andre grunnen hevdar Magnussen er kommersielle reiseaktørar som ikkje er gode nok i høve internasjonale krav. ”..Og ønsker å unngå å bli sett av den «andre» i filosofisk forstand”. Det tredje meiner han er at dei ikkje er viljuge til å investere det som krevjast for å bli «god nok».

Etter dette tar Magnussen for seg det faglege fundamentet til NF - standarden. Han meiner det er for fleksibelt og har for mange hol i systemet til at det kan vere ei ”profesjonsutdanning”. Til bruk i frivillige organisasjonar, meiner han derimot at NF – standarden eignar seg bra i høve det å ”opne aktiviteten” for svært mange. Magnussen påpeikar at det viktigaste for å sikre kvaliteten på tenestar i kommersiell turisme er å stille svært høge krav, og rettar altså merksemda til NORTIND.

*”En person med fjellkurslederkompetanse og en master i friluftsliv innehar utvilsomt noen kvaliteter, men at hun eller han helt sikkert er kvalifisert for å arbeide med fjellføringsturisme, det er usikkert” (Magnussen UTE 4/09: 48).*

Til slutt skriv Magnussen at han ser fram mot at det kjem på plass ei europeisk plattform med krav til utøvarar av kommersiell fjellturisme.

#### 4.2.6 Fjellforumets aktivitet februar - juli

Debatten kunne også fylgjast på nettforumet *fjellforum.net*<sup>12</sup> frå 27.februar 2009 under tråden *profesjonskamp til fjells*. Fram til juli 2009 hadde denne tråden nådd over 90 innlegg og nærare 10.000 visningar, noko som syner at debatten har vore engasjerande. Alle innlegga har sjølv sagt ikkje bore preg av like stor seriøsitet, men det kjem likevel fram ein del lengre innlegg med klare legitimeringar. DNT, NF og NORTIND er særskilt aktørar som vert drøfta. Nokre innlegg skuldar bla DNT for å drive ”dumping” av prisar på fjellførartenestar og kurs sidan dei driv friviljug aktivitet og dermed har høve til det. Dette blir sagt å øydeleggje for

---

<sup>12</sup> www.fjellforum.net. Norsk nettforum med tema for fjell og friluftsliv. Utskrift av debatten som vedlegg 1.

andre som ynskjer å ha fjellføring og kursing som levebrød. Diskusjonen gjeng fram og tilbake her, det er tildels sterke åtak på kvarandre sine innlegg, og det er ofte skuldingar om falske sanningar.

Eg vel å ikkje gange meir direkte inn i dei ulike innlegg frå Fjellforum.net, men viser til at debatten syner at temaet er engasjerande og vekker sterke kjensler.

#### 4.2.7 Oppsummering av konfliktlinjene

Ei kort oppsummering av dei ulike konfliktlinjene debatten har tatt føre seg startar med Horgen sitt utspel. Han rettar ein kritikk mot at NORTIND omtalar seg sjølv som profesjonelle og dermed nedgraderar utdanningar som høgskole og NF sin nasjonale standard. Dette meiner Horgen er ledd i ein strategi for å hevde egne interesser, som kan leiast tilbake til den svenske søsterorganisasjonen SBO sin ”monopolordning” i Sverige. Argumentasjonen mot ei slik ordning går på a) det slår beina under mykje av den friviljuge aktiviteten b) NORTIND er ein liten organisasjon med få utdanna c) det vil føre til høge prisar.

Horgen er tilsett ved Høgskulen i Telemark, men også andre aktørar deler hans synspunkt på at NORTIND ikkje bør få ein ”monopolsituasjon”. Både DNT og NKF er aktørar som ynskjer at NF sin nasjonale standard skal vere den førande standard for utdanning i klatre- og fjellsport. Med sine utspel vil og Horgen støtte og byggje opp under ei konfliktlinje med NORTIND på eine sida som fører dei kommersielle interesser og ”dei andre” som friluftslivets vaktbikkjer på den andre sida.

NORTIND legitimerar si verksemd i tryggleik og nær tilknytning til søsterorganisasjonar i andre land. Mykje av argumentasjonen gjeng på at NF og høgskole ikkje gjev like god kunnskap i høve klatring- og fjellsport som NORTIND. Samstundes ser me personar som Ragnar Bell som hevdar det viktige ved kontinuitet i klatre- og fjellsportarbeid framfor kva type utdanning ein har.

Horgen får også kritikk for å skjule høgskulens interesser som kan vere å unngå den svenske ordninga, fordi den ville ”slått beina under” friluftslivsutdanning retta mot reiseliv.

Til slutt i denne oppsummeringa er det viktig å merke seg den ordbruk og dei krasse utspel som er nytta i debatten. Dei personar som uttalar seg har alle ein identitet som er sterkt knytt opp mot klatre- og fjellsport. Både DNT, klatreforbunder, NORTIND og høgskoleutdanning i friluftsliv, er aktørar som for den ”vanlege kvinne i gata” gjev ein lyd av status og respekt. Er

ein person sterkt bunde til ein av desse aktørane har ein og med seg preferansar og kjensler, særleg dersom ein kjenner eit eigarskap i høve ”sin aktør”. Det kan ein få både gjennom verv eller etter å ha vore med å definera innhald og visjonar for den enkelte organisasjon og/ eller utdanning. Desse preferansane gjennom å ha ofra mykje tid og krefter for ein aktør kan og spele inn på i kor stor grad den enkelte har ein underliggande forståing for fjellsport. Fjellsport kan forståas som ein del av det brede norske folkelege og uformelle friluftslivet eller som at det er alpelandas turistguideverksemd som skal vere mønster for kva som i framtida skal gjelde i Noreg..

## 4.3 Dei ulike arenaer

Med ”dei ulike arenaer” meiner eg dei stadar der aktørane sine handlingar er. Det er altså her eg finn relevant empiri for å kunne avdekke skjulte interesser.

Delkapittelet er tar fyrst for seg arrangement som omhandlar klatre- og fjellsportaktivitetar. NF vert og trekt fram som ein arena, samt område som regulerast strengare med omsyn til bruk, i dette tilfelle nasjonalparkar. Fellestrekk vil vere at ulike strategiar vert løfta fram på desse arenaer, strategiane kan vere ledd i å hevde sine interesser som ikkje alltid stemmer overens med legitimeringa av dei handlingar som vert gjort. Enkelte aktørar hevdar eller forsøker å skaffe ei form for ”suverenitet” på ein arena, men ikkje naudsynt på ein anna.

### 4.3.1 Arrangement

To arrangement med til dels ulik profil vert trekt fram som døme på arenaer. Dette er ikkje utfyllande og kunne vore gjenstand for ei heil masteroppgåve. Det er meir dømet som er viktig å få fram. Dømet gjeng på korleis eit arrangement kan nyttast til å fremje ein type kompetanse eller mentalitet framfor ein anna.

”Fjellsportfestivalen” i Sogndal, er eit fire dagars årleg arrangement med vekt på opplevingar i bratt vinterlandskap som vart gjennomført fyrste gong i februar 2008. Fokuset er toppturar på ski, isklatring og innandørs klatring. Bak arrangementet står ”*ein gjeng gutar og jenter som likar bratt moro, og som vil dele det med andre*”<sup>13</sup>. Tindevegledarar (NORTIND) vert

---

<sup>13</sup> Tatt frå (<http://www.fjellsportfestivalen.no>) Oktober 2009

profilera både på heimesida til fjellsportfestivalen og gjennom medieoppslag i bla NRK og Sogn avis<sup>14</sup>. Det vert reklamert med at berre internasjonalt godkjente tindevegledarar skal halde kurs og føre på turar. Grunngevinga for å nytte internasjonalt godkjente tindevegledarar er tryggleik for deltakarane.

”High Camp” ved Turtagrø på Sognefjellet er eit fire dagars arrangement med vekt på toppuropplevingar<sup>15</sup>. Det vart fyrste gong arrangera i 2000. High camp skriv på sine nettsider at deltakarar er hundre prosent ansvarlege for eigen tryggleik. Det er også her kurs og turar med førarar, det står på heimesida at det er eit privat guidefirma som står for førartenestene. Førarane og instruktørane er anten internasjonalt godkjente tindevegledarar eller andre vegledarar med høg kompetanse.

Det er og mange andre arrangement rundt i Noreg knytt til klatre- og fjellsport. Eg har valt desse to grunna at dei begge er store, har ein viss kontinuitet og syner to ulike tilnærmingar. Det som og gjer Fjellsportfestivalen spesiell er den tette tilknyttinga til Høgskulen i Sogn og Fjordane, men samstundes den høge profileringa av NORTIND- utdanninga.

### 4.3.2 Nasjonalparkar

Under revisjon av verneforskrift og forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i 2004, kom det inn utsegn om oppstart av arbeidet frå fleire aktørar tilknytt klatre- og fjellsport. Felles var at dei var positive til å opne for kommersiell turisme i nasjonalparken. Bedrifta Høyt og Lavt AS uttrykker ei bekymring for utviklinga med tanke på tryggleik og kvalitet på tenester generelt i nasjonalparken (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 2004).

”Alle tindevegledere (NORTIND-godkjente (NT)) bør ha høve til å arbeide fritt i heile nasjonalparken. Dei med NF-søknad kan arbeide på bestemte ruter/ turar etter søknad, der kompetanse og tryggleikstenking er dokumentert” (Høyt og Lavt AS, dok frå Fylkesmannen i

---

<sup>14</sup> Sogn avis; lokalavis i Sogn og Fjordane

<sup>15</sup> Tatt frå (<http://www.highcamp.no>) Januar 2010

Sogn og Fjordane, 2004: 2). Vidare legitimerar dei utsegnet med at "NF- godkjende som gruppe har for ujamn kvalitet" (ibid).

Høyt og Lavt AS ynskjer og eit samarbeid mellom NORTIND og nasjonalparkforvaltninga, dei vil og at samarbeidet skal innehalde eit rapporteringssystem og oppsynsteneste. Dei skriv avslutningsvis at det er viktig at NORTIND vert trekt inn i arbeidet og at NORTIND bør vere medlem av referansegruppa (ibid). Jostedalen Breførarlag har og eit innspel der både NF og NORTIND vert nemnd, men at det er viktig med kompetansekrav. NF som aktør skriv at der må vere krav til kompetanse for fjellføring og syner til sin eigen godkjenningsordning. NF skriv at det då også er naturleg å vise til NORTIND. NORTIND syner til sin internasjonale kompetanse og ynskjer utifrå det å vere ein samarbeidspartnar for forvaltninga. NORTIND skriv at dei har eit eige rapporteringsskjema som medlemmane skal nytte i arbeid/oppdrag i nasjonalparker og at dei gjerne vert med i referansegruppa.

Det er mange nasjonalparker som er underlagt strengare reglar for kommersiell verksemd, dette er ein arena som kunne kravd eit eige studium. På grunnlag av dei rammer eg har til min studie, avgrensar eg til å løfte fram dette dømet frå Jotunheimen nasjonalpark. Den siste arenaen eg vil lyfte fram er då paraplyorganisasjonen og aktøren NF.

### 4.3.3 Norsk Fjellsportforum

Norsk Fjellsportforum (NF) vart etablert i 1988 etter initiativ frå brekomiteen i DNT. Målet var betre samarbeid mellom dei ulike fjellsportmiljø i Noreg (NF 2007). I vedtektene til NF står det om formål:

*"Norsk fjellsportforum skal fremme naturvennlig og sikker ferdsel i tråd med norske friluftslivstradisjoner, og skal for dette formål utvikle en nasjonal standard for arrangører, instruktører, førere og kurs i fjellsport. Norsk Fjellsportforum er et åpent samarbeidsforum for organisasjoner engasjert i klatring, bre og tindesport"* (NF 1999).

NF har altså to hovudformål med si verksemd; 1) Nasjonal standard, 2) Auka samarbeid

#### 4.3.3.1 Dei fyrste møta

I januar 1989 vart det fyrste NF møtet avhalde. Liv Ravdal frå DNT hadde eit innlegg om tankar før fjellportmøtet;

*”selv synes jeg det var litt vanskelig å tenke seg så mange forskjellige grupper av innbitte individualister under en sammenfattende ”paraply”. Ingen av gruppene kunne tenkes å frivillig gi noen annen gruppe mandat til å trekke opp retningslinjene” (NF-arkiv, 14.01.89).*

Dette skulle og bli ei utfordring.

NORTIND er på møtet representera ved Dan Halvorsen. Han gjev uttrykk for at NORTIND sin kunnskap bør ligge til grunn for ei eventuell utdanning.

*”Dan: Vi er trendsettere! Vi bør påvirke hvordan en veilederutdanning skal være og forme krav om kompetanse og autorisasjon. Her bør det være samsvar med de internasjonale organisasjoner; på forskjellige måter kan vi være medlem av flere” (Ibid).*

Her spelar NORTIND på sitt forhold til det internasjonale fjellførarmiljøet, og at NORTIND gjennom den kontakten er dei ”leiande” i Noreg på feltet. Det vert påpeika frå Nils Engelstad som representera NTK, som ein kommentar til Halvorsen på møtet, at ein paragraf med eventuelle retningslinjer ikkje burde kome frå ein enkeltorganisasjon (Ibid). Halvorsen står likevel på NORTIND si viktige rolle: *”Dan: NORTIND arbeider med dette i forhold til fjellfriluftsliv. En formålsparagraf bør være i vår språkdrakt” (Ibid).*

Under det neste fellesmøte 3. juni 1989 vart det ein generell diskusjon om krav til fjellsporkurs. Hovudaktørane var NORTIND, Bregruppa frå DNT og Aak Fjellsportsenter som var eit senter for klatring offisielt opna i 1987. Diskusjonen famnar her utgangspunktet for NF sitt virkeområde og profil. Dei ulike aktørane presenterte sine opplegg og la fram synspunkt på kvar utgangspunktet burde liggje. Det vart diskutera innfallsvinklar til kurs, og ønsket vart å sy saman ei felles plattform. Det var einigheit om at kurs for vegledarar måtte vere gjennomsyra av kva/ kvifor/ korleis vegleiing skal skje. Eit tema som også vart brakt på banen under dette møtet var forskjellar mellom ”kommersiell”, ”profesjonell” og ”frivillig”. Nils Faarlund ytra eit ønske om å få avklart eit ansvarsforhold i høve dei tre gruppene (NF arkiv 03.06.1989).

Neste møte vart avhalde i desember same året. Det vart blant anna diskutera verdien av lokaltilknytning til fjellet. DNT såg for seg ei form for vidareføring av ”patentførarvesenet”, når det galdt bre (NF arkiv 02.12.89). Dan Halvorsen peika på at lokalkunnskap berre gjeld for eit spesielt område. *”Internasjonale fjellførere/tindevegledere innenfor IVBV-*

*organisasjonen er kvalifisert til å lede hvor som helst*” (NF arkiv 02.12.89: 1). DNT framhevar si ordning som ei tradisjonell god ordning, medan NORTIND på si side framhevar profesjonaliteten i det å ikkje vere knytt til eit bestemt geografisk område. Allereie frå oppstartsmøta er altså dei ulike aktørar i gang med ein intern maktkamp.

#### 4.3.3.2 Krefter mot sportifisering og kommersialisering

Etter desse tre fyrste møta skreiv Nils Faarlund i regi av Noregs Høgfjellsskole ein kommentar til arbeidsdokument frå møta. Han byrjar med ei historisk utgreiing for korleis friluftslivets tradisjonar hadde vakse fram i Noreg, og legg vekt på korleis 1970-talet vart prega av meir ”*aggressiv markedsføring av fritidsaktiviteter i naturen*” (NF arkiv - Faarlund ”slutten av juli” 1990: 2). Faarlund spør om det ikkje er på tide å vedkjenne seg Noregs eineståande tradisjon i friluftsliv med initiativet frå DNT Bregruppa. Han knyter sine kommentarar til omgrepet ”sport” som tidlegare var synonymt med ”livet blant tindane”, men som med: ”*kommersialiseringen av idretten og mediene jo har fått et helt annet og lite friluftslivspreget innhold*” (Ibid). Dette gjør det ifølge Faarlund både viktig, men og vanskeleg å ”vakte” friluftslivets verdier. Kommersialiseringa kjem ifølge Faarlund frå både idrett og media. Begge utgjer ein trussel mot friluftslivets verdier.

Under kapittel seks, *tiltak*, ser Faarlund på dei ulike grupperingar av foreiningar, klubbar og institusjonar. Han framhevar NORTIND som kan dekkje heile arbeidsfeltet for høgfjellets friluftsliv med sine kvalifikasjonar. ”*For amatører som arbeider for en frivillig og/ eller humanitær organisasjon blir dette arbeidsfeltet for stort og krevende*” (NF arkiv – Faarlund ”slutten av juli” 1990: 5). Han omtalar dei friviljuge som amatørar. Faarlund argumenterer vidare i arbeidsdokumentet frå 1990 for sitt syn om at dei profesjonelle bør lære opp dei friviljuge. Kyndige *vegledere* skriver Faarlund, må stå for både opptak og vurdering av medlemmar av FFFF<sup>16</sup>.

---

<sup>16</sup> Fellesforum for høgfjellets friluftsliv (FFFF): paraplyforum med to møter i året. Finner kun informasjon frå dette dokumentet frå 1990 skrevet av Nils Faarlund (NF arkiv – Faarlund ”slutten av juli” 1990).

*”Med tiden er det også aktuelt for Norge å gå inn for den vanlige praksis i alpelandene ved at alle veglederseminar gjennomføres av yrkesaktive vegledere med bred kjennskap til høgfjeller” (Ibid).*

Underforstått: NORTIND bør vere leiande og retningsgjevande.

Faarlund gjev i ein sluttcommentar eit bilete av seg sjølv og Norges Høgfjellsskole i sterk tilknytning til det *profesjonelle* gjennom tilknytninga til IVBV og IKAR (den internasjonale fjellredningskommisjonen). Han teiknar og eit bilete av 1970- og 1980-åra, med splitting av det norske tindemiljø i ein friviljug, kommersiell og profesjonell del (NF arkiv – Faarlund ”slutten av juli” 1990). Faarlund og NORTIND står for den profesjonelle og den *riktige*. Dermed er den kommersielle og den frivillige del ”på ville vegar”. Dei profesjonelle må ta ”styringa” og altså *retteleie* miljøet. Faarlund argumenterar med den breie og rike norske friluftslivstradisjonen, men konkluderar med at me bør gjere som i Alpelande med fjellføring som del av kommersiell turisme.

#### 4.3.3.3 Noregs klatreforbund

I 1992 sender Sunnmørsk klatreklubb (Skk) eit utmeldingsbrev til NF. Grunngevinga er at dei ser NF som eit prinsipielt godt tiltak, men synest det er for lav aktivitet og at lite skjer. Skk er også misfornøgd med organiseringa av klatreklubbane inn i NF fordi dei som er valde til å representere desse, ”*svarar ikkje til andre enn sin egen klubb*” (NF arkiv 20.12.92). Dette kan sjåast i samanheng med skipinga av Noregs Klatreforbund som hadde stiftelsesmøte same året og som dermed vart ein ny paraplyorganisasjon for klatreklubbane.

I 1993 er NKF på banen. Truls Korseth i NKF sender eit notat til NF etter eit møte om samarbeidet mellom NF, NORTIND, NTK, DNT og NKF (NF arkiv 20.10.93). Korseth meiner at diskuterte tema som sikkerheit, utdanning, etikk og miljø samt internasjonalt arbeid, er viktige tema også for NKF. På det nemnte møtet vart det reist spørsmål om NKF kunne inngå og ta del i NF sitt arbeid/ organisasjon (Ibid). Til det skriv Korseth at han personleg har nokre reservasjonar. ”*Disse reservasjonene går på NKF sin formelle rolle gjennom NIF og som den organisasjon som representerer klatreklubbene*” (Ibid). Han meiner eit eventuelt samarbeidsforum bør vere avgrensa med omsyn til omfang og deltaking. Han gjev og uttrykk for liten tru på at NF gjeng inn og sertifiserar instruktørar. Det kjem altså veldig tydeleg fram av dette skrivet korleis NKF set sine interesser som ein del av idretten fyrst. Det NKF strekker seg til i følgje Korseth, er eit organ for betre samarbeid organisasjonane imellom. NIF vil



derimot vere det viktige overordna organ for NKF slik Korseth her framstiller situasjonen. Dermed vert det ikkje fremma noko vidare samarbeid mellom NF og NKF.

Konflikten med NKF var ikkje enkel og særskilt NTK og NORTIND var særdeles skeptiske til NKF og deira tilknytning til NIF. Fyrst etter ein større reorganisering i 1999 vart NKF medlem av NF. NKF utgjorde då 1/3 del av stemmene i styret (Dahl, 2009).

#### 4.3.3.4Kompetansekrav

14. april 1994 låg NF sin nasjonale standard klar og ein viktig del av arbeidet til NF var gjennomført. Nasjonal standard er ein kursstige med definerte krav og retningslinjer for instruktørar og formell godkjenning av kurs og kurshaldarar. Det tok altså over fem år frå fyrste møtet vart avhalde til aktørane vart samde om ein standard for opplæring. Nasjonal standard gjennomgjekk ein omfattande revisjon i 2004 som vart evaluera året etter. Fleire gonger etterpå har det og vore gjennomført mindre endringar og tilføringar fram til den standarden som i dag er i bruk. Etter 1994 vart det ein rolegare periode i NF, men det er likevel tydeleg at ein kamp for aktørane sine eigne interesser stadig vert halde i hevd. På årsmøtet for NF i 1996 vart det vedtatt etter framlegg frå Nils Faarlund, at alle med IVBV godkjenning får ”automatisk” godkjenning som fjellkursleiarar (NF arkiv 18.03.96 –sak 5). Dette fremjar posisjonen til NORTIND som dei ”profesjonelle” og dermed utdanninga til NORTIND som mykje betre og ferdig kvalitetssikra. Dette var sjølv sagt og eit viktig punkt for Nils Faarlund.

Året etter byrjar ein del motførestillingar til NF sitt virke å å kome fram, noko som vert tydeleggjort gjennom arkivmaterialet som har vore tilgjengeleg. Det vert referert til telefonstyremøte 21.4.97 der det vart diskutert omkring NFs strategi dei tre neste år under sak3:

*”Mange medlemmer opplever i dag NF SOM ET KONTROLLORGAN MER ENN ET FORUM. Det stilles spørsmål om hvorfor vi trenger NF, hensikten med NF og om NF nå har blitt for byråkratisk” (NF arkiv 21.4.97: 1).*

Vidare vert det og påpeika at ”forholdet til NKF må avklares” og at ”Eventuelle problemstillinger i forhold til IVBV må avklares” (Ibid).

NKF var endå ikkje ein del av Norsk Fjellsportforum og det syner seg fleire teikn på at NORTIND spelar inn som pådrivar mot NKF sine potensielle medlemskap. I juni same år vert det avhalde nytt styremøte der nettopp dette vert påpeika under sak 3 som gjaldt organiseringa

av ”fjellsport-Noreg”.

*”Nortind’s rolle og betydning for løsning av situasjonen mellom NKF og NF ble diskutert. Styret var noe uenige i hvor aktiv rolle Nortind burde spille i NF. Det kan synes som om Nortinds engasjement i NF for tiden hindrer NKF fra å søke medlemskap”* (NF arkiv 11.06.97: 1).

Utover hausten fortsetter misnøya med NF og i oktober melder Leif Magnussen at han trekker seg frå styret. Han har to grunngevingar for dette, der den fyrste gjeng på det prinsipielle ved at man godkjenner folk til eit nivå ein sjølv ikkje innehar *”for eksempel breinstruktører som godkjenner folk til fjellkursledernivå”* (NF arkiv 09.10.97: 1). Bekymringa gjeng altså på kvalitet og truverd til NF. Den andre grunngevinga gjeng på at han ikkje kan *”se at selve arbeidet har resultert i målbare positive resultat som færre ulykker innen fjellsporten”* (Ibid).

14 dagar seinare kjem det og eit krast brev til styret med tankar omkring NFs framtid frå styreleiar Per Ivar Vestues frå Hamar. Vestues stiller spørsmål om NF er blitt som forventa ved oppstarten, og om kursen for framtida bør justerast. Han påpeikar at NF har vore kostbart og at fordelingsnøkkelen utgjør skeivhetar mellom ulike aktørar. *”Medlemsorganisasjonene har bidratt med sitt, og DNT har stått i en særstilling da de har holdt hus, og bemannet sekretariatet”* (NF arkiv 26.10.97: 1). Når det gjeld Nasjonal Standard peikar han på at det var ein del motsetningar allereie frå starten. *”... som kanskje demonstrerte at det var flere motiver for en standard en den rent sikkerhetsmessige”* (Ibid). Han peikar på detaljstyringa og at den dermed er tung å handtere. *”Vi må være klar over at en standard lett kan brukes konkurranseregulerende”* (NF arkiv 26.10.97: 2). Vestues fortsetter:

*”Diskusjoner som har gått på avveining mellom bre og klatring, nivå av egenferdigheter, behov for hvilke krav ledere på forskjellige type arrangementer skal oppfylle etc, er symptomer som går på ønske om å regulere til egen fordel”* (Ibid).

Denne kritikken tolkar eg til å vere retta mot NORTIND som tidlegare har arbeidd for omfattande detaljregulering i høve kursplanar og metodesett for Norsk Standard. Vestues nyttar og ordbruken profesjonell og friviljug om deira interessekonfliktar. *”I andre diskusjoner ser vi klart interessekonflikten mellom de profesjonelle og de ideelle organisasjonene, en konflikt det ville være urimelig å tro at vi kunne ha unngått”* (Ibid).

Vestues trekker og fram diskusjonen om overgangar mellom IVBV godkjenning og

nasjonal standard som eit godt døme. ”En rekke ideelle organisasjoner trodde lenge at en slik overgang/ parallellitet ville være mulig” (Ibid).

Vestues ynskjer og ei revidering av standarden der detaljnivået må bort. Den nye standarden må ifølge Vestues vere rettleiande og berre fokusere på tryggleik, og ved ein slik revisjon må dei ideelle organisasjonane spele ei sentral rolle (NF arkiv 26.10.97). Vestues tar vidare opp ein av grunnideane til NF, samarbeidsorganet. ”Etter hva som er sagt om standarden over, er det god grunn til å spørre om nasjonal standard virkelig har vært felles interesse” (NF arkiv 26.10.97:3). Vestues avsluttar med å konkludere at NF bør vere eit forum og ikkje eit kontrollorgan. Klarar ikkje NF å løyse oppgåva med interessante tema til t.d. årlege treff og unngå kontrollorganrolla så meiner Vestues at ”fjellsport-Noreg” finn lettast saman utanfor NFs bidrag (NF arkiv 26.10.97).

Ein måned seinare sender NORTIND ved sekretær Anders Bahr brev til NF og spesifiserar at opptakskrava på kurs bør spesifiserast betre enn i dag (NF arkiv 25.11.97). NORTIND gjeng altså motsett veg av det Vestues skissera i sine vurderingar omkring NF. NORTIND peikar og på at kursordningar i NF med under seks dagars varigheit bør kuttast, at kvar enkelt kursarrangør må forklare sine metodar og metodenormer for NF og at det bør vere eit høgare nivå for arrangørar av spesielle typar kurs. ”Alle arrangører bør ikke kunne arrangere disse kursene” (NF arkiv 25.11.97: 1).

Utifrå dei opplysningar som er kome fram etter gjennomgang av NFs arkivmateriale er det tydeleg at det har vore mykje diskusjonar rundt NF-standarden. Dei ulike aktørar i NF har hatt ulike interesser. NORTIND har gjennom heile prosessen ytra ynskje om detaljar og minstekrav for standarden og aktuelle brukarar. Legitimeringa har vore tryggleik og forhold til natur. DNT på sin side har ynskt ein enklare og lausare form for standard med fokus på minstekrava for tryggleik. I 1993 då NKF vart etablert vart det og tydeleg korleis NORTIND ynskte å legge vekt på andre verdiar enn dei idrettslege, og det vart ein veldig synleg konflikt mellom NKF og NORTIND når det galdt verdispørsmål.

Det er og viktig for meg å nemne her at kapittelet om NF sin historie på ingen måte er utfyllande, sidan dette heller ikkje er ei historisk utgreiande oppgåve. Eg ser ikkje noko poeng i å fylgje alle kontroversar som har vore i NF, men har vald å dra ut enkelte tema eg synes har vore viktige å ta med til analysedelen seinare i oppgåva.

## 4.4 Oppsummering

Debatten ”profesjonskamp til fjells” har trådd tydeleg fram frå hausten 2008 og utover mot sommaren 2009. Den har versert i det offentlege rom gjennom ulike nettfora og gjennom innlegg i blad som UTE og Norsk Klatring. Debatten har borte preg av både saklege argument og av meir ”tabloide” utspel mot personar. Bidragsytarar har vore aktørar med ulik sosialisering til friluftsliv og klatre- og fjellsportfeltet i Noreg. Dei har og ulike preferansar for kva som er god nok eller ”riktig” utdanning etter sjølv å ha vore aktivt med og/ eller har utdanning frå dei respektive aktørar.

Den debatt som har versera i blad og nettforum har vore grunngeven med ulike legitimeringar som nemnt ovanfor under *oppsummering av konfliktlinjene*. Men dei ulike aktørar har og bidrege til debatt og konflikhtar, gjennom strategiar som kan vere målretta for å nå sine interesser. NF har altså vore gjenstand for ein slik kamp om interessehevdning. Det har gjeve seg utslag i mykje diskusjon og mange meiningar, inne i det som utanfrå kan sjå ut som eit lite og samla miljø med fokus på klatre- og fjellsport. Dei andre strategiområda eg har løfta fram er ulike arrangement, der ein knyter seg sterkt opp mot ein aktør for så å profilere dette og dermed lukke andre aktørar ute. Det er også løfta fram eit døme frå offentleg sakshandsaming der aktørar uttalar seg på ein måte som fremjar dei sjølve som aktørar.

Me kan allereie no antyde visse alliansar mellom dei friviljuge organisasjonane som Den Norske Turistforening og Norges Klatreforbund. Høgskulane på sin side støttar og opp rundt den friviljuge delen. På den andre sida finn me NORTIND som aktør, samt mange av dei kommersielle aktørane.

## 4.5 Intervju

### 4.5.1 Nils Faarlund

Faarlund startar intervjuet med lange historiske utgreiingar av kompetanse, utdanning og aktørar innanfor norsk klatre- og fjellsport. Vidare er han oppteken av skiljet mellom høgskulen og NORTIND. Dette omtalar Faarlund med sterke ord (han brukar ordet ”vi” når han refererar til NORTIND)

*”Vi driver ikke utdanning til tindevegledere, vi driver kvalifisering fordi det har med kvalitet å gjøre. Utdanning det er knyttet til pensum og eksamener i form av å svare på definerte oppgaver”.*

Faarlund set her tydeleg ei grense mellom det praktiske og profesjonsretta i NORTIND som ein motsetnad til det akademiske ved friluftslivsutdanning ved høgskule. Ein terskel for å drive med læring og høg fjellsføring bør baserast på erfaringa av å ferdast i natur og ferdigheitene som hører til, seier Faarlund.

*”Så det er vanskelig for meg å se at det akademiske byråkratiet har noen forutsetninger for å representere den erfaringen. Så det er jo rimelig når det gjelder fjellet å forholde seg til den internasjonale sammenslutningen, ja nå er det vel 25 land som da har en tradisjon som går tilbake til 1965”.*

Faarlund syner her at han har sterke preferansar for NORTIND og legitimerar NORTINDs kvalitetar gjennom medlemsskapet i IFMGA, eit medlemsskap han sjølv har lagt ned mykje tid og krefter for å få til.

Faarlund såg NF som positivt i oppstarten sidan det samla både DNT, NTK, Kolsås klatreklubb og NORTIND. Faarlund omtalar derimot NKF sitt medlemsskap som negativt, då dei ville samle alt som hadde med bre og klatring under seg. Faarlund meiner derimot NORTIND skal ha mykje av æra for NF sitt arbeide og dei verdiar som er framsett. Samarbeidet fungera utover 90-talet basera på 25-30 organisasjonar som hadde konsensus eller som var omforent som Faarlund seier det.

*”Men så plutselig, og det må ha vært i 2000, så greide Den Norske Turistforening og omstøpe denne her konsensusen og det skjedde ved at de lagde en avtale med NKF som på det tidspunktet hadde fått veldig mange klubber”.*

Faarlund meiner at dette øydela den demokratiske styringa av NF og omtalar dette som eit ”kupp”. Faarlund seier at sidan NORTIND vart ”kasta ut” av styret og at ”andre kursarrangørar” no fekk dei to nye plassane, så hadde i praksis NKF og DNT all makt. Bakgrunn for dette kan ifølge Faarlund vere knytt til konkurranse om ein marknad der NKF og DNT vil tilby det som er etterspurt, som til dømes sportsklatring. ”Så vi ser at vi får en mer og mer byråkratisk, sertifiseringsutvikling i NF som nå mer og mer forsvinner fra fjellet og ned under skoggrensen og får preg av sportsklatring”.

På spørsmål om Fjellsportfestivalen og NORTIND si sterke rolle der, legg Faarlund vekt på at den verken er ein statsinstitusjon, eller eit profesjonelt føretak. Fjellsportfestivalen er meir eit dugnadsarbeid seier han. Han seier også at man er til fjells på eit tidspunkt av året som er farlig og at man har med folk å gjere

*”som er ganske ville og gale til dels”. (...) ”Så jeg vil si at dette er en særdeles krevende oppgave, så med den i tilfelle NF sertifiseringen du får på høyskolen så er du jo langt fra kvalifisert til å kjøre i skredfarlig lende”.*

Faarlund fortel vidare at ein bør nytte personar med NORTIND-utdanning til dette arrangementet, på grunn av tryggleikssyn. Jeg tviler på at de som leier førertjenester er fornøyd med at: ”Nei vi skal holde oss langt borte fra alt som er skredfarlig her”.

Faarlund viser til Alpene og korleis IFMGA der arbeider, bl.a. med at dei frivillige organisasjonar som ”Die Deutsche Alpen Verein” som er tilsvarande DNT i Noreg, nyttar tindevegledarar til å ”kvalifisere” sine medlemmar som skal drive kurs i eiga foreining. Faarlund fortel at dette kunne vere ein mogleg modell for Noreg, der dei ”profesjonelle kvalifiserar amatørane”. Faarlund seier og at det ikkje er fare for at det vert veldig mange NORTIND-vegledere, fordi det kostar ein rundt 150.000,- i tapt arbeidsforteneste og bortimot 15 veker med kurs, samstundes med at det er ei krevjande kvalifisering.

*”Man kan jo nesten sammenligne med ballettdanser vil jeg tro eller en pianist, fiolinist som skal gjøre doktorarbeide eller ta masterarbeid.”*

#### 4.5.2”Arne”

”Arne” er høgskulelærer i friluftsliv. Har jobba i mange år med praktisk friluftsliv og særskilt knytt til klatre- og fjellsport. Han er også tilknytt Fjellsportfestivalen. ”Arne” er opptatt av profesjonskampen i forhold til studentane, og kva forventningar studentar har når dei byrjar

på eit treårig friluftslivsstudium. Han meiner at mange studentar på førehand har forventningar om at dei kan arbeide ”kvar som helst” etter desse tre åra. Hovudmandatet til høgskulane bør vere å utdanne friluftslivsveglede som er eigna i pedagogisk samanheng meiner ”Arne”.

”Arne” synest det var bra at Horgen tok opp ”profesjonskamp” debatten. Det som han meiner er feil er at mange diskuterer dei høge toppane, dette er ein marginal del av jobben friluftslivsveglede gjer seier han. ”Arne” synest klart at med det omfanget NORTIND-utdanning utgjer, så er det hensiktsmessig at dei har som målsetting å arbeide i høg fjellet.

På spørsmål om korleis lovverket i dag fungerer knytt til friluftsliv og klatre- og fjellsport, ser ”Arne” for seg at det kan komme fleire krav. Han nemner døme på skuleklasser som er på tur i naturen med krav om å ha med seg ein lærar som er friluftslivsutdanna, dette vil vere positivt for friluftslivsstudentane seier han.

På spørsmål om Fjellsportfestivalen og tilhøve til friluftslivstudentane ved HiSF meiner ”Arne” at dette ikkje har vore noko tema eller debatt. Han seier sjølv at han sit med ”to hattar” når det gjeld Fjellsportfestivalen, men at dette ikkje er problematisk. Når det gjeld lokale verksemdar som ikkje har NORTIND-utdanna folk, men har skredkurs og god skredkunnskap, er heller det ein meir sentral debatt i høve Fjellsportfestivalen. ”Arne” seier at dei som driv Fjellsportfestivalen ikkje har greie på fjell, og at dei ville ha dei som var mest eigna som kunne hjelpe seg sjølv og hadde eigne ansvarsforsikringar.

”Arne” seier Fjellsportfestivalen har prøva å få til eit samarbeid med DNT om å ha turar, men at det ikkje stilte opp folk til instruktørar. Høgskulen har hatt moglegheita, men ikkje kome med noko konstruktivt innspel. Når det gjeld eiga rolle seier ”Arne” at han har vald å representere NORTIND og at han tar ferie frå HiSF i denne perioden.

”Arne” er kritisk til at NF-standarden nyttar for liten tid på fjellsportutdanning. Han viser til skredkurset som det verste tilfellet, dette ser han berre som eit nybegynnar- eller introduksjonskurs.

### 4.5.3 ”Even”

Even er engasjert i NKF og har arbeidd med klatre- og fjellsport over fleire år. Even seier at han har merka profesjonskampen godt og er glad for at Horgen tok opp desse problemstillingane. Han seier at etter press frå NKF så opna festivalen ”Romsdalsvinter” for

at andre førarar enn NORTIND kunne jobbe under arrangementet. Han seier at han ikkje likar utviklinga ved at NORTIND tar monopol på føring og kursing under enkelte arrangement. Når det gjeld Fjellsportfestivalen i Sogndal synest han haldninga til dei som arrangerar er merkeleg

*”Både på grunn av friluftslivsutdanninga ved høgskolen og HiSF sin store involvering som sponsor, men også på bakgrunn av lokale aktører som tilbyr føringstenester uten å få lov til å føre under arrangementet bare pga av manglende NORTIND-kvalifisering”.*

Even meiner utdanning i friluftsliv ved ein høgskule saman med fjellsportkurs, vil gjere ein særdeles godt kvalifisera til å arbeide med klatre- og fjellsportaktivitetar. Han vektlegg også då den breidde ein får gjennom å studere friluftsliv ved ein høgskule. Even rettar ei undring over tilsettingstrendar ved høgskular, der td NORTIND utdanning er på plass, men ikkje master eller hovudoppgåve i faget.

#### 4.5.4”Bjarne”

”Bjarne”, erfaren høgskulelærer i friluftsliv ved HiT. ”Bjarne” snakkar mykje om korleis løpet er lagt opp for sine studentar. Han legg vekt på prinsippet om ”tur etter evne” som ein viktig del av opplæringa. Studentane som er ferdige vil vere på ulikt ”vegledarnivå” utifrå kunnskap og innsats som vert vist. Dette meiner ”Bjarne” at studentane er bevisst på etter endt utdanning. Høgskulen nyttar NF sin nasjonale standard og kan sertifisere etter den. ”Bjarne” synest mykje fungerer bra når det gjeld klatre- og fjellsport opplæring i Noreg i dag. Det han er skeptisk til er å dra med uerfarne folk til vanskeleg tilgjengelege toppar – og at det er denne virksomheten som skal vere retningsgjevande for kompetanse innan fjellsport.. *”For vi er sånn at våre studenter får opplæring til å vurdere seg sjølv og gruppa opp mot det terrenget de velger”.* ”Bjarne” ynskjer ikkje at studentane skal få opplæring i å ”dra med kven som helst” opp på dei vanskelege toppane. Han meiner at dei kundane heller burde fenge anbefaling om å dra til eit anna område, som er enklare.

*”Og det er kanskje en greie NORTIND burde ta litt for seg da, at er det egentlig noe poeng å dra med seg hvem som helst opp på ”Storen” eller ”hjørnet” eller hva som helst som nesten aldri har vært ute før?”*

Når det gjeld forholdet mellom dei ulike aktørane så meiner ”Bjarne” at det er behov for alle. Han er generelt mot at ein organisasjon skal ha rettigheter på vegleing og føring i høg fjellet. Han karakteriserar også Noreg som eit land som ikkje så lett kan samanliknast med andre



land. Han legg då vekt på høgskulesystemet, DNT som har drevet med opplæring i mange år, NF, NKF, Tindeklubben og NORTIND. ”Vi har mange organisasjoner som har vært med, og jeg tror det er behov for alle organisasjonene og det er synd at det blir sånn kniving”. Når det gjeld folkehøgskular så meiner og ”Bjarne” at det blir fokusert ein del feil, med omsyn til kvar nivået på undervisninga skal liggje. Han nemner døme frå skred der han meiner det er viktig å forholde seg til dei som er skredespertisen, som han seier i Noreg er NGI.

*”De anbefaler ikke å kjøre over 30 grader på vinterlagdelt snø, de har utregningsmodeller for utløpsområde og en klar anbefaling som vi forholder oss til, og det tror jeg da at også folkehøgskoler i sin undervisningsbit bør forholde seg til”.*

Han synes det er ein uting med det fokuset som ein del folkehøgskular har, som bl.a. lokkar elevar med kursnamn som Friluftsliv, bratt og glatt, ekstrem ol.

Når det gjeld ”Fjellsportfestivalen” så meiner ”Bjarne” at nokre av aktivitetane ikkje nødvendigvis trenger tindevegledarar til instruktør eller førar. Han synest og det er merkeleg oppførsel av HiSF som støttar opp om eit arrangementet som utelukkar andre enn dei med NORTIND-utdanning.

#### 4.5.5 ”Geir”

Geir er opptatt av at studentane hans har høve til å få prøve ulike greiner av friluftslivet, og få ein peikepinn på kva som kan vere aktuelt å arbeide meir med. Geir meiner høgskulestudiet gjev ein god basis for dette.

På spørsmål om Fjellsportfestivalen og kva Geir tenkjer omkring den strenge bruken og profileringa av Tindevegledarar, svarar han at dette ikkje er nødvendig for å leie toppturar i Sogndalsdalen. Geir fortel om fyrste året Fjellsportfestivalen vart arrangert så fekk han spørsmål frå ein tindevegledar som skulle jobbe på festivalen om han ikkje kunne vere med og vise nokre fine turar i ”Dalen”. Geir var med på dette, men seier at han tenkte fylgjande:

*”Her har eg tråla disse fjella i flere år og jobba så intenst med skredvurdering og spesielt på lokalt plan. Så grunnen til det tror eg er at da har de liksom papirene i orden på at de er kvalifisert, altså de er internasjonalt godkjent tindevegledere. Men for å ha turer her lokalt i dalen så behøver du ikke være en internasjonal godkjent tindevegleder, men du bør ha masse egenerfaring og kursing, og du bør vite hva du snakker om viss du skal ta med deg folk ut på lagdelt vintersnø”.*

Geir seier at han trur grunnen til at dei profilerte dette med Tindevegledar-utdanninga så sterkt er for tryggleiken si skuld. Han legg likevel til at;

*”Det samme hadde jo vært å bruke lokale folk som kan henvise til at dette er tema en har jobba med i så mange år, og jeg har jo vært på tur med så mange tindevegledere at jeg vet jeg har i hvert fall like god kompetanse som de, om ikke bedre”.*

På spørsmål rundt utdanninga dei har som bla inneheld alpin skiferdsel og mykje skredkunnskap (som langt overgår NF skredkurs ifølgje Geir) og forholdet til Fjellsportfestivalen seier Geir at det aldri har vore noko ynskje frå studentar å vere førarar under festivalen. Han grunngjev dette med:

*”Det måtte ha blitt 3.året, men likevel de føler seg jo heller ikke kompetente, for de som er aktuelle har jo da valt alpin skiferdsel som starter opp i januar. Så jeg tror de ønsker mer erfaring før de ønsker å ta med seg folk, rett og slet”.*

Vidare gjeng intervjuet på kven som kan få drive med kva. Geir meiner her at høgskulen gjev ein basis, men for å arbeide med klatre- og fjellsport må ein ta kurs gjennom NF eller ta NORTIND. Geir meiner at NORTIND absolutt ikkje bør vere eit krav for å ta med folk på toppturar, men at NF sine utdanningar er gode nok i Noreg og at det gjerne kunne ligge eit krav om dette ut frå NF sin nasjonale standard.

## 5 Teori

### 5.1 Kva er ein profesjon?

Kva er ein profesjon kva er ein profesjonskamp? I daglegta len forbind ein gjerne profesjon med yrke, og for mange er kanskje legeyrket det mest opplagte profesjonsyrke me har. Før eg gjeng vidare inn på å definere profesjon, ynskjer eg å gje ein kort oversikt over profesjonshistorie i Noreg, deretter eit innblikk i profesjonsforskingas historie.

#### 5.1.1 Profesjonshistorie

Rune Slagstad gje eit godt bilete av tre fasar i utviklinga av det norske system, som også har danna framveksten av tre bylgjer med profesjonsvekst (Slagstad 2008). Den fyrste ”bylgja” besto av embetsmannsstatens profesjonar. ”Med «formell utdanning» vektla en teori, vitenskaplig teori, nedfelt i systematiske lærebøker, i en faglig dogmatikk” (Slagstad 2008: 57). Dei tre idealtypiske modellprofesjonane var juristar, legar, og prestar. Slagstad har tidfesta denne perioden frå 1814- 1884 (Slagstad 2007: 4).

Den neste ”bylgja” besto av det Slagstad karakteriserar som venstrestatens modellprofesjonar. Desse var agronomar, veterinærar, ingeniørar, arkitektar, tannlegar og siviløkonomar, alle fekk oppretta kunnskapsinstitusjonar i perioden 1897 – 1936 (ibid). For fleire av desse profesjonane gjaldt det ifylgje Slagstad at deira plassering i det akademiske systemet var usikker, studietida kortare enn i dei idealtypiske profesjonane og at studiets struktur var styrt av relasjonen til praksisfeltet. Det karakteristiske var ei vitenskapleggjering av tradisjonelle handverksyrke, Slagstad drar fram tannlegeyrket som eit godt døme (Slagstad 2008: 57).

Den tredje ”bylgja” med profesjonar vart forma i perioden etter krigen og fram til 1980-talet, i perioden som Slagstad omtalar som arbeidspartistaten. Han skil mellom styringsvitenskapen med sosialøkonomane som leiande på sitt område og på opposisjonsvitenskapen med basis i sosiologi. Profesjonane vaks hovudsakleg fram frå 1960-talet og har fenge omtala ”velferdsstatens profesjonar”.<sup>17</sup> Ein av grunnane som får profesjonsbylgja til å slå opp i denne

---

<sup>17</sup> Velferdsyrke og dernest velferdsprofesjonar er eit kjent omgrep bla frå fleire av forfatarane i boka ”profesjonsstudier” av Molander og Terum, 2008. Omgrepet spring ut av sosiologiens «velferdsstat» som er eit

perioden er Ottosen-komiteen. Den vart oppnemnt av regjeringa i 1965 for å få ei heilskapleg vurdering av det som den gong heitte postgymnasial utdanning (Kyvik 2002). Eit forslag om nye kortvarige og yrkesretta utdanningar, organisera som distriktshøgskular, vart eit resultat. Allereie i 1969 vart dei tre fyrste distriktshøgskulane bygd (ibid).

*”Fra 1960 til 1980 økte antall sysselsatte innen det som er kalt ”velferdsstatens profesjoner” (sosionomer, psykologer, spesialpedagoger, etc.) frå 63 000 til 280 000, med en fortsatt akselererende vekst av stat og profesjoner i gjensidig forsterkning”* (Slagstad 2007: 4).

Desse ”bylgjene” med framvekst av til dels ulike profesjonar, syner at profesjon er strukturelt tilknytt sin tid. I 1994 kom høgskulereforma. Denne hadde ein bakgrunn i at det på slutten av 80-talet vart ei forandring i den statlege tenkinga omkring utdanningsinstitusjonanes rolle (Kyvik 2002). Produsentar av forskings- og utdanningstenester for ein marknad, vart viktigare. Samstundes opplevde ein då ei sterk auke av studentar og tilsette ved universitet og høgskular som belasta statsbudsjettet med store midlar (Kyvik 2002: 47). 7.mai 1993 vart det dermed vedteke at 98 regionale høgskular skulle omorganiseras til 26 nye institusjonar (Kyvik 2002: 50).

Dette synleggjer at det har vore store omveltingar i utdanningshistoria i Noreg. Kyvik meiner at vi her ser resultatet av et samspill mellom tre grunnleggande drivkrefter:

*”Samfunnsmessige endringer, statlig politikk og faglig/ institusjonell egendynamikk i form av institusjonell og akademisk drift”* (Kyvik 2002: 57).

Som ein avsluttande kommentar til profesjonshistoria finn eg det og relevant å nemne den *makt* som fylgjer opprettinga av ulike profesjonar gjennom historia. Velferdsstatens profesjonar måtte jo ta over mykje av det helsearbeid som tidlegare var lagt til familiære omsorgspersonar. Etter kvart som kvinnene kom meir inn på arbeidsarenane vil stadig fleire kjenne behov av tenester frå det profesjonelle hjelpeapparat. Slik vert og samfunnet avhengig av ein voksande ekspertise og profesjonanes makt aukar.

---

statssystem der ein stor del av offentlege ressursar vert nytta for å sikre borgarane ein viss standard (Sosiologisk leksikon, 1997).

Når det gjaldt klatre- og fjellsport som aktivitet så sortera det under fritid, altså som eit overskotsfenomen. På lik måte som samfunnet vart avhengig av ein ekspertise under framveksten av dei ulike profesjonar, kan ein no sjå ei argumentering for eit behov for ekspertise knytt til klatre- og fjellsport. Dette vert grunna i tryggleik. Profesjonskampen til fjells dreier seg om kven som har denne ekspertisen til å avgjere som sikrar tryggleik. ekspertisen.

## 5.1.2 Profesjonsforskning

Profesjonsforskningas historie starta med å sjå på korleis yrke vart profesjonar, for så å avdekke korleis yrka fekk *profesjonskjenneteikn*. Ein taksonomi<sup>18</sup> vart utvikle for å avdekkja slike klare kjennetegn, men det skulle vise seg å vere vanskeleg å komme til tydelege kriterium på kva som skilte profesjonar frå andre yrke (Fauske 2008). Frå 1950-talet byrja ein å sjå på profesjonane som aktørar og dermed å studera profesjonanes eigne innsatsar på å etablere seg sjølv som profesjon (Ibid).

Vidare har profesjonsforskninga utvikla seg til å sjå profesjon som eit uttrykk for makt, som eit middel til å *kontrollere* yrket framfor å *vere* sjølv yrket (Ibid). Dette perspektivet såg også etter klarekjenneteikn på denne søken etter makt, og eit slikt viktig teikn var sjølv *profesjonsorganisasjonen*. Organisasjonen syter for marknadskontroll og sikrar sosial mobilitet for profesjonsprosjekta: det gjaldt å heve profesjonens status (Ibid). Sjølv om man også i denne forskinga søkte etter klare kjenneteikn, skilte denne forskinga seg meir frå tidlegare taksonomiar ved at den tok omsyn til dei historiske tilhøva ved profesjonsprosjekta. Her byrja det altså å komme inn eit strukturperspektiv.

På slutten av 1980-åra vart den kritiske profesjonsforskninga avløyst av ei meir open tilnærming til studiet av profesjonar (ibid). Profesjonens maktperspektiv vart til ein viss grad oppretthalde, men det vart og lagt vekt på at profesjonane ikkje nødvendigvis vart kontrollera av konsumentar, institusjonar eller administrativt personell. Profesjonsutøvarane måtte sjølv

---

<sup>18</sup> Taksonomi er anvendelsen og læren om klassifisering. Nyttast for å klassifisere kjenneteikn og eigenskapar ved yrke (Fauske 2008: 34).

stå som garantistar for sitt arbeid og det vart dermed viktig med eit normativt innhald i yrkessosialiseringa til profesjonsyrka (Ibid).

I mi oppgåve ser eg fyrst og fremst ikkje etter taksonomiar utifrå dei typiske profesjonar. Eg har heller ingen streng definisjon av ”profesjon” å halde meg til. Det eg treng er ikkje ein generell forståing av prsesjonaliseringsprosessen, men et grunnlag for å forstå og fortolka min empiri. Typiske kjenneteikn ved ein profesjon blir sjølvstekt vektlagt, og mykje av dei kjenneteikna er henta frå Ulf Torgersen sine profesjonsstudiar.

Han reknar som ein føresetnad for profesjonalisering, at det må det skje ei endring i relasjonane mellom *utdanning*, *motivasjon* og *yrkesmonopol* (Torgersen 1972). Med andre ord skjer det endringar i yrkessosialiseringa. Grunnlaget for dette kan vere, som i Sverige, at lovverket avgrensar kven som skal få til å drive med kommersiell verksemd på bre og ”fallriskmiljø”, og da utifrå at en har ein spesifikk utdanning. Dette vil sjølvstekt påverke kva utdanning som blir viktig og gje SBO ein monopolsituasjon som utdannar. I denne oppgåva har eg som føresetnad at ei endring naudsynt må vere knytt til krav om formell kompetanse som vilkår for å utføre eit yrke.

Torgersen har fenge kritikk på ein av dei føresetnader han meiner anga for kva som kjenneteiknar en profesjon, nemleg ”langvarig formell utdanning på akademisk nivå”. Slagstad kritiserte då Torgersen for ikkje å ha tatt omsyn til at mange profesjonsutdanningar skjer ved vitskapelege høgskular, som Noregs Landbrukshøgskule (1897), Noregs Tekniske Høgskule (1910) med fleire, som faktisk har ein viktig praktisk del. Disse hadde, og har, ei usikker status innan academia, og dei hadde kortare studietid og en studiestruktur nært knytt til praksisfeltet (Slagstad, artikkel i Morgenbladet 23.02.07: 3).

På tross av denne kritikken av Torgersens profesjonssosiologi, føler eg likevel at mykje av hans arbeid kan nyttast for å analysere ”profesjonskamp til fjells”. Skulle eg ta på alvor oppfatninga at det bare utdanning frå etablerte vitskapelege institusjonar gjer grunnlag for å etablere ein profesjon, ville dette samstundes utelukke at til dømes NORTIND er ein aktør innan ein profesjonskamp.

Samstundes er det andre profesjonsteoretikarar som kan bidra til ei forståing. Andrew Abbott er ein av desse. Han har studert profesjonars utvikling i historisk kontekst. Hans forståing fangar opp langt fleire typar yrke enn dei som tidlegare har vore behandla i litteraturen (Abbott 1988). Også Abbott er særdeles skeptisk til å definere omgrepet profesjonar, men gjer

sjølv ein "laus" definisjon i boka "the system of professions": "*Professions are exclusive occupational groups applying somewhat abstract knowledge to particular cases*" (Abbott 1988: 8).

Essensen i Abbott sin definisjon vil altså vere det han omtalar som den til "dels abstrakte kunnskapen som vert kontrollert av ei gruppe yrkesutøvarar. Dette kan i klatre- og fjellsport vere knytt til bruk av utstyr, teknikkar eller vurderingsevner.

Sjølv om eg innleiingsvis har forsøkt å forklare kva profesjon er, har eg ikkje gjeve noko eintydig definisjon. Men eg har vist til Ulf Torgersen og Andrew Abbott. Torgersens oppfatning om at profesjonalisering dreier seg om relasjonsendringar mellom samfunn, politikk og faglig eigendynamikk faller, etter min meining, saman med særdeles generelle definisjonen til Abbott. Når me då i tillegg retter blikket mot relasjonane mellom *utdanning, motivasjon og yrkesmonopol*, er det mykje som kan analyserast og drøftast i høve problemstillinga. For å komme nærare problematikken rundt relasjonsendringar vil eg fyrst sjå på utdanning til yrke.

### 5.1.3 Yrkessosialisering

Ulf Torgersen har satt opp eit skjema som syner "*vegen frå kunnskapsbasis til yrkesatferd*" (Torgersen 1994: 27). Her syner Torgersen at det er tre vegar fram til etablering av ein utdanning. Den fyrste er at eit forskingsfelt utviklar seg til ein disiplin, for deretter å få ein høg grad av "indre systematikk". Ein anna veg mot danninga av eit fag er at den erfaring som er gjort av praktikarar blir systematisert og formidla innanfor rammene av ein organisasjon. Det treng ikkje føreligge eit særskilt teoretisk grunnlag. Den tredje vegen kjem frå dei tilfelle der kunnskapen etter kvart blir nedfelt i "*temmelig kontante og teorifrie regler*" som seier noko om kva handgrep ein bør nytte.

Dette er alle tre ulike vegar mot danninga av eit fag eller ei utdanning. Ofte vil det ifylgje Torgersen vere ei blanding av desse vegane som fører til resultatet. Utdanninga vil igjen ha ei form for *vurdering* som deretter koplast til ein yrkesposisjon.

Smeby (2008) har diskutert om denne vurderinga i profesjonsutdanningar er å sjå på som ei sertifisering eller ei kvalifisering. Eii kvalifisering har gjort eleven eller studenten kompetent til å utføre sine arbeidsmessige oppgåver. Ei sertifisering er meir ein inngangsbillett til ein posisjon i yrkeslivet, men deretter må ein lære meir før ein er fult ut kvalifisera. Smeby viser og til at dette tidlegare har vore diskutera i profesjonsforskninga<sup>19</sup>. Temaet sertifisering eller kvalifisering vert lagt vekt på min analyse av profesjonskamp til fjellsoppgåva.

Torgersen (1994) har diskutert bruken av forskning i profesjonar. Forsking er ikkje ein avgjerande faktor i høve profesjon, seier han. Torgersen refererer til høge yrkesutdanningar som verken vil eller bør innehalde forskingskomponentar i undervisninga. Han omtalar desse som ”professional training”. Han nemner her døme som medisin, jus og odontologi. Disse faga er har riktig nok eit vitskapelig, forskingsmessig basert grunnlag, men profesjonsutøveren treng ikkje sjølv å vera utøvande forskar. Når det derimot gjeld fag med formidlings- eller lærarfunksjon utgjør forskingskomponentane ein større del av undervisninga. Høgskulestudia i friluftsliv er eit døme på dette. Desse sorterar(i varierende grad) til lærarutdanning og har forskingsbaserte oppgåver som del av pensum. NORTIND vil på den andre sida legg vekt på den praktiske og konkrete kunnskap. Ein kan altså skilje mellom høgskulens akademiske tilnærming, mot NORTIND si praktiske tilnærming, men det gjeng neppe å gjere dette skiljet absolutt. Høgskolens utdanningar må ha sterke praktiske innslag, og NORTIND manglar ikkje forankring i teoriar om kva slags profesjonalitet yrket krev.

Når det gjeld samansetninga av (del)fag i ei utdanning har Torgersen det syn at mange fag kan kombinerast og at det også vert gjort, men at ikkje alle desse faga nødvendigvis har ein sterk samanheng med yrket. Han grunngjev dette med at mange fag er valt ut frå deira evne til å bidra til eit resultat (Torgersen 1994). Resultatet er derimot ikkje avhengig av at desse faga liknar på kvarandre eller på noko måte kan nyttast saman med kvarandre. Det viktige ifylgje Torgersen er at praktikaren kan komme til å få nytte for alle. Dette høyrer også saman med at mange profesjonsutdanningar siktar mot å kvalifisere til å utøve yrket innan mange ulike praksisfelt.

---

<sup>19</sup> (Collins 1990, Weiss 1995) Smeby 2008.



Eit døme er friluftslivsutdanning. Her vert det undervist i vinterfriluftsliv, skredlære, vegval osv. Samstundes har utdanninga teoretiske fag om friluftslivets historiske og samfunnsmessige mening. Desse faga er på ingen måte direkte avhengige av kvarandre. Det vil seie at dei kan lærast kvar for seg og gje god kunnskap, men det er alle viktige tema for ein friluftsrettleiar. Det er alle tema ein bør kjenne til. Dette grunngjev Torgersen med at ein bør ha ”smaka” på dei ulike fag. Slik kan ein vite om det er eit vanskeleg emne som ein bør spørje ”ordentlige” fagfolk om, dersom man skulle komme borti slikt. Dette er viktig fordi fagfolk ofte kjem inn på område som ligg utanfor deira opphavleg tenkte fagområde.

*”For nesten alle utdanningsgrupper og yrker som er organisert rundt en grei kjerne av kunnskap og aktiviteter hvor denne kunnskapen ses som en viktig forutsetning, vil det likevel rundt disse aktivitetene være en betydelig gråsoner, hvor de utdannede rådspørres om eller treffer avgjørelser som går godt utover det de er utdannet for, og som i enkelte tilfeller kan gå ut over det lovlige også”* (Torgersen 1994: 32).

Innafor klatre- og fjellsport vil dette vere relevant, fordi aktivitetsmønsteret i den norske fjellheimen er mangfaldig og dynamisk. Ein del av skikøyringa vert stadig brattare, basehopping, kiting osv. kan vere aktivitetar som kjem inn under gråsona for eit arbeidsområde knytt til klatre- og fjellsport. Skibestigning er ein konkurransegrein som er relativt fersk, men er allereie sortert inn under NKF som idrettsgrein. Sjølv om dette er ein skikonkurransar den likevel sortert inn under klatreforbundet og ein kan trygt seie at dette ligg i gråsona for NKF sitt arbeidsområde.

Som friluftsrettleiar kan ein støyte på alle desse aktivitetane som greiner av norsk friluftsliv, sjølv om ein som friluftsrettleiar kanskje synest desse aktivitetane ligg i gråsona for si eiga arbeidsrolle.

Når det gjeld å avgjera om den rette utdanning føreligg for ei gitt stilling eller for å drive ei bestemt verksemd eller ein aktivitet, kan dette bli gjort på ulike måtar. Det kan til dømes vere nedfelt i lovteksten kva skular som gjev den enkelte godkjenning. Dette vil ifylgje Torgersen (1994) vere relativt enkelt å forhalde seg til. Lovteksten kan og være såpass klar og grei i avgrensinga av skuletypa, at det ikkje byr på problem. Men i ein del tilfelle meiner Torgersen at dette ikkje er tilstrekkeleg. Han nemner døme frå legeyrket, der departementet tildeler lisens for at den enkelte lege skal kunne utøve i yrket. ”*Poenget er at eksamen ikke direkte kvalifiserer, det må et ekstra papir til utover eksamensvitnemålet*” (Torgersen 1994: 38). Eit anna døme eg ynskjer å lyfte fram er pilotyrket. Her føreligg det krav om kontinuitet i

utføringa av yrket. Dette sikrar kvalifisering utover den gitte utdanning til yrket. Som nemnt i empirien, er det fleire i debatten som påpeikar at denne kontinuiteten kanskje er viktigare enn kvar ein har si grunnleggjande utdanning/opplæring frå.

Men det er ikkje berre profesjonane sjølve som er viktige i ein profesjonskamp. Kva med staten si rolle? Smeby har skrevet at den norske stat har ei viktig rolle i utviklinga av profesjonsutdanningar.

*”Det er staten som fastlegger utdanningens innhold, direkte eller indirekte, det er staten som etablerer koblingene og deres nærmeste praktisering, og det er staten som fastlegger formene for sertifisering og lisens” (Torgersen 1994: 39).*

Han meiner det er verdt å merke seg at profesjonsorganisasjonane til dels har vore motstandarar til institusjonalisering av profesjonsutdanningane ved universitet/høgskular. Dei har derimot vore opptekne av å halde ein kontroll over utdanningane eller supplere dei med praksisbasert opplæring (ibid). Slik vil også profesjonsorganisasjonane oppretthalde ein viss kontroll over utviklinga til utdanninga. Det er derfor viktig for aktørane å ”nå” det offentlege med sine ynskje og få aksept for sine argument.

Etter at NOKUT<sup>20</sup> i 2003 vart etablert som eit uavhengig kvalitetssikringsorgan, for å sikre og fremje kvalitet i høgare utdanning og fagskuleutdanning, har statens kontroll vorte enda sterkare. NOKUT definerar kva utdanningsinstitusjonar som sjølve kan opprette nye studium og kven som må søkje. Universiteta har fenge full ”fridom” til sjølv å opprette nye utdanningar på alle nivå. Når det gjeld høgskular har enkelte fenge akkreditering til å opprette nye studium på lågare nivå utan å søkje NOKUT om dette.

NOKUT som eit statleg organ har altså beskytta orda *høgskule, universitet, profesjonsutdanning, fagutdanning* osv. Ein kan ikkje nytte dei som namn på studiar med mindre dei fell inn under NOKUTs kontroll. Som Torgersen skriv, så er dette eit døme på korleis staten har autoritet i utforminga av utdanningar. Profesjonsorganisasjonen vil på den

---

<sup>20</sup> NOKUT – nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga ([www.nokut.no](http://www.nokut.no)).

måten få mindre makt og staten gjennom NOKUT meir makt når det gjeld utforming av utdanning.

### 5.1.4 Yrkesmonopol

Dei fleste har vel spelt brettspillet Monopol, eller Millionær som det seinare heitte. Her var det om å gjere å skjøtte sine egne interesser best mogleg for til slutt å hamne i ein monopolsituasjon eller å bli millionær. Vart ein monopolist så hadde ein kontroll over gater i spelet og ein hadde også kontroll over dei andre spelarane. Kanskje nokre av motspelarane hadde gjenge konkurs undervegs, fordi dette spelet handlar ikkje berre om å kontrollere egne handlingar. Det handlar og om å kontrollere andres handlingar for å fremje egne interesser.

Molander og Terum (2008) knyter omgrepet *yrkesmonopol* opp til ei yrkesgruppes kontroll over egne arbeidsoppgåver. Dette gjeld både eksternt over tilgangen til arbeidsoppgåvene og dels internt over utføringa av dei. (Molander og Terum 2008: 18).

*”I denne forstand er en profesjon en markedsregulerende organisering av et yrke: ved å kontrollere adgangen til arbeidsoppgavene kontrollerer den også tilbudet av tjenester”.* (ibid).

Det handlar altså ikkje bare om å etablere ein intern kontroll av egne medlemmars kompetanse, men også om ein ekstern kontroll av kven som skal få arbeide og med kva. Samstundes gjer eit yrkesmonopol kontroll over tilbudet av tenester. Eit yrkesmonopol gjer det mogleg å definere ein del av det ”bratte” friluftsliv som ein eksklusiv einerett for ei bestemt gruppe.

Når det gjeld den interne kontrollen over arbeidsoppgåver, betyr dette at profesjonen har autonomi i utføringa av arbeidsoppgåvene. Standardane er ikkje sett av ein ekstern instans, men av profesjonane sjølv på eige forvaltningsgrunnlag (ibid).

Andrew Abbot snakkar om eit yrkes *jurisdiksjon* (Abbot 1988). Dette omgrepet seier ifylgje Abbot noko om kontrollen over kunnskap og nyttiggjeringa av denne kunnskap. Dette vil innebære retten til å dømme i ei sak. Den kan til dømes vere aktuelt i kjølvatnet av ulykker, der nokon må gange inn og granske ulykka og dømme kva som er gjort riktig og galt. Jurisdiksjon har altså fellestrekk med monopolomgrepet og autonomien som vart omtala over. Men ifylgje Abbott kan eit krav om jurisdiksjon frå ein aktør framsetjast på fleire arenaer. Innan bratt friluftsliv kan ein til dømes arbeide i høve til NOKUT, til

naturforvaltningsapparatet, til turismens organ og myndigheter, til konsumentenes interesseorgan, til politimyndighet og til organ for samfunnstryggleik (DSB). Kor stor jurisdiksjonen er og kor mykje den inneber, vil også avhenge av den legitimitet aktøren har i samfunnet. Denne vert oppretthalde på ulike arenaer. Lovverket inkluderar gjerne ein sterkare jurisdiksjon enn den offentlege merksemd framsett gjennom media (Abbott 1988: 59). Men media kan nyttast i den forstand at dei er med og bygger opp eit bilete av profesjonane og deira jurisdiksjon. Dette vil altså vere særskilt aktuelt i ei fase der det arbeidast med å utvikle ein profesjon, altså i profesjonskampen.

*“By revealing to the public some of its professional terminology and insights, a profession attracts public sympathy to its own definition of tasks and its own approach to solving them” (Abbott 1988: 60).*

### 5.1.5 Yrkesmotivasjon

Når eg nyttar omgrepet *yrkesmotivasjon* kan dette relaterast til fleire nivå. På individnivå er motivasjon viktig i høve å velje utdanning og yrke, men det kan og knytast til sjølve yrkesutføringa. Ein tenker gjerne då på faktorar som lønn, variasjon og sosiale tilhøve på arbeidsplassen. Ulf Torgersen knyter særskilt omgrepet til kva eit individ ynskjer å arbeide med etter enda utdanning. Det er også det eg fokuserar på i denne oppgåva. *”Vi snakker gjerne om profesjonalisering hvis yrkesmotivasjonen snevres inn og konsentreres på færre og færre yrkesmuligheter eller yrkestyper” (Torgersen 1972: 15).*

Men det er ikkje naudsynt at profesjonsutøvarar snevrar inn sine yrkesmoglegheiter. Tvert imot kan ein sjå auke av profesjonsutøvarar i mange ulike sektorar. Dette kan ha samanheng med forandring av motivasjonsfaktorar for den nemnte yrkesgruppe. Ei ”prøving” av ulike yrkesroller for utdanna med ei bestemt type utdanning kan vere naturleg før ein finn det ”rette” profesjonsfelt. Denne ekspanderinga kan og relaterast til interessehevding på eit felt. Det kan vere viktig å synleggjere utdanninga sin kompetanse i andre yrkesroller enn det som fyrst er naturleg å tenke. Å fylle mange ulike yrkesroller med ei bestemt utdanning, vil også vere ei form for forankring og akseptering av utdanninga. Dette kan også bidra til auka definisjonsmakt og kontroll over eit felt. Som nemnt i neste avsnitt er også Torgersen open for denne tankegangen.

Raymond Murphy vidareutviklar Webers teori om sosial *lukking*. Sosial lukking handlar om å ekskludere individ eller grupper frå å nå eit mål eller frå rettferdige vilkår. Kriteria som ligg

til grunn kan vere utdanning, medlemskap i ei foreining eller andre sosiodemografiske tilhøve (Scott and Marshall, 2009). ”*Today the majority in almost all professions are salaried employees in organizations*” (Murphy 1990: 72). Murphy meiner at med dette mistar profesjonsutøvarane mykje av autonomien. Dei må rette seg etter kontroll ovanfrå gjennom byråkratiske system, men dei er like fullt profesjonsutøvarar (ibid). Heller ikkje Torgersen er altså bastant i sin påstand om at profesjonalisering dreier seg om innsnevring av yrkesmoglegheiter. Han nemner juristar som eit døme på ei profesjonsgruppe som søker ulike yrkesformer. ”*Det er jo et særmerke for den juridiske utdannelsen at den søkes av en lang rekke personer med en noe diffus motivasjon*” (Torgersen 1972: 16).

Desse motsetnadar i yrkesmotivasjon syner svært tydeleg at det er viktig å utvikle ei forståing av profesjonaliseringsprosessane som er nært knytt til empirien. Det er ikkje riktig å knytte strenge fastlagte definisjonar til profesjonalisering. Derimot vil det vera viktig å ha auga opne for endringsprosessane. Endringar i mønsteret når det gjeld yrkesmotivasjon, vil derfor vere gjenstand for analysen nedanfor.

## 5.2 Kva er aktørperspektivet?

Utifrå empirien vil eg analysere *aktørane*, nemleg dei som set i verk eller inngår i sosiale handlingar i det norske klatre- og fjellsportmiljø. Som handlande aktørar møter me i hovudsak kollektive samanslutningar. Aktørane har både interesser, strategiar og legitimering av sine strategiar.

Høgskulane i Sogn og Fjordane og i Telemark, NORTIND, DNT, NKF, NF og kommersielle aktørar er alle kollektive aktørar tilknytt miljøet for klatre- og fjellsport i Noreg. Samstundes kunne eg ikkje nytta omgrepet aktørar om ikkje desse var bygd opp av individ. Ein organisasjon utan aktørar på individnivå er ingen aktør. Eg nyttar altså omgrepet aktør for å dekke så vel individ som organisasjonar og institusjonar.

Me kan meir presist også nytte omgrepet *målretta aktørar*. Eg ynskjer å støtte meg til Gudmund Hernes (1975) som skriv at aktørane for det fyrste har mål eller hensikter dei ynskjer å verkeleggjere, eller at dei har ynskje om å fremme eller hemme andres handlingar som dei sjølv vert påverka av (Hernes 1975). Ein målretta aktør vil for det andre velje dei midlar (strategiar) som best tener til å oppnå målet, eller som er gode nok. Det er for det tredje viktig for målretta aktørar å skaffe seg kunnskap om kva middel som er best egna for å få fram ynskja hendingar. Slik vil det alltid vere ei avveging om gevinst og tap, og den målretta

aktør vil altså vere relativt rasjonell i sin tankegang. Resultat er viktig. ”Derfor er det viktig at forutsetningen om målrettet adferd innebærer en antakelse om resultatkontrollert handling” (Hernes 1975: 24). Dette syner til at ulike målretta aktørar kan ha fleire ulike intensjonar som kan kome i konflikt med kvarandre.

Hernes har og nytta omgrepet *rasjonelle aktørar* som eg ikkje nyttar meg av i denne oppgåva. Dette formulerast strengare og føreset at aktørane kan rangere alle sine målsettingar. Dette vil vere meir høveleg for økonomisk teori og blir sett bort frå i oppgåva mi.

## 5.2.1 Interessentane

Det er mange som har interesser i høve til relasjonane mellom utdanning og yrke. Ifylgje Torgersen (1994) er det i hovudsak åtte interessentar på ulike nivå. Eg presenterar her dei åtte ulike interessentane og tar etterpå for meg dei interessentar eg ser som mest relevante i høve problemstillinga. Desse ulike interesseberarar representerar aktørane som er involvera i debatten profesjonskamp til fjells.

Den fyrste kategorien interessentar er personane som søker utdanning. Desse kan som Torgersen påpeikar utgjere ei betydeleg kraft i eit moderne samfunn. Personane kan ha særdeles ulike interesser og motivasjon, men eit viktig poeng vil vere å få ei utdanning. ”Det som er velkjent er at en er opptatt av utdanning som sikrer posisjoner” (Torgersen 1994: 44). Dersom ein kan velje mellom to utdanningar i klatre- og fjellsport, vil ein gjerne føretrekke den utdanning som gjev mest tilbake i form av arbeidsmoglegheiter. Har ein fleire alternativ her, kan ein og påstande at utdanninga til ein viss grad er marknadsstyrt.

Utdanningsinstitusjonen marknadsfører gjerne utdanninga som kvalifiserande til ulike roller og yrkesfunksjonar. Men, som det kom fram under intervju med ein høgskuletilsett, så kan dette vere litt forvirrande. Er det ei misvisning mellom kva høgskulane (HiT, HiSF) førespeglar potensielle studentar at dei kan arbeide med, og kva jobbar dei eigentleg får etter enda studium?

Som ein andre kategori interessentar kjem dei som allereie er under utdanning. Desse skal snart ut i arbeid og vil vere opptekne av korleis reglar og normer for denne overgangen skal vere. Dei har sjølv sagt også ynskjer for korleis reglane i arbeidsmarknaden skal vere. Dei som er under utdanning søker gjerne ei form for stadfesting på at dei har vald den utdanning som kan sikre dei posisjonar som dei var på utkikk etter då dei søkte utdanninga. Eller det som dei vart førespeglar av utdanningsinstitusjonen på førehand. Ein måte å kome med stadfestingar

på, kan vere å dele ut sertifiseringsbevis som inneber godkjenning innanfor andre eksisterande godkjenningsordningar. Til dømes kan ein høgskulestudent få vitnemål som seier at det kurs han har gjennomført på høgskulen tilsvarar eit visst nivå av NF sin nasjonale standard, eller Padleforbundet sin ”våttkortstige” .

Dei som allereie er utdanna vil vere den tredje kategorien interessentar i høve utdanningskrav. ”*De befinner seg alt på arbeidsmarkedet, og det som potensielt gjelder for studenter, gjelder allerede for dem*” (Torgersen 1994: 42). Både dei utdanna og dei under utdanning har store interesser i at det er eit nært høve mellom deira utdanning og den arbeidsrolla dei ynskjer å fylle. Dette fremjar deira posisjon, og slik sett vil det også vere viktig for dei utdanna å støtte si eiga utdanning. Har ein til dømes investera tid, krefter og pengar for å bli utdanna fjellkursleiar innan NF sin nasjonale standard så vil ein gjerne at den standarden skal vere gjeldande.

Ein fjerde interessent vil vere utdanningsinstitusjonane. Deira posisjon, stønadar, og prestisje vil ifylgje Torgersen avhenge av kor store yrkesgrupper som består av tidlegare utdanna frå den respektive utdanningsinstitusjon. Normalt vil desse vere opptekne av vekst, men dei vil og vere interessera i kva slag elevar dei får. ”*Det er ikke likegyldig hvilke samfunnslag, kjønn, intelligenssjikt eller landsdeler man rekrutterer fra*” (ibid). Men Torgersen påpeikar også at koplinga mellom utdanningsinstitusjonen og yrkets utøvarar kan ha avgrensa nytte av kvarandre. Dette omtalar han då som eit ”fornuftsekteskap”. Yrkets utøvar kan i dagleglivets praksis ha til dels andre krav og dynamikkar enn det som utdanningsinstitusjonen ser på som viktige krav. Det er mellom anna difor profesjonsorganisasjonar ofte ynskjer nær tilknytning til studia for å kunne påverke deira innhald. Utdanningsinstitusjonane som *aktørar* er særdeles viktige i denne oppgåva.

Den femte kategorien er dei yrkesaktive. Dei yrkesaktive er personar som utøvar yrket, desse er ikkje naudsynt utdanna etter dagens krav. Dei kan ha tatt arbeid før nåverande arbeidskrav vart fastsett. Desse vil normalt ha interesser i lovreguleringar knytt til utføringa av yrke. I klatre- og fjellsport-Noreg kan dette gjelde personar utan formell godkjenning, men som tar på seg oppgåver som føring og å halde kurs, fordi dei etter erfaring og uformell læring kjenner seg kvalifisera til slike oppgåver. Dette vil av og til vere personar som dei med ei eller anna form for formell godkjenning gjerne åtvarar mot, fordi ein ikkje ”veit” kva dei ikkje kan.

Ein sjettemte kategori er arbeidsgjevarane. Ifylgje Torgersen kan desse ha klart avvikande utdanningskrav frå det arbeidstakarane ynskjer å stille. Det vil sjølvsagt variere frå dei ulike

tilfelle om det er ynskje med høgare eller lågare kvalifikasjonskrav. Her er det empirien og ikkje teorien som må gje svar (ibid). For arbeidsgjevarar i klatre- og fjellsport vil det vere viktig å vite at arbeidstakarane er til å stole på. Dei vil normalt då vere interessera i ei eller anna form for kvalitetskontroll. Nokre er opptekne av høge krav, medan andre som til dømes DNT er opptekne av tilgjengelegheit og lågare eller meir spesifikke krav. Det vil til dømes verte fleir tilgjengelege klatreinstruktørar om ein kan lage fleire nivå på utdanningane.

Den sjuande kategorien gjeng på dei som nyttar seg av tilbodet, kundane<sup>21</sup>. Kundane er også ein interessent med eigne grunnar for å krevje mykje eller lite utdanning til bestemte yrke. Høgare krav kan grunnjevast med tryggleik eller service. Lågare krav kan også vere ynskjeleg. Det kan vere situasjonar der kundar meiner at noko utdanning er betre enn ingen. Engstelege foreldre som sender barn på folkehøgskule der dei lokkar med ”ekstreme opplevingar”, som til dømes klatring og tinderangling, har interesse av at dei ansvarlege har kunnskap som gjer dei i stand til å ta trygge val og fylgje normen om tur etter evne. Tryggleik er nok for foreldra langt viktigare enn opplevinga. Elevane er på si side kunden som søker det som er reklamert for, nemleg dei ekstreme opplevingar, eller tur etter lyst. Slik sett kan ein seie at kundane har eit todela syn på kompetansen.

Som ein siste kategori nemner Torgersen profesjons-, yrkes- eller fagforeiningane. Det er ikkje gjeve at foreininganes synspunkt er identiske med personane dei representerar. Det kan til dømes skyldast representasjonssystemet eller at foreiningas leiande har meiningar om spørsmål som ikkje har streifa medlemmane. Løn og arbeidsvilkår vil ofte vere hovudtema for deira interesser. Foreiningane består gjerne av yrkesaktive med ein felles utdanningsbakgrunn, i denne oppgåva står NORTIND fram som ein slik aktør.

Dette er dei åtte kategoriane interessentar Torgersen tar føre seg rundt koplinga mellom utdanning og yrke. Kategoriane kan nyttast i analysen av empirien for å sjå etter om det er teikn på profesjonskamp eller om dette berre er eit omgrep som nyttast i debatten utan rot i verkelegheita. Eg skal nedanfor ta for meg dei ulike interessentanes haldningar.

---

<sup>21</sup> Torgersen nyttar her omgrepet *klientar.*, I høve denne oppgåva vil det vere meir treffande å nytte omgrepet kunde.



## 5.2.2 Interesseanalyse

For å kunne komme nærare eit svar på problemstillinga i oppgåva, må det i tillegg til å sjå på interessentane, analyserast kva interessene faktisk er og kvifor desse oppstår. Ein grunnleggande observasjon i høve interesseanalyse vil ifylgje Hernes vere at desto større interesse ei hending eller ein sak har i høve til dei andre, desto meir vil ein setje inn på å oppnå det som er ønska. Samtidig kan ein då seie at desto meir intenst det ønskemålet er, desto meir makt har dei andre (Hernes 1975). Har dei andre mykje kontroll over eit utfall, kan ein og sei at desto meir vil ein avhenge av dei for å få realisera eigne interesser. Desse punkta heng nært til kvarandre og vert nytta i analyse av makt- og interessetilhøve mellom dei ulike aktørar.

Som analyseverktøy noterar eg meg fem spørsmål som er viktige for å gje gode svar på problemstillinga. Spørsmåla er henta frå Johannes Brinkmanns ”diskusjonsnotat om interessebegrepet” (1979): 1) Kven er interessera? 2) Kva består interessene i? 3) Kvifor består interessene? 4) Korleis manifesterar interessene seg? 5) Er tilhøvet mellom subjektive og objektive interesser, kort- og langsiktige, etablera og ikkje- etablera, egoistiske og solidariske, komplementære og konfligerande<sup>22</sup> interesser problematisk og evt. kvifor?

Vidare ynskjer eg å gje lesaren eit innblikk i tankar rundt kva aktørane har med seg av bagasje. Dette vil også vere med å forklare interessene og kvifor desse består.

### 5.2.2.1 Preferansar

Mange interesser en aktør har, er ikke bare et spørsmål om hvilken posisjon han har, men også om hvor han kommer fra og hvor han tenker seg hen i samfunnet” (Hernes 1975: 36). Dette omtalar Hernes som preferansar og kan seiast å vere personlege faktorar som påverkar handling. Dette vil prege ein person gjennom dei institusjonar ein er opplært av, miljøets påverknad. Det kan prege enkeltindividet som aktør, både før utdanning, under utdanning, etter utdanning og i ei yrkesrolle. Preferansane kan og på den måten seiast å vere dynamiske ved at dei undervegs kan forandre retning. Kjem ein til dømes frå ein familie som ”i alle år”

---

<sup>22</sup> Konfligerande interesser – ein kollisjon mellom ulike interesser.

har nytta seg av DNT sine tilbod, er det sannsynleg at denne personen også har eit godt forhold til DNT. Oppstår det konflikstar på feltet vil det vere naturleg å sympatisere med den aktør ein har preferansar ovafor. ”Kontrollen over utforminga av preferansar og verdier er derfor et sentralt spørsmål i samfunnet” (ibid). Preferanse er altså knytt til det einkilde individ, men som tidlegare nemnt så er ein kollektiv aktør avhengig av enkeltindivid for å eksistere.

Difor vil også dei kategoriane av interessantar som er kollektive vere påverka av preferansar, i større eller mindre grad. Viss me tenkjer oss ein folkehøgskule med fjellspport i fokus, der fire av fem tilsette har bakgrunn i klatre- og fjellspport frå NF og bachelor i friluftsliv frå høgskule. Då er det naturleg at miljøet har felles preferansar for høgskuleutdanning i friluftsliv og NF-kurs. Denne folkehøgskulen (som uttalar seg på vegne av dei tilsette) vil antakeleg ikkje seie at det er naudsynt med NORTIND utdanning for å arbeide med fjellspport. På same måte kan ein tenkje seg eit scenario på same folkehøgskulen der fire av fem tilsette har NORTIND-utdanning. Her vil nok gjerne folkehøgskulen uttale at NORTIND er den naturlege utdanningsveg å gange. Preferansar i høve det eit individ tidlegare har vore gjennom av til dømes utdanning, vil altså vere viktig å ha med seg inn i ei analyse av empirien.

### 5.2.2.2 Identitet

Kvifor ta med eit tema om identitet under interesseanalyse? Identitet er eit stort tema og vil ikkje bli utforska utførleg i denne oppgåva, men ein liten bolk om identitet er svært vanskeleg å komme utanom. Det er to ting som gjer identitetsspørsmål viktig. Det eine er at identitet og kjensle av å tilhøyre noko er nært knytt opp mot det å ha preferansar for ein aktør. Det andre er at identitet gjerne er med å forklare den høge temperaturen på debatten og dei krasse innlegg som kjem undervegs frå ulike personar.

Status og identitet vert ofte knytt til det *ein har* og det *ein gjer*. Eit døme er den status det kan gje å bere eit bevis på at ein har gjennomført ei handling. Har ein gjennomført ei høgskuleutdanning i friluftsliv, seier ein gjerne at eg *har* ein bachelor eller master i friluftsliv. Dersom man arbeider i høgskulesystemet så *er* man ein lektor, amanuensis eller professor i friluftsliv. Dette er yrkestittelen og ein yrkestittel er forbundet med ulike grader av status og dermed identitet. Preferansar og identitet er altså viktige tema i oppgåva.

### 5.2.2.3 Bytte

Ifylgje Hernes kan også dette *å bytte* vere maktutøving. Det handlar om ein strategi for å

realisere sine interesser.

*”For når en aktør ikke kan realisere sine interesser direkte ved at han selv kontrollerer utfallet av en hendelse, vil han bare kunne realisere dem ved andres hjelp – enten denne hjelpen kommer frivillig eller motvillig, enten de andre har samme eller motstridende interesser”.* (Hernes 1975: 40).

For igjen å dra ein parallell til brettspillet Monopol, handlar det om å vere taktisk. Dersom ein spelar kan forhandle om gater er det mogleg å gje frå seg ei gate med relativt stor verdi, i bytte mot ei gate som har relativt liten verdi. Dersom du då har to gater frå før av den du får er du nærare å realisere dine interesser. Du er nærare monopol ved å kunne byggje hus i denne gata. Dette fører til større risiko for andre spelarar, men det kunne ikkje blitt realisera utan at motspelaren hadde vore med på bytteforholdet. På same måte byter motspelaren til seg ei ”dyr” gate. Ulempa er at det kostar i form av meir risiko for å hamne på ein av gatene han bytte bort som snart kan vere fylt med hus. I fjellsport kan dette til dømes vere at ein aktør får lov til å ta hand om utdanning til alle dei ”profesjonelle”, så får dykk ta hand om opplæringa av alle ”amatørane”.

#### 5.2.2.4 Interesser

Brinkmann (1972) har problematisera omgrepet *objektive interesser*. Han påstår at dette kan både vere eit uttrykk for formynderi, at ein ”høgare instans” meiner seg å kunne seie kva som ”eigentleg” er dei underliggjande interessene, eller eit ”finare” ord for subjektive interesser. Særskilt meiner han dette kan vere problematisk dersom ein ikkje held seg til empirien.

Ei løysing kan vere å halde seg til Hernes’ analyse av ulike slag objektive interesser (Brinkmann 1972). Hernes skil i si interesseanalyse mellom tre typar objektive interesser.

Den fyrste typa kallar me behov, han knyter desse opp mot Maslows behovspyramide. Sjølv om primærbehov og interesser er noko naturbestemt og ikkje samfunnsbestemt, vil dei kunne formidlast på ulike måtar (ibid). Det kan i eit samfunn vere behovet for mat og den direkte tilknytninga til å dyrke og hauste eigen mat som er den objektive interessa, medan det i eit anna samfunn kan vere lønn for arbeid, for deretter å kunne kjøpe mat av andre. Då vil ein avhenge av andre sine varer og tenester.

Den andre typen av objektive interesser er knytt til dei som gjer seg gjeldande på ein marknad. Her viser Hernes både til Marx og Weber, og definerar objektive interesser som

*rasjonell åtfærd i ei bestemt rolle.* Dette gjer at ein kan identifisere grupper med objektivt sett felles interesser, som kjem ut av at dei er i same situasjon. Arbeidsgjevar vil ha motstridande interesse når det gjeld lønn til arbeidstakar i høve det arbeidstakarane vil ha. Hernes refererar også til Ralph Dahrendorfs term *moglege (latente) interessegrupper*. Det er ikkje alltid at medlemmane av ei interessegruppe er seg bevisst sine felles interesser og organiserar seg kollektivt. ”*At gruppen ikke bare i seg selv har et felles mål, men også blir en gruppe for seg selv ved å oppfatte interessefellesskapet og handle på dette grunnlag*” (Hernes 1975: 35).

Dette er også viktige poeng å ta med. Det kan gjerast gjennom til dømes å sjå etter samanfallande interesser mellom aktørar og individ. For betre å sjå gruppers interesser nyttar eg kjenneteikna frå Torgersen på dei ulike interessentane.<sup>23</sup> Til dømes kan ein utdanningsaktør som høgskulen ha interesse i å nytte eksterne sertifiseringsordningar som NF sin nasjonale standard. Dei som søker utdanning kan i lik måte sjå fordelene ved å få ei sertifisering i NF, dersom dei likevel skal gjennom dei same tema i den utdanninga som er søkt.

Den tredje typen av objektive interesser vert utgjort av dei plikter som knyter seg til ein bestemt posisjon.

*”Når vi kjenner de plikter som knytter seg til en posisjon og dens belønningsstruktur, kan vi si hvordan det er rasjonelt for innehaveren å opptre, og dermed hvilke objektive interesser som ligger til posisjonen”* (ibid).

Hernes understrekar at desse plikter både kan vere motstridande og uklart definera, at innslaget av personleg skjønn varierar mellom ulike posisjonar, og at ein aktør kan inneha fleire posisjonar der åtferdskrava står i konflikt med kvarandre. Er dette tilfelle kan det vere eit problem å seie kva aktørens objektive interesser er, sett under eit (Hernes 1975: 36). Dette såg me klare døme på i empirien, der enkelte individ fylte fleire roller hjå ulike aktørar og dermed kan seiast å ”sitte med fleire hattar”.

---

<sup>23</sup> Kap 4.2.1 Interessentane

Desse tre typane for objektive interesser, kan altså ikkje sjåast som individaktørane sine subjektive interesser. Det er derimot aktørane som er berarar av desse interesser, og dei er *strukturelle*, fordi dei nettopp er uavhengige av kva individ som fyller rolla til den enkelte aktør. Difor kan me også sei at det er desse strukturar som gjer både mål og mening til den enkelte aktør, strategiar og grunngevingar for rasjonell åtferd.

## 5.3 Kva er strukturperspektivet?

Strukturperspektivet kan forklare kvifor profesjonskampen oppstår no. Struktur er altså noko som forklarar dei samanhengar som handlingar tek form innafor. Her har eg tydd til teoriar som kan seie noko om utvikling, i mitt høve utvikling i klatre- og fjellsport, men også i norsk friluftsliv generelt og tendensar utanfor Noreg knytt til klatre- og fjellsport.

I strukturperspektivet ser eg på friluftslivets omforming frå det uorganisera, til det formelle og organisera. Dette har eg valt å sjå i samheng med samverkande krefter mellom det offentlege, det frivillige og marknaden. Desse tre ulike felta er særdeles viktige å sjå på i høve oppgåva mi som har med aktørar frå alle dei tre områda. Strukturperspektivet og aktørperspektivet avhenger av kvarandre og må sjåast i ljøs av kvarandre. Det er aktørar og deira legitimeringar, strategiar og interesser som gjer at det oppstår strukturar. Sidan oppgåva også er oppteken av interesser, vil strukturar vere avgjerande for enkelte aktørars val av strategiar eller legitimeringar.

### 5.3.1 Gemeinschaft og Gesellschaft

Omgrepa ovanfor gjeld to ulike typar for samfunn – eller snarare to aspekt av det me til dagleg kallar samfunnet. Dei to tyske orda kan begge oversetjast med *fellesskap*, men meininga er ulik, og som oftast vert dei oversatt med *samfunn* og *selskap* (Østerberg 1997: 18). Desse omgrepa nyttar sosiologen Ferdinand Tönnies, i den klassiske boka *Gemeinschaft und Gesellschaft*. På mange måtar kan omgrepa nyttas til å skilje mellom det tradisjonelle samfunnet og det som ein innanfor sosiologien omtalar som det moderne samfunnet. Me kan skilje mellom samfunnet som uformelle, personlige og allsidige relasjonar mellom samfunnets medlemmar – *Gemeinschaft* -, og samfunnet som formelle pliktar, som styrings- og statussystem – og som et stadig voksende samfunnsapparat, *Gesellschaft*. Eitkvart samfunn har i seg elementa av så vel *gemeinschaft* som *gesellschaft*, men den utviklinga vi kallar modernitet inneberer at *gemeinschaft*- relasjonane minkar i høve til et stadig

voksande gesellschaft. Dette betyr, mellom anna, at sosiale funksjonar som tidlegare høyrte heime i det uformelle samfunnet nå er blitt formalisert og knytt til yrkesfunksjonar i samfunnsapparatet.

Omgrepa handlar også om eit skilje mellom to ulike handlingstypar. Desse er ved norsk oversett med *vesensvilje* som knyter seg til Gemeinschaft (samfunn), og *kårvilje* som knyter seg til Gesellschaft (selskap) (ibid). Kårviljen (av å kåre, velje) høyrer saman med rasjonell berekning, sjølvkontroll og pliktar og forventningar knytt til roller og posisjonar i samfunnet, men vesensvilje handlar om den heilskaplege, spontane og emosjonelle form for handling og samhandling med menneske som me har eit personlig tilhøve til.

Overgangen frå Gemeinschaft til Gesellschaft er særst tydeleg på mange område knytt til friluftsliv. Når eit samfunn endrar karakter frå gemeinschaft til gesellschaft så endrar og roller og mønstre seg. Dette med å stole på andre menneske, (som Tönnies løfter fram som eit viktig døme) gjeld i høg grad innan klatre- og fjellsport. Gitt at ein person ynskjer å lære seg trygg klatring så treng denne personen nokon som kan lære han det som trengs. Denne ”læraren” må være til å stole på.

Rundt 1900- talet var, som tidlegare nemnt, opplæring bygd på personlege forhold og band mellom den som lærte og den som lærte bort klatrekunsten. Det var gjerne på turen ein lærte seg handverket saman med ein som var meir rutinert i livet blant tindane. Det var meistarens møte med eleven. Dette gjev også då eit særst tillitsforhold. Det var få personar involvera i opplæringsprosessen, meister og elev er nært saman over tid utan andre å forholde seg til anna enn kvarandre, fjellet og klatringa. Det er då opp til den som vil lære å sjølv vurdere om den som lærer bort er til å stole på.

I dag er det nok endå mange som får sitt møte med klatringa på denne måten, men samstundes så vert opplæring meir og meir knytt til formaliserte og standardiserte kurs. Tillitsforholdet må sjølvstundt vere på plass, men tillitsforholdet vil vere bygd på andre normer. Når eleven skal søke eit kurs ser ein gjerne etter dyktige kurslærarar – og kva ser ein etter då? Då ser ein etter kva bakgrunn læraren har. Beviset for dei rette kvalifikasjonar vil gjerne gje seg uttrykk gjennom ei sertifisering som då skal vere eit kvalitetsstempel som uttrykker tillit.

Dei engelske tindeturistar, med William C. Slingsby som den mest kjende, stod også for mykje opplæring. Her kunne både ”lærar” og ”elev” vere på tur som kameratar, men der den minst erfarne haustar erfaringar av den meir erfarne. Dette er og eit forhold som bygde på at

den mest erfarne tar seg av den mindre erfarne i deira felles mål. Det felles mål og interesser, og dermed den relasjon dei to har, blir med Tönnies term, fellesskapstypen *Gemeinschaft*.

Denne typen for relasjon føreset, i alle fall i nokon grad, blant anna felles kjønn, om lag same alder, klassebakgrunn og felles intensjonar og haldingar. Prototypen på eit slikt kameratskap vil vere brødre-relasjonen. I dag har altså dei nære relasjonar knytt til varige fellesskap som familie, kameratgrupper eller nabolaget blitt mindre viktig i opplæring knytt til aktivitetar i natur. Klatre- og fjellsport endrar seg i retning meir formalisera og organisera opplæring. Sjølv om denne opplæringa sjølv sagt fører mykje av tradisjonane vidare og aktivitetsnivået er høgt, vil andre, meir sprikande og til dels motstridande interesser gjere seg gjeldande blant dei involverte.

I aktørperspektivet tok eg opp omgrepet å *bytte* som ei form for maktutøving. Eit bytte er særdeles nært knytt opp mot *Gesellschaft*- og *Gemeinschaft*-omgrepa, men på to ulike måtar. Medan ein i *Gemeinschaft* reknar bytte som noko naturleg, i form av at den sterke hjelper den svake, så er det eit meir upersonleg tilhøve i bytte innanfor *Gesellschaft*.

*“Nobody wants to grant and produce anything for another individual, nor will he be inclined to give ungrudgingly to another individual, if it be not in exchange for a gift or labor equivalent that he considers at least equal to what he was given”* (Tönnies 1955: 74).

Det handlar altså i *Gesellschaft* om å pleie sine egne interesser og forholdet til andre vert oppretthalde av ein form for handel. For å yte må ein få noko igjen, og ein bytter gjerne fyrst når ein kan få noko som har større verdi for ein sjølv enn det som ein byter bort. Dette er altså kårviljen: den hensiktsstyrte tanken er åleine grunnlag for handlinga, og tanken, som består i å reikne og kalkulere for å få mest mogleg nytte ut av eigen innsats (Østerberg 1997).

Den reinaste form for *gesellschaft* er marknaden, der menneska berre bryr seg om kvarandre i eigenskap av tilbydarar og etterspørjarar (ibid). I marknaden er også eit viktig middel *pengar*. Verdien av ei vare eller ein teneste kan målast som ein funksjon av tilbod og etterspurnad. Kjøpar har plikt til å betale og seljar har plikt til levere teneste som er verdt prisen.

I tilfellet til *Gemeinschaft*, der vesensviljen er rådande i samhandling, er det ikkje alltid naudsynt oppnå bestemte mål gjennom denne samhandlinga, ut over samhandlinga i seg sjølv. I klatre- og fjellsport kan til dømes dette bety at vesensviljen handlar om at deltakinga er

målet. ”Vegen er målet” er eit kjent uttrykk som i dette tilfellet kan beskrive deltakinga i eit Gemeinschaft.

I Gesellschaft-liknande relasjonar vil *autoritet* derimot vere basera på ein fri kontrakt mellom individ, eller ei servicekontrakt, eller ei felles forståing mellom fleire om at ein person står som overordna til resten. Eit typisk døme vil vere kontrakt mellom arbeidsgivar og arbeidstakar. Tönnies påpeikar at det som oppfattast som kontrakt i verkelegheita er eit autoritets-skriv om makt og ordrepålegging (Tönnies 1955: 23). I tillegg har aktiviteten også mål ut over seg sjølv, som til dømes betaling, kvalifisering/sertifisering, statusheving etc.

I Gesellschaft er tilhøva mellom menneska altså ikkje basera på dei nære, tette og varige relasjonar. Den må i staden vere basera på noko formelt i form av garantiar og kontraktar. Det er nettopp dette som er det essensielle ved formell opplæring og sertifisering, eller kvalifisering av dei deltakande.


Skal til dømes ein tysk familie bestille seg Noregs-ferie for å oppleve å gange på isbre, ynskjer dei sjølvsagt å vite at breføraren veit kva han driv med. Garantien kan t.d. vere eit bevis på ei særskilt type utdanning, eller det kan vere det offentlege som har fastlagt restriksjonar på kven som skal få jobbe som breførar i Noreg. Dette skal då regulere aktiviteten på ein måte som får alle til å føle seg ivaretatt.

Breføraren har eit mål med si samhandling med den tyske familien, det er ikkje samhandlinga i seg sjølv. Den tyske familien ynskjer å få mest mogleg oppleving og tryggleik for pengane, breføraren på si side ynskjer å få mest mogleg pengar for sine tenester. Begge partar har altså eit mål med samhandlinga. ”*He weights exactly his services, flatteries, presents, and so on, to determine whether they will bring about the desired results*” (Tönnies 1955: 89). Dette er altså kårviljens handlingsform og her ligg det alltid interesser bak handling.

### 5.3.2 Strukturar mellom frivillig heit, offentlegheit og marknad

Det offentlege har til oppgåve å forvalte våre verdiar ved hjelp av vår demokratiske modell. Strukturane mellom det frivillige, marknaden og det offentlege kan altså styrast av ulike ideologiar og interesser utifrå kvar ein aktør er plassera i ein trekantmodell (neste side) mellom desse polane.





*Figur 1 (Tordsson, 2010)*

Det offentlege tar politiske avgjerder og sørgjer for at desse vert fylgd opp. Til dette har ein ulike forvaltings- og kontrollorgan som kan gjennomføre den gjeldande politikken. Innanfor klatre- og fjellspport kan me til dømes nemne forvaltings- og kontrollorgan som *Miljøverndepartementet* med *Direktoratet for naturforvaltning* og kontrollorganet *Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap* som tre ”høge” organ. Fylke og kommune på lågare nivå er alle aktørar i det offentlege som kan gje føringar for og virke som aktørar innan klatre- og fjellspport. Å gje støtte til frivillig arbeid er ei viktig oppgåve, men og å sikre arbeidsplassar og gje retningslinjer der det er naudsynt.

Det frivillige har også ulike aktørar som handlar innanfor området friluftsliv og nærare bestemt klatre- og fjellspport. Desse ynskjer å fremje sine interesser og påverke den politikken som vert ført. Her har me paraplyorganisasjonen FRIFO<sup>24</sup>, me har NKF og DNT med sine undergrupper. Desse kan mottaka støtte frå det offentlege, men forpliktar seg og då å gjennomføre sitt program som er med å realisere den offentlege politikken. Det er då viktig at frivilligheita kan argumentere for at dei interesser dei representerar ikkje er snevre

---

<sup>24</sup> FRIFO- friluftslivets fellesorganisasjon

særinteresser, men at dei tek vare på viktige allmenninteresser slik desse kjem til uttrykk i politiske måldokument osv. Det er med andre ord viktig å *legitimere* sine interesser – å omtale dei slik at det offentlege finn det verd å støtte opp om organisasjonen, enten det er med pengar, eller godkjenning av deira betyding og makt.

Marknaden driv på kommersiell basis, der profitt er eit mål i seg sjølv. Det er kjøp og sal av tenester som er handlinga. Marknaden avhenger av gode rammevilkår frå det offentlege og at nokon er villige til å betale for tenestene. I klatre- og fjellspport kan me til dømes knyte dette opp mot naturbasert reiseliv. Aktørens interesser vil vere å selje tenester til turistar gjennom aktiv bruk av den norske naturen. Også marknaden er avhengig av å legitimere sine interesser. Argumentet kan til dømes vere busetting i distrikta, næringsutvikling, konsumenttryggleik osv.

Samfunnsvitskaplege analyser av tilhøve mellom organisasjonar – frivillige og andre - og stat, har avdekka at utviklinga har vore prega av at organisasjonane i aukande grad har hevda sine interesser ovanfor staten (Nordby 1994). Nordby koplur denne makthevdinga frå organisasjonane til prosessen av profesjonalisering. Han legg då til grunn ei definisjon av profesjonar kor han legg vekt på ”høg teoretisk utdanning”. Poenget hans er at profesjonar har mykje makt ved at dei bestemmer tilgangen til å praktisere, til tross for at staten fastsett opptakskriteria. På grunn av fridomen profesjonsgruppene har til å utforme tenestene dei sjølv yter ovanfor klientane, vert marknadsverdien av tenestene deira høg (Nordby 1994: 28).

Det har vore viktig for organisasjonar å komme med sine interessehevdingar ovanfor staten så tidleg som mogleg når offentleg politikk vert utforma. ”*Særlig øker interessen for å delta når offentlige myndigheter griper regulerende inn på et område*” (Nordby 1994: 37). Slik kan organisasjonar forme utviklinga etter eigne ønske. I høve problemstillinga i oppgåva mi vil dette vere eit punkt å sjå etter, altså utforming av politikk eller reguleringar knytt til området for klatre- og fjellspport.

Noreg har gode system for å ivareta borgarane sin behov. Som borgarar har me rettigheter til hjelp for å dekke opp våre primære behov. Me har også mykje fritid og gode moglegheiter til å drive med aktivitetar me likar. Gjeld det bruk av naturen, er me sikra tilgang gjennom

allemannsretten. ”At organisasjonene har som oppgave å motvirke marginalisering og sosial isolasjon, står også svært sentralt i politiske dokumenter om de frivillige organisasjonene (Wollebæk m.fl. 2008: 10). Det frivillige arbeid står sterkt i Noreg, dette vitnar frivilligheitsmeldinga<sup>25</sup> om, som legg vekt på at frivillige organisasjonar kan tilby varigheit, autensitet og stabilitet medan alt rundt oss er i endring (ibid). Det er liten tvil om at frivilligheita sitt område har stor verdi for det offentlege. Dette ser eg som viktig å ta med inn i analysen, fordi mange av aktørane nettopp representerar det frivillige.

## 5.4 Oppsummering

Som oppsummering av teorikapittelet vil eg nemne særskilt fire moment.

- 1) Profesjonar er i endring. Sjølv om ordet ”profesjonskamp” kan vere tilfeldig, og at ein kanskje like gjerne kan snakke om ein yrkeskamp, vil likevel profesjonsteoriar bidra i oppgåva. Særskilt vil fokuset ligge på endringar i tilhøva mellom utdanning, motivasjon og yrkesmonopol. Ein endringsføresetnad er at når det vert skapa reglar om kompetanse, utdanning osv. som vilkår for å utføre yrket, då kan ein snakke om profesjon og vidare profesjonskamp når denne prosessen inneberer fleire målretta aktørar. Difor vil også endringsprosessar i relasjonar mellom utdanning, motivasjon og yrke vere viktige å sjå etter i empirien.
- 2) Aktørane må analyserast utifrå eit interesseperspektiv, der deira *legitimeringar* av det som skal framstå som allmenne eller objektive interesser ikkje kan takast for gitt. Til dømes: ein organisasjon kan argumentere for at det offentlege skal godkjenne si eigen utdanning ut frå argumentet at kundar må ha tryggleik, men den bakanforliggende interessa er å behalde ein marknad for seg sjølv ved å stenge for andre med ei anna utdanning. I rommet mellom legitimeringane og interessene skjer handlingane, som då vert uttrykt som strategiar, ein aktørs handlingar for å nå sine interesser. Både legitimeringar og strategiar frå dei ulike aktørar vert viktig å sjå etter i empirien. I analysen vert det då viktig å nå eventuelle bakanforliggende interesser.

---

<sup>25</sup> Frivilligheitsmeldinga (st. meld. nr. 39, 2006-2007)

- 3) Samfunnets utvikling mot det meir formelle og organisera er eit samfunnsmessig utviklingstrekk beskrive av Tönnies omgrep. Denne prosessen vert og sett etter i empirien.
- 4) Strukturen av samspill og motsetnad mellom tre polar i samfunnet, det frivillige, det offentlege og marknaden, vert ein viktig modell for å analysere interessene som gjer seg gjeldande.

## 6 Analyse

For å praktisk analysere og drøfte oppgåva har eg valt å dele inn kapittelet etter fire spørsmål, henta frå Brinkmann. Spørsmåla tar utgangspunkt i ulike aktørar. Strukturperspektivet vil ikkje ligge som ein åtskilt analysedel, men vert fletta inn der det er naturleg å bringe inn dette perspektivet.

### 6.1 Kven er interessera og kva er interessene?

Den fyrste delen av analysen gjeng på å identifisere dei interessera, altså aktørane og kva som er interessene. For å tydeleggjere dette vert kvar aktør presentert utifrå tredelinga mellom det offentlege, dei frivillige og marknaden. Under denne presentasjonen vert også nokre av *legitimeringane* knytt til interessene trekt fram. Aktørane er presentera som: a) Høgskulane b) Dei frivillige c) NORTIND d) Norges Friluftshøgskole.

#### 6.1.1 Høgskulane

Høgskulane avgrensar seg i oppgåva til HiT og HiSF. Høgskulane kan reknast for å vere under det offentlege. Tradisjonelt skal høgskulane forsyne samfunnet med kvalifisert arbeidskraft innan dei område der samfunnet meiner at det er behov. Men høgskulane har også trekk som gjer at dei nærmar seg ein marknadslogikk. På tross av at dei er ein statleg institusjon er dei på jakt etter studentar og marknadsfører seg deretter med annonser i blad, aviser og på nettstadar. I tillegg kan høgskulane ha trekk som minner om frivilligheit. Dette gjeld til dømes når høgskulane utdannar personar som skal vere kvalifisert til å arbeide på ulike nivå som lønna personale innan dei frivillige organisasjonane.

##### 6.1.1.1 Konkurransen

Begge høgskulane i denne oppgåva er avhengige av studentar til sine friluftslivsstudia. Det er viktig å få nok studentar. Høgskulane har tradisjonelt sett ikkje vore med å prega norsk klatre- og fjellsport gjennom sine friluftslivsstudie. Dei har ikkje vore engasjerte i NF og har tradisjonelt ikkje vore rekna som ein del av det norske klatre- og fjellsportmiljø. Like fullt er klatre- og fjellsport ein del av studieprogrammet til friluftsliv på begge høgskulane som er trekt fram i oppgåva mi. Mange som i dag får sitt fyrste møte med åttetalsknute, kortslynger og fallfaktor, får det nettopp gjennom eit høgskulestudium i friluftsliv. Dette er i høgste grad formell og organisert opplæring, det er i tråd med friluftsliv som del av Gesellschaft. Både ”Bjarne” ved HiT og ”Geir” ved HiSF, seier dei driv generell friluftslivsutdanning og at dei

tilbyr ei brei basisopplæring for studentane. Breidde i friluftsliv inkluderar gjerne klatre- og fjellsport, som då er aktuelt på timeplanen. Likevel er det ulike måtar å tilnærme seg aktivitetane på, og ikkje minst ulike måtar å forklare for studentane *kvifor* dette er ein del i kurset og kva det kan nyttast til i etterkant.

Horgen sitt utspel i profesjonsdebatten kan tenkast å ha samanheng med kva uteksaminera studentar kan arbeide med og ikkje, når det tolkast frå eit interesseperspektiv. Til dømes legitimerar Horgen sine utspel mot NORTIND, med ein frykt for at NORTIND vil slå beina unna pedagogisk og frivillig verksemd dersom Noreg får eit lovverk lik Sverige. Både HiT og HiSF er no godkjente som NF- arrangørar og kan difor utstede NF bevis til studentar. Dette gjer at studentane ikkje behøver å ta opp igjen NF- kurs etter avslutta utdanning dersom dei ynskjer eit NF- bevis. Ifylgje både ”Bjarne” ved HiT og ”Arne” ved HiSF har dette også vore ynskje frå studentar. På denne måten har altså høgskulane anerkjent ordninga til NF og nyttiggjer seg av NF sin utdanningsstige.

Verken ”Bjarne” eller ”Arne” legg skjul på at eksterne sertifiseringar som NF sin standard har ein verdi for høgskulane i høve marknadsføring. ”Arne” seier også at han i løpet av få år har merka sterkare marknadsføring frå HiSF og måtar å tenke på som er meir lik den frie marknaden. Han meiner at dette må vere greitt og at det er slutt på den tida då *”ein berre fann eit søknadskort hjå ein studierettleiar”*. ”Arne” meiner altså at det er lov å marknadsføre seg gjennom ulike kanalar som eit ”spenstig” studie. Likevel er han svært oppteken av at studentane kjem med feil førespeglings til studiet, dei har ikkje realistiske tankar om framtidige yrkesroller, meiner han. Kan den spenstige marknadsføringa og studentanes førespeglings om framtidige yrkesroller ha ein samanheng?

Dette er ikkje tilfelle ifylgje høgskulelærarane eg har intervjuja. Ein treng noko ekstra, seier dei, gjerne gjennom NF eller NORTIND, for å vere fullt ut kvalifisert til å arbeide med friluftsliv i høg fjellet. Friluftslivsutdanning er altså den breie basis, der ein ”smakar” på klatre- og fjellsport. Det ein vert kvalifisera til innanfor klatre- og fjellsport er på eit ”lågt nivå”. Det er berre skredbiten som vert nemnt at høgskulane tar for seg langt meir grundig enn det som ein gjer i NF sitt metodekurs. Dermed er det ein ubalanse mellom kva ein førespeglar studenten og kva en sitt att med av kompetanse. Vert fokuset i marknadsføring lagt på klatre- og fjellsport, vil det vere rimeleg å anta for ein framtidig student at klatring og fjellsport er noko ein kan arbeide med etter enda utdanning. Som nemnt i teorikapittelet (4.2.1) så meiner Torgersen at dei som søker utdanning ser etter utdanning som kan sikre

posisjonar. Når høgskulane nyttar ulike klatre- og brebilete i si marknadsføring og knyter dette til studium for friluftsliv, så er det altså ei misvisning mellom det dei intervjuar høgskulelærarane ser som viktig, og det som er strategien til høgskulen.

Eit nytt tema kjem opp under intervju med "Bjarne" under spørsmål rundt konkurranse om studentane. "Bjarne" seier at dei heilt bevisst ikkje drar til utlandet "*fordi det er ingen grunn til å gjøre det med studenter*", og viser til norsk natur som eit "eldorado" for læring. Om dette er eit forsvar for eigen aktivitet eller eit stikk til HiSF, veit eg ikkje. Men på HiSF sine heimesider for friluftslivsstudiet<sup>26</sup> vert det reklamert med eit bilete av to studentar på eit klatrefelt i Frankrike, det bærer teksten: "*Klatreturen til Frankrike var et høydepunkt*". Dette kan ein igjen sjå som ledd i ein marknadsføringsstrategi. På tross av flott natur for klatre- og fjellsport vel dei å dra utanlands for å drive sportsklatring. Dette kan sjåast på som eit "populistisk" trekk frå høgskulen si side, i tråd med det Faarlund refererar til som konkurranse om studentar. Det er både store kostnader knytt til dette, det er ikkje knytt til potensielle arbeidsplassar for studentar der dei drar, men det er klart ein "tur etter lyst" knytt til eit slikt grep. På den andre sida kan ein argumentere for ei slik reise dersom ein hevder at ein gjer dette for å få innblikk i aktivitetsturisme eller naturbasert reiseliv og korleis denne er tilrettelagt i andre land. Ein kan meine at dette speglar ei nærare tilnærming til marknadslogikk hjå HiSF, medan HiT er forholdsvis avvisande til turistmarknaden og forsøker gjennom dei intervjuar, å målbera ideologien "tur etter evne".

Eg vil påstande at både Høgskulen i Telemark og Høgskulen i Sogn og Fjordane ber preg av ein konkurransesituasjon om studentar. Det gjeld å trekkje til seg nye studentar gjennom "spenstig marknadsføring", det er tross alt studentar som gjer at høgskulane eksisterar. Ein kan blant anna sjå dette gjennom at aktivitetane endrar seg og fylgjer etterspurnaden til studentane, noko både "Arne" og "Bjarne" gjer utrykk for. Tildels kan dette føre til (eller har ført til) ei endring i motivasjonen til dei som søker desse studia. Utdanninga er relativt uforandra, men har tilpasset seg noko til tidas etterspørsel av "moderne" aktivitetar. Når det gjeld marknadsføring tilpassar den seg dagens tid heilt klart, klatre- og fjellsport vert framheva. Det er dette eg meiner kan omtalast som eit konkurransetrekk frå høgskulane si

---

<sup>26</sup> <http://studiehandbok.hisf.no/katalog/content/view/full/7014>, mai 2010.

side. Andre aktører som arbeider direkte opp mot utdanning innanfor klatre- og fjellsport kan sjølvsagt sjå dette som negativt.

Debatten ”profesjonskamp til fjells” vart fyrst tatt opp av Horgen ved HiT, som frykta eit lovverk som kunne sette stoppar for mykje frivillig verksemd knytt til klatre- og fjellsport. På den andre sida kan ein seie at det ville satt ein stoppar for den delen av høgskulane si utdanning som er retta mot klatre- og fjellsport. Her er fokuset klart og tydeleg; ”tur etter evne” og studentane vert ikkje opplærte til å ta med uerfarne kundar på klatring i høg fjell. Dette på tross av nye og meir ”spenstige” aktivitetar og ikkje minst spenstig marknadsføring.

Eit anna viktig moment i høgskulane sine interesser er strategien å samarbeide med andre aktører. Til dømes har HiT eit samarbeid med DNT om at friluftslivsstudentar også får ei godkjenning som DNT-ambassadør. Det er også samarbeid mellom friluftslivsutdanninga og DNT lokalt i Telemark på andre plan. Dette kan tolkast som ein strategi mot det å støtte opp om friluftslivet på andre område enn sitt eige. Ein slik strategi vil vere viktig for å (som tidlegare nemnt) å imøtekomme studentane sine ynskje, for å nytte eksterne sertifiseringar i marknadsføring og for å danne alliansar mellom ulike aktører. Slik sett vil også HiT motarbeide eventuelle interesser som arbeider for eit lovverk knytt opp mot spesifikk utdanning til føring i høg fjell som oppstod i Sverige. Høgskulane støttar opp om det frivillige og DNT støttar opp om tanken at ein friluftslivsutdanningane ved høgskulane er bra. Både for DNT og NKF er den nasjonale standard i NF viktig. For å oppretthalde denne (og eigne utdanningsstigar) er det sjølvsagt viktig å vise til at dei vert nytta. Gjennom at høgskulane nyttar desse utdanningsstigane fører det og til aktualisering av dei, ved at dei faktisk vert nytta av andre eksterne aktører. At høgskulen som ein statleg institusjon nyttar både NKF, DNT og NF er eit kvalitetsstempel på dei frivillige organisasjonenes kompetanse. Dermed kan ein omtale det som ein strategi at ein støtter opp om kvarandre på denne måten.

I tillegg kan ein sjå dette som ein strategi frå høgskulanes side for å sikre breidde i marknaden. Mange studentar finn arbeid som tilsette innan dei frivillige organisasjonane, som konsulentar, fagansvarlege, prosjektleiarar osv. Ein har difor interesse av å styrke friluftslivet i heile mangfaldet. Grunngevinga er gjerne ideologisk med at ein vernar om den tradisjonelle norske ”tur etter evne” tradisjonen som er truga av kommersialisering og ein profesjonalisering på kommersielle aktørars premisser. Om denne legitimeringa skjuler eller eigeninteresser, eller vert overtida, er det opp til lesaren å bedømme.

For å runde av om høgskulanes interesser og deira ideologi om ”tur etter evne”, så bør ein



også ha i bakhovudet at ideologien har stått sterkt etter ”den store ulykkespåskan” i 1967. Då vart slagordet ”velkommen til fjells, men ta ansvaret sjølv” lansert, og ”tur etter evne” vart innprenta i norsk friluftsliv. Sidan har dette stått sterkt ved HiT, og Andre Horgen rører nettopp ved dette i kronikken som opna debatten ”profesjonskamp til fjells”. ”Tur etter evne” vil på mange måtar fjerne seg frå marknaden logikk. ”Tur etter evne” rommar eit prinsipp om at heile gruppa skal vere deltakande og at kvar og ein er ansvarleg, dermed handlar det om å framelske ein auka evne hjå alle. Marknaden bygger på sal og kjøp av tenester, der den *einskilde* turen og den sine opplevingar er ”produktet” (Gesellschaft). I Horgens kritikk av NORTIND ligg og ein påstand om at NORTIND argumenterar for synspunkt som er i strid med norsk friluftslivstradisjon – og med dei haldningar som Nils Faarlund tidlegare har vore talsmann for.

Det er ikkje min oppgåve å påstande kva som er rett og gale, men ”tur etter lyst” har stått sterkt i mange alpeland. Å gange nærare inn på dette tema blir det ikkje rom for i denne oppgåva, men det ville absolutt vore interessant å sjå nærare på dei to ulike ideologiane. Etter denne biten om høgskulane og konkurranse vert det naturleg å sjå vidare på aktuelle arbeidsplassar for dei utdanna.

### 6.1.1.2 Arbeidsplassar

Høgskulane har interesse av at studentane deira får relevante yrke. I den fyrste UTE-kronikken åtvarar Horgen mot NORTIND, og meiner at dei arbeider for å oppnå monopol på arbeidsoppgåver i bratt lende. Dersom det vert ein realitet vil studentar frå dei ulike høgskulane verte ekskludera frå den type arbeid, altså ei innskrenking framføre vekst. Dette stridar mot høgskulens strategi og interesser.

For å komme litt tilbake til det å gje forventningar, så meiner ”Arne” at høgskulane må byrje å tenke annleis omkring det å førespegle yrkesroller for studentane. Han meiner at dei fleste studentar hamnar i yrke knytt til lærarjobbar, og at hovudmandatet bør vere å utdanne friluftsrettleiarar i *pedagogisk samanheng*. Eg tolkar dette dit hen at ”Arne” ser friluftslivsutdanninga som ei pedagogisk utdanning, der målet ikkje naudsynt er høge tekniske ferdigheiter. Han ynskjer ei altså ei avklaring og spissing mot læraryrket. Dette tolkar eg som eit utsegn utifrå hans sterke preferansar for NORTIND. Det samsvarer godt med NORTIND sin strategi om å hevde seg sjølv som dei profesjonelle innanfor klatre- og fjellsport og dermed definere friluftslivsstudentar ut frå den rolla. ”Arne” er knytt til høgskulen som aktør, men innehar altså sjølv ei utdanning også frå NORTIND.

Studiet ved HiSF har eit innhald med eit visst fokus på klatre- og fjellsport, sommar som vinter. HiSF skil seg ut frå HiT ved å utgjeva seg for å vere meir spissa mot dette området. Kvifor då både denne spissinga mot klatre- og fjellsport, og samstundes den klare oppfattinga av at dette *ikkje er noko friluftslivsstudentar kan arbeide med?* Eit døme på denne tankegangen er fjellsportfestivalen som vert arrangert i Sogndal. HiSF støttar opp om arrangementet, men vel å ignorere eigne studentar i høve veilederroller, guide, instruktør. Dette kan eg påstande med bakgrunn i intervju og samtaler med tidlegare studentar. Samstundes satsar Fjellsportfestivalen på sterk profilering av NORTIND utdanninga. ”Bjarne”, tilsett ved HiT, seier at han ikkje forstår at HiSF støttar opp om eit arrangement som utelukkar andre enn dei med NORTIND-utdanning.

Ei forklaring kan me finne ved å sjå til kulturen for å arbeide med klatre- og fjellsport i Sogndalsområdet. I fleire medieoppslag rundt Fjellsportfestivalen vert det trekt fram at Sogn og Fjordane er det fylket med *størst tettleik av tindevegledarar*. I klatre- og fjellsportmiljøa rundt Sogndal vil altså tindevegledarar vere sterkt representert. Det motsette finn ein i Telemark der det bur få som har teke NORTIND-utdanning. Preferansane i Sogndalsmiljøet vil truleg vere større for NORTIND enn i Bø.

Andre arbeidsområde for friluftslivsutdanna kan vere forvaltning. DNT, FRIFO og andre organ som til dømes fylkeskommunen har tilsette i sine organisasjonar som arbeider med friluftsliv. Ofte kan slike stillingar vere knytt til forvaltning og bruk av utmark. Slike stillingar er ikkje nødvendigvis fylt av personar med ei spesifikk utdanning, men vil i dei fleste tilfelle ha krav om ei viss grad av høgskule-/universitetsutdanning som rører ved fagområde som friluftsliv, naturforvaltning, økologi og liknande. Her vil ei akademisk utdanning vere viktig, fordi dette er i stor grad administrasjonsstillingar som krev kunnskap på mange område knytt til friluftsliv. At høgskulane har interesser av at deira studentar kan fylle desse yrkesrollene er sjølvsagt. Dette er med å styrkar friluftsliv som høgskulefag.

For dei som ynskjer å arbeide med kommersielle klatreturar i norske høg fjell er det liten tvil om at ei bachelorutdanning gjer mange kvalitetar, men det må også vere kompetanse utover dette, påpeikar dei tilsette ved høgskulane som er intervjua. Det kan ein til dømes få gjennom erfaring, og/eller kunnskap ved å ta NORTIND- eller NF- kurs. ”Even” meiner at ei utdanning i friluftsliv frå høgskule saman med NF-fjellsportkurs vil vere ei vel så god utdanning som NORTIND. Ifylgje ”Bjarne” er også dette ein del av intensjonen med bachelor i friluftsliv. Det er basisen som vert tileigna som er viktig. Vurderar ein utdanninga utifrå eit

profesjonsteoretisk standpunkt vil dermed utdanninga i dei to nemnte tilfella verte betrakta som sertifisering. Kvalifiseringa for yrket må skje gjennom meir tileigning av kompetanse og erfaring innan spesielle greinar, når studentane har ”smaka” på mange ulike fag, som gje ein brei basis i friluftsliv. Samstundes er det viktig å starte ein plass; ein må etter ei høgskuleutdanning vere ferdig kvalifisera for *noko*. Då kan det vere strategisk for høgskulane å støtte opp om NF sin nasjonale standard, og/eller NKF og DNT som har ulike graderingar av sin utdanning. HiT og HiSF syner her at på nokre område så vil studentane kvalifisere til ein start på desse graderingsstigane. For NF er og dette ein situasjon som er positiv då dei får losa fleire inn i sitt utdanningssystem og dermed kan vise til større bredde.

Høgskuleutdanning vil i mange tilfelle kvalifisere direkte til eit læraryrke, men då i samanheng med fleire fag som til dømes årseininga praktisk pedagogisk utdanning. Dette gje undervisningskompetanse for bruk i norske skular på ulike nivå, avhengig av kva pedagogisk utdanning som blir vald. Det er klart eit mål for høgskulane (HiT og HiSF) at deira tidlegare studentar kan fylle mange ulike yrkesroller. Dette er og i tråd med dagens profesjonstendensar som tidlegare er vist til.

Til slutt vil eg oppsummere HiT og HiSF som aktør og deira interesser. Både høgskulane har tilknytning til organisasjonar som NF, DNT og NKF ved at studentar tileignar seg ulike grader av sertifisering frå dei ulike organisasjonar i løpet av studiet. HiSF er nok tettare knytt til NORTIND enn det HiT er, blant anna gjennom at HiSF har fleire tilsette med NORTIND-utdanning. For begge høgskulane så er det likevel eit poeng å samarbeide med frivillige organisasjonar.

### 6.1.2 Dei frivillige

DNT og NKF er store frivillige organisasjonar som kan knytast direkte til klatre- og fjellspport. Begge er avhengige av stor medlemsmasse for økonomi og påverkningskraft til det offentlege, difor er dei også opptekne av vekst. For å vekse er det viktig å tilpasse tilboda etter behov og etterspørsel. DNT og NKF samarbeider gjennom NF og har den nasjonale standard å fylgje i høve sine fjellklatrekurs. Inne i NF har det ofte vore diskusjonar om den nasjonale standard, der NKF og DNT ofte har hatt eit ynskje om å utvide med kurs som gjer det enklare for mange å komme i gang. Dei frivillige er generelt for å senke krava. Dette kan vere ein

Diskusjonens motpart inne i NF har ofte vore ”andre kursarrangørar” (etter omstruktureringa i 1999) som ikkje skal blandast med NORTIND, men som ofte har vore personar med

NORTIND-utdanning. Frå denne part har hovudsakleg ytringane vore i retning strengare krav og dermed altså ein ”høgare inngangsbillett”. Her ser me altså store motsetningar mellom dei frivillige og dei kommersielle. Dei kommersielle arrangørane ynskjer å oppretthalde ein marknad, både å halde kurs og å drive føring. Slik kan ulike arrangørar ha interesser i ”begge leirar” utifrå om det er kursing eller føring som er hovudgeskjeften. Visst DNT og NKF avheld mange kurs på ulike nivå, vil sjølvsagt interessa til dei kommersielle vera at det er dei kommersielle som utfører kursa. Slik kan ein og skaffe seg ein marknad.

### 6.1.3 NORTIND

NORTIND er ein relativt liten organisasjon i Noreg som marknadsfører seg sterkt som ”profesjonelle” og som del av eit ”internasjonalt miljø” med anerkjent kompetanse. NORTIND har på linje med NF standardiserte kurs for opplæring. Dei hevdar ein sterk kunnskap i vurdering og ferdigheiter knytt til klatre- og fjellsport. NORTIND hevdar å ha ein unik posisjon, som berre kan oppnåas gjennom deira eigen utdanning og den eksklusive tilknytning til IFMGA<sup>27</sup>. Dette er strategisk frå NORTIND då dei kan fremje sin eigen kompetanse ved å omtale seg sjølv som *profesjonelle* og dei frivillige som *amatørar*. Dette er ein kjent taktikk i maktteori som ofte vert nytta av profesjonar (Hernes 1975: 103). Den strategien NORTIND her nyttar, vil bidra med større makt til NORTIND innanfor det gitte område, sidan andre aktørar igjen må bevisse at også deira kunnskap er viktig på det gitte område. Tordsson omtalar dette som eit maktproblem under overskrifta *friluftslivets profesjonalisering*:

*”De som har kyndighet innen spesielle og krevende grener av friluftsliv, kan slutte seg sammen i profesjonsorganisasjoner og laug og etablere egne kriterier for kompetanse – i samarbeid eller konkurranse med høgskoler som driver utdanning i friluftsliv.”*  
(Tordsson 2010: 243).

Dei arenaer som vert nytta for å fremje eigen kompetanse er blant anna Fjellsportfestivalen, ulike innlegg i ”profesjonskamp til fjells”-debatten, og i andre tekstar. Eit døme er at folk som arbeider med føring/kursing i klatre- og fjellsport som vert intervjuet, ofte (alltid?) nyttar

---

<sup>27</sup> The International Federation of Mountain Guides Associations (IFMGA)

tittelen *Tindevegleder* som eit bevis på kva dei gjer og har gjort av utdanning. Dette kan ein tolke som bevisst strategisk handling frå organisasjonens side. Eller ein kan tolke det for å vere det enkelte individ sitt ynskje om å framheve kva ein har gjort og kva ein gjer, altså statusheving og identitetsskaping.

NORTIND er ein målretta aktør når det gjeld tevlinga om kundar. Men det er ikkje dei som naudsynt vil søkje seg til NORTIND kurs eg då tenkjer på. Derimot er målgruppen for NORTIND turistane, og mentaliteten er nært knytt til alpelanda der "tur etter evne" ikkje lenger gjeld. Her er det altså som Lena Dahl omtalar det i UTE 4/2010 "tur etter lyst" som gjeld. Derimot meiner NORTIND at dei som skal ha hand om desse turistane er dei som allereie innehar ei NORTIND-utdanning.

Eg har tidlegare vist til korleis NORTIND som aktør har fenge mykje negativ merksemd omkring deira arbeid for å fremje si eiga utdanning. *Monopolstreven, og trussel mot friluftslivet*, har vore blant klagane. Men er denne kritikken rettviss, og kvifor kjem alle skuldningane no? Det er liten tvil om at NORTIND er ein målretta aktør. Det eksakte mål peikar klart i retning av at ein ynskjer meir regelverk og altså tettare band mellom gitt utdanning og gitt yrkesområde, der NORTIND, i kraft av å vere profesjonelle, må vera premissleverandør. Når me snakkar om profesjonar er nettopp denne koplinga mellom profesjon og høve til å drive eit yrke den viktigaste, og ei endring her vil også påverke *motivasjon*. Dette har samband med meir makt som inneber å sikre arbeidshøve, lønn og truleg høgare status. Ei endring i utdanning, yrke og motivasjon er samstundes tydelege teikn på ein profesjonaliseringstendens. Utifrå dette vil eg og påstå at målet for NORTIND er å arbeide for at NORTIND-utdanna får betra tilgang til jobbar, og meir makt innanfor feltet klatre- og fjellspport. I tråd med rasjonell tankegang til ein målretta aktør gjeld det då å nytte midlar som kan hemme andres interesser som står i konflikt med måloppnåinga til NORTIND, fordi ein aktørs makt er betinga av hans kontroll over andres interesser (Hernes 1975: 103). Dette er på mange måtar sjølve kjernen i den konflikt eg drøftar.

NORTIND oppgjev to hovudårsakar som legitimering for sin kompetanse. Begge legitimeringar er viktige argument, dersom dei er gyldige, men dei kan og tolkast som "skalkeskjul" for aktørens eigentlege interesser. Den eine legitimeringa er altså som nemnt innleiingsvis "den beste kunnskap" og dermed garantert tryggleik. Dette botnar i internasjonal tilknytning og tett oppfølging av "handverket". Den hovudlegitimeringa gjeng på at den sikrar kvaliteten for kundar. Dette relaterast også til den internasjonale tilknyttingen. NORTIND

sjølv hevdar at kunden skal gjenkjenne produktet, gjennom at NORTIND/ IFMGA er kjent også i andre land.

Den andre hovudlegitimeringa består i faren for at Noreg vert eit ”dumpingland” når det gjeld fjellføring og at ein difor ynskjer meir regelverk knytt til kven som kan utøve verksemd. Legitimeringstanken NORTIND nyttar er basera på at reglar knytt til spesifikk utdanning, skal sikre norske arbeidsplassar og hindre utanlandske useriøse aktørar i å selje fjellførartenester i norske høg fjell. Per i dag er ikkje ulykkesstatistikken knytt til høg fjellet særskilt stygg, og det er heller ikkje eit uttalt problem med useriøse utanlandske aktørar innanfor klatre- og fjellsport. Legitimeringane byggjer altså på antakingar om ulike tenkte problem og er kanskje teiknande med omtanke på debatten. Det er tross alt også antakingar om kva som vil skje dersom det kjem eit lovverk likt Sverige Horgen også opna debatten med. Problema eksisterar faktisk ikkje per no, men alle er redde for at dette skal endre seg, og for kva konsekvensar dette kan få for den eine eller andre part. Eg tolkar dette som ein strategi frå NORTIND i å spreie usikkerheit og frykt, rundt eit område som dei sjølve hevdar å ha den beste kunnskap på. Som strategi i bygging av eigen profesjon kan dette vere effektivt. Dette kjenner me også igjen frå Horgen sitt fyrste innlegg i UTE 1/ 2009, der han nettopp peikte på slike strategiar frå NORTIND.

NORTIND er altså ein organisasjon som arbeider målretta for å sikre posisjonar for dei som har NORTINDs utdanning. NORTIND framhevar seg sjølv som profesjonelle og skapar dermed ein distanse til andre gjennom at dei vert nedgradera til amatørar. NORTIND legitimerar si verksemd med tryggleik, på bakgrunn av den beste kompetanse, og si tilknytning til eit internasjonalt nettverk. Dette er eit sær viktig punkt og må sjåas i samanheng med korleis NORTIND forfektar den unike norske friluftslivstradisjonen med ”tur etter evne”. Samstundes meiner NORTIND at det er akseptabelt med ”tur over evne”, dersom føraren har NORTIND utdanning. Legitimeringa er altså å ta vare på den unike norske tradisjonen, men spriket frå legitimeringa til ei interesse om å sikre ein marknad kan sjåast å vere stor.

#### 6.1.4 Norges friluftshøgskole

Norges Friluftshøgskole har ikkje tidlegare vore spesielt mykje omtala i media, og den har heller ikkje vore omtala i ”profesjonskamp til fjells”-debatten. Eg meiner likevel at Norsk Friluftshøgskole må nemnast i denne debatten utifrå dei visjonar og mål som vert presentera

av prosjektets leiar Annelinn Henriksen. Difor vier eg også litt plass til denne i oppgåva mi.

Norges Friluftshøgskole har tatt som mål av seg å verte godkjent ”på lik linje med andre profesjonshøgskoler...”<sup>28</sup>. Ein av visjonane etter etablering vil vere å sikre tilgang på profesjonelle og lokalkjente guider/veiledere innanfor natur-, kultur- og friluftstilbod for ulike målgrupper. Dette tyder på ei offensiv satsing, for å samle eit tilbod retta mot kommersiell verksemd i norsk natur, som også då vil innebere høgfjell.

Høgskulane i Telemark og Sogn og Fjordane har begge mål om å utdanne bla til guidar/rettleiingar i natur og friluftsliv, slik at når no ein ny friluftshøgskole er under planlegging vil både NORTIND, HiT og HiSF ha mykje samanfallande mål i utdanninga av sine deltakarar/studentar. Alle dei fire utdanningsløpa har likskapar, men om Norges Friluftshøgskole får det som dei ynskjer, blir dei den utdanningsinstitusjon som spesifikt skal bere guiding som profesjon. Det inneber bla ei tettare kopling mellom utdanning og yrkesroller og kan føre til krav om eksamenspapir frå Norges Friluftshøgskole i høve ulike yrke knytt til naturbasert reiseliv. Det som og er viktig å påpeike er forankringa i marknaden logikk, då Norges Friluftshøgskole ligg så nært knytt til reiselivets ”tur etter lyst”- fokus. Eg gjeng ikkje vidare her med dette punktet, men synes det er viktig å registrere og gjere kjent for lesaren at det dette prosjektet vert arbeida med, særskilt sidan dei nyttar omgrepet profesjonsutdanning.

## 6.2 Korleis kjem interessene til syne?

### 6.2.1 Dei indirekte profesjonsdebattar

Mange har tatt til seg ulike tenkte scenario og har også ”hive seg på bylgja” i profesjonskampen.

Eit tydeleg døme er innlegget i Aftenposten januar 2010 skrevet av Trygve Sunde Kolderup som er redaktør i bladet UTE.<sup>29</sup> Her omtalar han ein situasjon der han meiner DNT øydelegg

---

<sup>28</sup> Saksframlegg 052/07, Buskerud fylkeskommune (31.10.07) med prosjektsbeskrivelse av Norges friluftshøgskole. Tatt frå [www.bfk.no](http://www.bfk.no) (sept 08).

<sup>29</sup> Kolderup, Trygve Sunde lesarinlegg i Aftenposten 19.01.10

for lokalt næringsliv med å drive ”sosial dumping”. Dette grunnjev han med DNT sin sterke mediaposisjon, store marknadsføringsbudsjett og låge priser pga statsstøtte. Det er i realiteten profesjonskamp mellom ulike fjellførarar og opplevingsfirma på den eine sida, samstundes som DNT står for ein frivillig verksemd som ”øydelegg” marknaden for ei næring. Både kommunikasjonssjef Merete Habberstad og generalsekretær Kristin Krohn Devold i DNT tar til motmæle i Aftenposten og avviser mange av Kolderup sine påstander. På slutten av Merete Habberstad sitt innlegg vert det også skrevet: *”Men en ting vil vi aldri fire på: Retten til å ta folk ut på tur slik at dette forblir et allemeannseie, og fremtidige generasjoner fortsatt opplæres til å bli glad i naturen”*<sup>30</sup>.

Dette er eit tydeleg innlegg i den profesjonskamp debatten som føregår, mot eit regelverk som teiknet til berre å gje NORTIND-utdanna rett til å ta med seg personar på føring i høg fjell. Med andre ord seier Habberstad her at DNT skal forsvare sin rett som instruktør, guide, turkoordinator osv i naturen. Altså ein motstand mot det monopolet som er omtala rundt fjellføringstenester.

Kristin Krohn Devold tar også på slutten av sitt innlegg opp eit anna interessant tema som kan knytast til profesjonskampen. Ho nemner DNT sitt engasjement i samband med oppretting av Norsk Friluftshøyskole; *”Der utdanning av guider og verter i distrikts-Norge er selve hovedideen”*<sup>31</sup>. Dette må også sjåast for eit uttrykk om interesser i profesjonskampen. DNT ynskjer altså velkommen ei ny type utdanning for guidar i Noreg. Mange vil nok sjå marknadstenkinga og profesjonaliseringsynskja frå Norges Friluftshøyskole opp mot den frivillige organisasjonen DNT som utfordrande. Mellom anna NOKUT, som har ansvar for å godkjenne nettopp dei beskytta einingane ”profesjon” og ”høgkule”, og som da må ta stilling til tilhøvet mellom dei allereie eksisterande høgskulane innan friluftsliv og Norges Friluftshøgkole.

Eit anna utspel kjem i bladet UTE, utspelet er frå dagleg leiar i firmaet Norgesguidane, Mette F. Reinertsen. Ho skriv ein artikkel der ho forsvargar kommersielle aktørar. Det er eit

---

<sup>30</sup> Habberstad, Merete lesarinlegg i Aftenposten 26.01.10

<sup>31</sup> Devold, Kristin Krohn lesarinlegg i Aftenposten 22.01.10



interessant utspel i artikkelen der ho skil mellom DNT sin ideelle verksemd som ho definerar til å vere ”uprofesjonell”, men i ei positiv tyding legg ho til, fordi dette syner til den viktige dugnadsånda. Skilnaden til dei kommersielle, og kvifor ho kallar dei nettopp slik, forklarar ho slik:

*”Ut fra en forståelse av begrepet profesjonalitet, kan man si at de kommersielle aktørene er de profesjonelle, fordi ett av våre viktigste prosjekter, er å gjøre det å være fjellfører til et yrke, en profesjon”.<sup>32</sup>*

Dette uttalar ho som dagleg leiar i ei bedrift som er eigd av det ho omtalar som *profesjonelle fjellførarar, der fem av dei er internasjonale Tindevegledarar*. Dette er altså så tydeleg som det kan bli. Det største ynskje frå denne kommersielle aktøren, er altså å gjere fjellfører/tindevegledar til ein profesjon. Ho nyttar altså ei legitimering som andre ikkje nyttar.

Her kjem interessa tydeleg frem, utan å vere skjult bak legitimeringar. Kanskje dette er starten på ei på meir open tilnærming til interessene? Marknadens logikk og kommeriselle interesser vert løfta fram som ei eigen legitimering, dels knytt opp mot distriktpolitikk og interessene i å ha ”levande bygder”. Interessene om å gjere fjellfører eller guiding til eit yrke vert altså direkte uttalt.

Dette syner og at interesser ikkje treng å være noko *illegitimt*. Ein kan innrømme kvarandre sine grunnleggjande interesser, og fortsette diskusjonen, men då utifrå ei betre forståing av standpunktene til kvarandre. Dette vil sjølvstundt vere vinnande for ein diskusjon. Ein ryddar i vegen argument som ikkje er sanne, ideologiske skalkeskjul og forsøk på å undergrave andres posisjonar. Ein løyser ikkje alltid konfliktane, men diskusjonen vert i det minste meir sakleg.

Etter denne avklaringa gjeng me vidare og ser på eit nytt spørsmål i analysedelen. Nemleg det faktum at det per i dag ikkje finst mange i Noreg som faktisk arbeider med fjellføring eller guiding på heiltid.

---

<sup>32</sup> Reinertsen, Mette F lesarinnlegg i UTE 2/2010

## 6.2.2 Korleis kan ei utdanning bestå dersom det ikkje er yrke til dei utdanna?

Både på nettsidene og under intervju med Nils Faarlund er omgrepet *kvalifisering* sterkt vektlagt. Det dreier seg om å gje den dugleik som er naudsynt for å fylle ei yrkesrolle på ein fullgod måte. Denne yrkesrolla er knytt til å ta med personar, som sjølv ikkje innehar nok kompetanse til å ferdas på eigen hand i høgfjellet, med på aktivitetar som inneber klatring eller brevandring i høgfjellet. Dette blir på norsk kalla fjellføring, dette skil seg i større eller mindre grad frå dei som har til hensikt å drive opplæring i friluftsliv.

Det er omtala i debatten som har versera, og det vert støtta opp frå fleire debattantar, at det er svært få som arbeider på heiltid med fjellføring i Noreg i dag. Dermed kan ein også seie at behovet for utdanning til kommersiell fjellføring og guiding per i dag ikkje er stort. Men det som syner seg, er at ynskja om meir fjellføring er stort frå NORTIND si side. Det vil seie at NORTIND ynskjer at fleire skal kjøpe seg tenester i høgfjellet for å koma seg ut på stadar dei sjølve ikkje har føresetnadar for å kome til.

Skal ei utdanning bestå, må den gje kvalifisering til noko. Det er dette det vert jobba for. Har ein ikkje den verksemd ein kvalifiserar til, må ein skaffe seg den! Dette er kanskje den mest problematiske interessa NORTIND forsøker å fremje i sin profesjonaliseringstendens. Det er altså *behovet for fjellførarar* eg siktar til. For ein auka motivasjon i retning av behovet for NORTIND-utdanna, må det skapast større behov for desse tenestene. Det er sjølvsagt legitimt for ein organisasjon som utdannar til eit yrke å kjempe for arbeidsplassar innafor dette yrket. Debatten oppstår når dette kolliderar med andre verdiar og interesser, knytt til eit så viktig felt som friluftsliv. Det er også dette Horgen har tatt opp i debatten ”profesjonskamp til fjells”.

## 6.2.3 Skape arbeidsplassar – lenger enn tryggleik?

Interessene til NORTIND vil altså vere at fleire av deira utdanna skal få relevante yrke. Problemet er gjerne at det er svært få yrkesroller å fylle. Det er særdeles få i Noreg i dag som lever av klatre- og fjellsport aktivitetar gjennom kursing og guiding. Det betyr at NORTIND, som målretta aktør, må arbeide aktivt for moglegvis også å ”skape” desse arbeidsplassane. Då må dei fyrst skape eit behov. Så interessene gjeng lenger enn tryggleikstenking. Som både ”Arne” og Nils Faarlund poengterar, så har NORTIND-utdanna investert i ei utdanning, denne ynskjer dei gjerne å få nytta. Når Horgen skuldar mange NORTIND-utdanna

for å arbeide som sikringsarbeidarar i Nordsjøen og ikkje med friluftsliv, så har kanskje dette samanheng med lite relevante jobbar knytt til utdanninga. Det vert altså synleggjort ei interesse bak tryggleikslegitimeringane som gjeng på ”skape” seg arbeidsplassar.

Men med prosjektet Norges Friluftshøgskole og den moglege opprettinga av denne, er det nok også fleire som har interessa av å skape seg arbeidsplassar i norsk natur. Skal ein profesjonshøgskule som dette overleve, er den avhengig av studentar som ser at det kan vere eit yrke å gange til. Ei slik utdanning er ikkje uttalt å vere retta mot pedagogiske stillingar, det er *reiseliv* som er fokus. Difor må det også vere ei kopling på plass mot ulike typer yrkesroller knytt til natur og reiseliv. DNT har som tidlegare omtala eit engasjement for opprettinga av denne profesjonsutdanninga og kan vere med å bidra til å skape arbeidsplassar gjennom sin unike posisjon i norsk friluftsliv. Dei sysselsett sjølve svært mange gjennom sitt hyttenettverk i form av vertskap på hytter og tilbydarar av kurs og turar, drevet av så vel frivillige som betalte engasjerte. I skrivande stund har fortsatt Norges Friluftshøgskole status som ”prosjekt” og har allereie utsett eit mål om oppstart i 2010 i to nye år. Difor finn eg det og vanskeleg å nytte meir plass til Norges Friluftshøgskole i denne oppgåva.

På høgskulane finn me og NORTIND-tilsette i dag. NORTIND har dei seinare år også danna eit samarbeid med Noregs Idretthøgskole (NIH) for å gje NORTIND-utdanna studiepoeng etter enda kurs. Dette tyder på at NORTIND ynskjer å etablere utdanninga si inn i statlege utdanningsinstitusjonar. NORTIND-utdanna arbeider i skuleverket for å gje studentar og andre opplevingar eller smakebitar og ikkje utdanning innanfor faget klatre- og fjellsport. NORTIND-utdanna er med og definerar heile feltet på denne måten, og det gjev dei stor makt. Legitimeringa for å kunne arbeide på ein høgskule eller folkehøgskule vert tryggleik; dette er farleg verksemd og man trenger den beste *profesjonelle* lærarar. Dette er med på å skaffe NORTIND-utdanna eit levebrød, men samstundes skaffar det høgskulane kompetanse og det skaffar igjen NKF, NF og DNT personar som startar på ein av deira utdanningsstigar. Mange av aktørane kan altså seiast å vinne på det. Likevel er dette ei utvikling som kan føre til endring i relasjonen mellom utdanning og yrke. Fordi dette er ein strategi som er med på å undergrave friluftslivsstudias framtid som praktisk og yrkesretta, i alle fall i retning av det dei marknadsfører seg med. Spesialisering vinn fram og høgskulane står igjen med det akademiske preget.

Når det gjeld tilknytninga til NORTIND så har friluftslivsutdanninga ved HiSF hatt ei utvikling med fleire tilsette med NORTIND-utdanning enn det HiT har. Dette kan ha bakgrunn i at

HiSF har ei sterkare forankring i marknaden felt. HiT ei sterkare forankring i det frivillige friluftslivet. Ved HiSF som ligg i eit fylke med mykje turisme knytt til isbrear og brattare fjell, kan det kommersielle og dermed marknadstenkinga tenkjast å stå sterkare. Som ein fylgje vert fleire med NORTIND-utdanning tilsett ved HiSF og preferansane for NORTIND kan dermed seiast å vere større i HiSF enn ved HiT.

Dette kapittelet synleggjorde korleis mange av interessene kjem til syne. Neste del i analysekapittelet skal gje lesaren forståing for kvifor dei ulike interessene vert synlege *no*:

### 6.3 Kvifor syner dei ulike interesser seg *no*?

Interessene kjem til syne gjennom ulike handlingar, knytt til ubevisste eller bevisste strategiar, som skal fremje desse aktørane interesser. Desse interessehandlingar har vore tydelege i fleire år, særskilt i debatten og kontroversane rundt NF. Det er ein arena der dei ulike aktørar møtas og utviklar standpunkt og strategiar innanfor eit felles fora.

Dei seinare år har det og vore ei stadig utvikling mot meir formalisert opplæring. Det betyr at det har vore gjennomført fleire NF- godkjente kurs. Det er då også slik at stadig fleire aktørar nærmar seg marknaden, også dei frivillige organisasjonane. Marknadsføring for å skilje ut ulike tilbod vert nytta. Med den bylgja av popularitet og den mediemerksemd klatre- og fjellsport oppnår, vert det då viktig med førebygging av ulykker. Dette er alle einige om, men med mange aktørar vil dei også nytta denne førebyggings- og tryggleikstanken som legitimering for sin aktivitet eller strategi. Samstundes gjer interesseauka for klatre- og fjellsportaktivitetar at fleire kan knytte økonomiske interesser til klatre- og fjellsport. Det vert fleire kurstilbydarar, klatresenter og guidefirma. Difor vil det og vere naturleg med konfliktfylte handlingar i det me har fleire målretta aktørar innanfor same feltet. Debatten ”profesjonskamp til fjells” har satt eit sterkare fokus på utfordringar innan interessefeltet. Den oppstår som tidlegare nemnt i kjølvatnet av det svenske lovverket som trådde i kraft hausten 2008 og ”frykten” frå enkelte miljø at tilsvarande skulle skje i Noreg.

Slik sett kan spørsmålet om kvifor interessene syner seg *no*, knytast til debatten og med dens bakgrunn i lovverket som trådde i verk i Sverige 2008. Norges Profesjonshøgskole er og eit prosjekt som kom i startfasa i denne perioden og kan vere ein bidragsytar til at høgskulane engasjerar seg i debatten.

Eit anna poeng er høgskulane som interessentar og deira studieinnhald. Etter

Bolognaprosessen<sup>33</sup> som starta i 1998, har det vore fleire omveltingar i norsk høgare utdanning og då også i friluftsliv. Svein Kårhus omtalar dette som ”New managerialism”<sup>34</sup> som bla får fylgjer som at lokale studiestadar strekkjer seg langt for å imøtekomme studentanes ynskje, for å rekruttere eller for å behalde studentane (Kårhus, 2011). Dette høyrer saman med spriket mellom det ein førespeglar studentane av blivande yrke kontra det innhald som undervisninga faktisk rommar. Kårhus syner og til statistikk der friluftsliv var blant tre av studieområda som hadde flest nyetableringar i høgare utdanning frå 2003 – 2006 (ibid). Større endringar i utdanningspolitikken det siste tiår kjem altså inn som ein årsak til at fleire interesser kjem til syne no. Høgskulane nærmar seg marknaden logikk.

### 6.3.1 FjellSPORTFESTIVALEN

Generelt ser ein at festivalar vert meir vanleg og slik er det og for bratt friluftsliv. Eg har som tidlegare nemnt vald å sette fokus på FjellSPORTFESTIVALEN i Sogndal. Denne festivalen er eit arrangement som tydeleg syner interessene til ein målretta aktør. Dei syner seg ekstra tydeleg gjennom ei stor mediedekning med stort fokus på tindevegledaranes rolle under festivalen.<sup>35</sup> Arrangementet legg vekt på at det berre er *internasjonalt godkjente tindevegledarar* som får jobbe under festivalen. Dette skapar også ein del reaksjonar då festivalen føregjeng i Sogndal i samarbeid med høgskulen som har si friluftslivsutdanning der. Det er tydeleg delte meiningar om FjellSPORTFESTIVALEN og dei signal som vert sendt ut gjennom den høvesvis aggressive marknadsføringa av NORTIND-utdanna. I intervjuet av dei som er tilsette ved HiT, synes begge at det er eit merkeleg signal å sende ut frå høgskulen. ”*Dere får ta utdanning her, men dere får ikke jobbe her.*” ”Bjarne”. ”Even” meiner også haldninga til FjellSPORTFESTIVALEN er merkeleg, ikkje berre på bakgrunn av høgskulens involvering, men han nemner også lokale aktørar som tilbyr liknande tenester utan å få lov til ein plass i arrangementet på grunn av manglande NORTIND-kvalifisering.

---

<sup>33</sup> Bologna prosessen: eit arbeid satt i gang i 1998 med mål om å utvikle eit felles område for høgare utdanning. ([http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/tema/hoyere\\_utdanning/bolognaprosessen.html?id=279746](http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/tema/hoyere_utdanning/bolognaprosessen.html?id=279746), mai 2011)

<sup>34</sup> New Managerialism: eit samlande omgrep for kva som skjer når marknadsmodellar i utdanningsreformer påverkar og formar organisasjons- og studieutveksling i høgare utdanning (Kårhus, 2011).

<sup>35</sup> *Nrk.no vestlandet*

Då dette var konfrontera med dei intervjuar frå HiSF, meinte begge at studentane ikkje var kvalifisera til å ta med gjester på tur og at dette ikkje hadde vore noko tema. Samstundes seier ”Arne” at både DNT og høgskulen var invitert til samarbeid utan at det kom noko konstruktive innspel og at han sjølv valde å representere Fjellsportfestivalen i denne samanheng.

Fjellsportfestivalen har vald å fokusere på internasjonalt godkjente tindevegledarar og ekskluderar andre utan den same utdanning. Dette er ein tydeleg strategi som fremmar NORTIND sine interesser i å hevde sin suverenitet på klatre- og fjellsportfeltet. Fjellsportfestivalen vart fyrste gong arrangert i 2008.

### 6.3.2 Yrkesroller

Profesjonalisering handlar ikkje berre om eit bestemt yrke. I den grad ein kan snakke om at ei bestemt utdanning eignar seg for å fylle stadig fleire yrkesroller, kan ein og snakke om profesjonalisering. Ikkje då i forstand av eit yrke, men av ei utdanning. Dei som søker ei utdanning vil som tidlegare nemnt vere ute etter ei utdanning som sikrar dei posisjonar. Dess fleire posisjonar ei utdanning kan sikre dess fleire motivasjonsgrunnar for å velje nettopp den utdanninga. NORTIND ynskjer å vere ei utdanning for kommersiell verksemd i høg fjell. No er det slik at fleire av høgskulane i Noreg med friluftslivsutdanning tilsette personar med bakgrunn frå NORTIND. Dette i seg sjølv er ikkje negativt, fordi NORTIND utan tvil er ei utdanning som gjev høg kompetanse i høve å ta med seg uerfarne i bratt lende. Det som er verdt å merke seg i eit interesseperspektiv er at enkelte høgskular ser ut til å verdsette ”den formelle kompetanse” innanfor klatre- og fjellsport som særdeles viktig. Det er særskilt HiSF som har ein høg tettleik blant lærarar med bakgrunn frå NORTIND. Dette er med på å auka kompetansen rundt klatre- og fjellsport som også har eit visst fokus ved friluftslinja der. Samstundes vert det i intervju påpeika at opplæringa av studentar ikkje er eigna til anna enn klatring med grupper på topptau eller innandørs i klatrevegg. Kvifor er då motivasjonen mot å tilsette folk med NORTIND utdanning så høg?

Dette tolkar eg som eit utslag av preferansar som gjer seg gjeldande i enkelte miljø. ”Geir” som er tilsett ved HiSF seier fylgjande som er med å illustrere dei sterke preferansane som kan komme til uttrykk: ”Men eg ser jo at innen dei som har tatt NORTIND-utdanning sjølv, så er det jo det som gjelder”. Det er altså tydeleg korleis eit miljø med bakgrunn i NORTIND her står særdeles sterkt. Dette er ikkje naudsynt bevisst, men det ligg gjerne ubevisste kollektive forventningar om kva utdanning som ”skal til” i tillegg til den kompetanse som er

lovbestemt i høve tilsetjing ved ein høgskule. Dette vil også vere delar i ein profesjonskamp som eg igjen påpeikar *ikkje naudsynt er bevisste handlingar*, men som må tolkast som ei utviding av utdanningas føremål og dermed nye moglege yrkesroller for NORTIND utdanna. Denne utviding av yrkesroller kan tolkast som målretta profesjonaliseringstrekk av ein aktør i ein profesjonskamp.

Sitatet over frå ”Geir” syner også tilbake til teorien om sosial lukking og dermed ekskluderinga eller kjensla av ekskluderinga for dei som står utanfor. I NORTIND ser man eit klart og tydeleg døme på identitetsskaping og fellesskap utifrå ein pins som NORTIND ofte bærer på jakkelomma. Denne symboliserar både eit fellesskap for *lauget*, dei som er innanfor, men den gir og eit signal til andre, at her har denne personen gjennomført ei krevjande utdanning som få andre har og eg bærer beviset med stoltheit. Eller ein kan oppfatte det som sosial lukking av ei gruppe. På lik måte kan ein utdanningsstige i NF vere gjenstand for hierarkibyging: ”kor langt er du kommen?”, ”er du bare instruktør på nivå 1”..?, eller ”okey, du er fjellkursleder...? Dette handlar om å plassere menneske i ulike roller utifrå kva ein gjer og kva ein har gjort, gjerne målt opp mot andre menneske.

Dette med identitet og status er gjerne kjensleladde tema for mange, fordi dei nettopp knyter deg som person opp mot det du gjer og det du har. Då vert det også ekstra essensielt å løfte fram dette med å vera knytta til ein sterk aktør.

Eit siste viktig poeng i denne saken er korleis høgskulane tilsett personar med NORTIND-utdanning for å tilfredsstille sin marknad, studentane. Til dømes; ”kombiner utdanning med eksotiske opplevingar som klatring i Frankrike”, her kan det vere kjekt med ein NORTIND-utdanna som kan lovleg ”guide” i Frankrike. Svein Kårhus har skrevet om dette og syner igjen til kor viktig det er for studentane å ”shoppe” ein bachelorgrad med ulike bolkar som han/ho sjølv setter opp. I dette ligger det ofte opplevingar, og det er studentens oppgåve å bygge sin bachelor riktig, slik at han/ho får jobb (Kårhus 2009). Dette kan vere med å føre høgskulane stadig nærare marknaden og er med å synleggjere ein kamp innanfor same området som andre meir tradisjonelle marknadsorienterte aktørar.

### 6.3.3NF

I NF har heile tida ulike strategiar gjeve seg utslag i ein lang og svingete veg for å få til den nasjonale standarden. Som også Lena Dahl syner til i si masteroppgåve, har NF vore gjenstand for å synleggjere ulike interesse motsetningar, særskilt kom konflikter fram ved

opprettinga av NKF. Heile tida har det vore synlege konfliktlinjer mellom dei frivillige organisasjonane på eine sida og NORTIND/ NTK på den andre sida.

Over åra (frå 1999) har NORTIND, frå å vere ein del av styret, gjenge over til å stå på utsida, eller til indirekte å vere representera gjennom kommersielle aktørar. Med tida har friluftslivsutdanningar ved høgskular også nytta seg av NF som godkjeningsordning, noko som styrkar det arbeidet som er lagt ned for nasjonal standard. Nils Faarlund uttalar under intervju at han kritiserar DNT og NKF for å ha "kuppa" styret i NF. Dette syner til hans sterke preferansar for NORTIND og kan vere eit døme på at det fortsatt er konfliktfylt i NF (under intervju er Faarlund styreleiar i NF gjennom Andre Kursarrangørar).

Historia med utviklinga av ein nasjonal standard har og vore gjenstand for ulike maktutøvingar. Her har det heile tida vore ulike synspunkt frå dei ulike aktørar og det tok mange år før den nasjonale standarden kom i hamn. Undervegs har det vore forhandlingar og utveksling av synspunkt, medan det for NORTIND har synt seg viktig med strenge krav og omfattande kurs, har DNT på sin side ynskja fleire kurs for å få fleire personar inn i eit system. For å få den nasjonale standarden i hamn, seier det seg sjølv at måtte gjerast ein del bytte mellom til dømes DNT og NORTIND for å få realisera flest mogleg av deira interesser.

Som ei oppsummering av det NF har betydd, så er det tydeleg at her har konfliktlinjer og ulike interesser vore synlege heile vegen. Arbeidet med den nasjonale standard har gjenge særdeles sakte og dette har årsak i dei sterke interessemotsetnadar mellom dei frivillige og dei marknadsorienterte. Korleis dei marknadsorienterte har synleggjort interessene tydeleg i det seinare, vil eg no gje døme på utifrå neste delkapittel som omhandlar media sin innverknad.

#### **6.3.4 Eg vil så gjerne jobbe med dette...**

Etter profesjonskampdebatten har det gjennom bladet Klatring og bladet UTE vore fleire artiklar som omtalar personar som har med folk på tur. Eit døme eg dreg fram her er frå Klatring (2- 2009). I ein artikkel i dette bladet er det intervjuet fire tindevegledarar omkring deira utdanning og yrke. Alle får dei same spørsmåla, men det er særskilt eit spørsmål som er relevant i høve denne oppgåva. "Kva meiner du burde vore annleis med utdanning evt. arbeidssituasjon for vegledarane?" Svara dei ulike tindevegledarane gav, syner stor misnøye med dagens arbeidssituasjon. Ting som vert trekt fram er godkjenning med tanke på profesjon og lønn. Det vert trekt fram andre aktørar (DNT er nemnt av ein tindevegledar) som dei meiner underprisar tenestene. Yrkesbeskyttelse vert og trekt fram som ønskeleg. Alle fire



tindevegledarane legg og vekt på at det er lysten til å arbeide ute i fjellet som driv dei.

Den sterke lysta frå dei utdanna til å arbeide med klatre- og fjellsport samsvarar med Torgersen (1994) sitt syn på interessentane i ei yrkesgruppe. Ønsket om å få nytta si utdanning står sentralt. Det vert og trekt fram investeringar i form av tid og pengar. Det som då trer tydeleg fram er interessa av å få eit lovregulert yrke eller ein profesjon.

Det er nettopp i denne fasen at teoriane til Abbot (1988) vert relevante, altså profesjonsoppbygging. Bilete skapt gjennom media, som nemnt over, er med og gje inntrykk av ei solid yrkesgruppe med den ”riktige” utdanning. Når ein samstundes nyttar ord som ”amatør” ovanfor andre og ”profesjonell” ovanfor seg sjølv, er dette profesjonsoppbyggjande. Det er også dette Horgen ergar seg på i sine innlegg gjennom profesjonsdebatten.

Det generelle mediebiletet er nok heller ikkje prega av den norske tradisjonen ”tur etter evne”. Med reiseprogram og artiklar frå ut- og innland, vert turar til høge fjell og fjerntliggande fjellområde gjerne trekt fram. Fokuset er ofte på det vanskelege og uovervinnelege. Arketypen vil vere ”guiden”, den som får ”klientane” fram, med sin kunnskap. Dette er då i stor grad profesjonsoppbyggjande, i tråd med Abbott.

Dette var ein kort gjennomgang av den etter kvart stadig meir synlege interessa frå NORTIND-utdanna, samt det generelle mediebiletet med sitt fokus på ”tur etter lyst”.

### 6.3.5 Forvaltningsområde

Uttaler i offentlege høyringsbrev kan vere ein strategi for å fremje eigen utdanning. Igjen ser me døme på korleis enkeltpersonar, gjennom eit opplevingsfirma, uttalar seg om NORTINDs kompetanse som den beste og riktige og samstundes nedgraderar NF sin utdanning til å ha ”ujamn kvalitet”:

Under revisjon av verneforskrift og forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i 2004, la både ein kommersiell aktør, NORTIND og NF inn utsagn. Desse utsagna la vekt på kor viktig det var med formell godkjenning for dei som skulle drive naturbasert turisme i området. Det var kor grensene skulle gange som var sterkast. Høyt og Lavt, den kommersielle aktøren, er drevet av Tindevegledarar og skreiv bla at NORTIND utdanning burde ligge til grunn. Dette grunn gav dei med at NF- godkjente som gruppe hadde for ”ujamn kvalitet”. Legitimeringa var altså tryggleik for turistane.

Å aktivt gå inn og anbefale si eiga utdanning er sjølvsagt ein vanleg strategi. Men dersom interessa bak ikkje berre er tryggleik, men derimot auka tilgang på jobbar for dei utdanna, så samsvarar ikkje dette med legitimeringane.

## 6.4 Kvifor er interessetilhøva problematiske?

Interessetilhøva er problematiske fordi me har fleire målretta aktørar som nyttar ulike middel for å fremje sine interesser. Interessene er delvis skjult bak ulike legitimeringar og strategiane som vert nytta kan vere handlingar som er knytt til det eg omtalar i hovudsak som to ulike ideologiar i haldninga til norsk friluftsliv. ”Tur etter evne” eller ”tur etter lyst”. Det er viktig å vere klar over det som eg nemnde innleiingsvis til oppgåva, at dette er verdiviktige spørsmål som rører ved heile det norske friluftsliv og ikkje berre klatre- og fjellsport isolera sett. Noreg har eit mangfaldig friluftsliv, tufta på mange ulike verdiar, her i desse interessekonfliktane kjem nokre av desse verdiane på kollisjonskurs.

Me startar med den frivillige organisasjonen DNT. DNT er ei foreining som skal arbeide for det ein gjerne omtalar som objektive interesser i form av friluftslivets verdiar. Men er friluftslivets verdiar like for alle? Er deira interesser ”objektive”? Nei, DNT åleine kan ikkje vere representant for alles friluftsliv. Eg støttar meg på Bjørn Tordsson frå HiT: Ifylgje Tordsson (2010) er det ”*en kjennsgjerning at friluftslivet er større enn dets organisasjoner*”. Ein organisasjon kan altså ikkje romme heile friluftslivet. Så dei objektive interesser Noregs største frivillige organisasjon for friluftsliv målber, er faktisk dei valde DNT medlemmar (styre, råd og administrasjon) sine objektive interesser, og ikkje allmenna sine objektive interesser. Difor vert også objektive interesser eit problematisk omgrep som kan knytast til det å ha definisjonsmakt. At ein definerar friluftslivet utifrå egne interesser er noko som gjeld fleire av aktørane i denne oppgåva. Når DNT målber seg som vaktar av friluftslivets verdiar kan ein definere organisasjonen som ein målretta aktør som arbeider for å fremje sitt friluftsliv og sin ideologi. Den ideologien er tildels samanfallande med høgskulane sin mentalitet/ ideologi som er ”tur etter evne”. Til dels har også DNT mange tilbod som liknar meir på ”tur etter lyst” og altså kommersielle opplevingstilbod. Dette er innleiingsvis ein del av problematikken: mange aktørar som gjerne vil representere så mangt, men i røynda representerar dei ikkje andre enn seg sjølve.

### 6.4.1 Tindevegledar – ein profesjon?

Dersom det skulle verte lovfesta regulering knytt til NORTIND og fjellføring som det vart i

Sverige, vil dette føre med seg mange utslag. Innanfor klatre- og fjellsport vil nettopp dette vere av stor betydning. Det er klart at ei profesjonsordning vil bety noko for normer, verdiar og etikk i klatre- og fjellsport- Noreg. Ein profesjon kan velje å støtte seg på ideologien ”tur etter evne”, eller den kan støtte seg på ideologien ”tur etter lyst og guidens evne”. Dette er to særskilte viktige forskjellar som kan få stor betydning for både klatre- og fjellsport, men og for friluftslivet generelt i Noreg.

Det ligg og ein motsetnad i at nokon prøvar å styrke den rike norske friluftslivstradisjonen gjennom å tilpasse denne til tilhøva i Alpelanda, der tradisjonen er annleis og sterkt prega av ein tidleg utbygd turistindustri, med profesjonsutdanna kommersielle aktørar. Er det slik me vil ha det i Noreg?

Mange meiner det vil vere eit tap for det norske mangfaldige friluftslivet som me i dag er stolte av, om NORTIND skulle få ein monopolordning lik Sverige. Problematikken ligg hovudsakleg i ideologien og dei fylgjer det vil få for ”tur etter evne”-ideologien. Når NORTIND legitimerar si utdanning med sitt medlemskap i IFMGA, er dette på bakgrunn av tryggleik. At det tekniske i denne utdanninga er bra, er det nok liten tvil rundt, dette syner og dei intervjuar utan NORTIND-utdanning til. Derimot kan ein stille spørsmålsteikn til kva som vil skje i norske fjellheimar når stadig fleire uerfarne ”kundar” eller ”klientar” betalar for å kome trygt opp på toppar som ein elles ikkje hadde dratt på utan den naudsynte erfaring. Er dette å auke tryggleiken i for norsk klatre- og fjellsport?

For å synleggjere problematikken rundt NORTIND sine profesjonsinteresser og legitimeringa dei nyttar med tilknytninga til IFMGA, har eg vald å syne til noko av den kritikken IFMGA får i alpelanda. Frankrike er eit av landa med ein høg tettleik av IFMGA- utdanna, og det finnest kritiske røyster mot desse for å tenke prestasjon, ikkje berre på fritid, men også i jobb. Her skal ein dra flest mogleg opp på kortast mogleg tid<sup>36</sup> og det har vore diskutera kompleksiteten som fylgjer med å vere ”profesjonell fjellfører”. Pierre Jézéquel som leiar fjelldelen i UCPA<sup>37</sup> seier i ein artikkel i den franske avisa Liberation:

---

<sup>36</sup> Viser til nettsida [www.pistehors.com](http://www.pistehors.com) (henta april 2011) og artikkelen skrevet av ”Davidoff” 13.12.2004

<sup>37</sup> UCPA – ideell organisasjon i Frankrike med formål å fremme friluftsakiviteter for flest mogleg ungdom.

*“A guide now has to justify himself if he decides to make a U-turn. Some guides feel they have been pushed into dangerous decisions by the Play-Station generation brought up on a diet of adrenalin charged extreme sports. At the same time the physical capabilities of clients are poorer than before”.*

Kan dette verte fylgjene dersom ein i Noreg satsar hardt på guiding/ fjellføring som profesjon? Det er sannsynleg at kommersielle selskap i Noreg i dag allereie har kjent på dei same problem.

Ein større og alvorlegare del av kritikken er retta direkte mot dei som utøver yrket Tindevegledar. Carrel seier i den same artikkelen at det har vore mange ulykker i fjellet som involverar IFMGA-guidar der guidane har vore på tur med venner. Det har altså ikkje vore press frå kundar om å nå toppen. Då Carrel konfrontera franske guidar med dette, var svaret han fekk frå enkelte, ”supermannsyndromet”. Overtru på egne ferdigheiter kan altså oppstå. Ifylgje artikkelen kan dette koma etter krevjande utdanningar der fokuset blant kollegaer er å meistre. Mykje meistring og fokus på stadig vanskelegare oppgåver gjer etter kvart så stor tru på egne ferdigheiter at ein til slutt gjeng for langt. Dette er antonymet til ”tur etter evne”, og i klatre- og fjellsport kan dette få fatale fylgjer. Faarlund har vore ein pådrivar for ”tur etter evne”, med blant anna slagordet han proklamera for ein del tiår tilbake: ”velkommen til fjells – men ta ansvaret sjølv”! No er organisasjonen han gjennom fleire tiår har arbeida innan ein aktør for den motsette mentalitet.

Framtida i Noreg kan innehalde meir av ”ekspedisjonsindustri”, der fleire vil til toppar (tur etter lyst) som dei eigentleg ikkje har føresetnad for. Ei form for heilkommersialisering der folk leier guidar når dei vil ut på tur i bratt terreng. Dette vil dei som ynskjer eit levebrød av fjellføring tene på, ikkje naudsynt berre NORTIND, men også andre med utdanning frå høgskule, NF eller ein mogleg Norges Friluftshøgskole dersom lovverket ikkje vert knytt direkte til NORTIND. Dersom heilkommersialisering vert framtida, er det ytra klare ynskje frå NORTIND om at det er deira organisasjon som då står for den rette og profesjonelle kunnskap. Den same ytringa kjem frå Norges Friluftshøgskole om behovet for deira utdanning. Samstundes nyttar mange aktørar seg av NF sitt utdanningssystem. Deriblant kjem også statsinstitusjonane som HiT og HiSF med sine bachelor- utdanningar i friluftsliv. Desse vert då neglisjera gjennom uttalar frå NORTIND og Norges Friluftshøgskole når det er snakk om ”nye behov” eller den einaste ”profesjonelle utdanning”.

Dersom kommersialiseringa skulle verte ei framtid i Noreg kan me byrje å samanlikne oss

med alpelanda. Om ulykkesstatistikken i norske fjell vil verte høgare eller lågare, bør vurderast utifrå korleis det står til i alpelanda. Tur etter lyst, eller om du vil ”etter guidens evner” vil verte meir aktuell og det vil sjølvsagt koste pengar for den enkelte som ynskjer å dra på tur. Ei anna utfordring med slike tilhøve vil kunne bli trafikken på enkelte fjellområde og klatrefjell/ruter. Kven har fyrsterett osv? Dette kan føre til nye reglement med omtanke på til dømes lokale løyve til enkelte operatørar, særskilt dersom det blir lagt føringar i høve bestemt type utdanning.

I dag er det eit mangfald av utdanningsvegar og ein kan tenkje seg at det eksisterar ein form for indre justis der ingen er tent med ulykker. Noreg er heller ikkje overbelasta med ulykker i fjellheimen. At det vert konstruera problem ved dagens situasjon er altså langt meir alvorleg, dette er teikn på profesjonskamp og målretta aktørars strategiar. Det er spelet om å hevde interesser som gjer seg gjeldande og ikkje førebygging ein skulle ønske seg. Særskilt må NORTIND ta mykje ansvar i dette spelet og ta innover seg det faktum at det er mange gode utdanningsvegar i Noreg. Dersom trenden vert ”tur etter lyst”, eller rettare sagt ”tur etter lommebok”, kva godt vil det gjere for ulykkesstatistikken, og kva godt vil det gjere for den norske befolknings friluftsliv? Eller hovudinteressa til marknaden, turismen, kva vil den gagne på dette? Er verkeleg behovet for turane *over evne* tilstades eller gjeng det å tilrettelege for gode opplevingar i natur innanfor sine egne evner?

Dette er spørsmål som også har blitt retta mot IFMGA. Gjennom nettsida *mountain-clients*<sup>38</sup> vert det dratt fram ulike døme frå ulykker tilknytt IFMGA-guidar som har vorte dyssa ned. Nettsida peikar og på korleis enkelte medlemmar har meldt seg ut av organisasjonen, som dei omtalar som eit ”kartell”, der berre dei som har råd kan ta seg til fjells saman med erfarne folk. IFMGA har tidlegare vore kritisera for bla å ”mørklegge” statistikkar frå ulykker med deltakarar. Likevel er tryggleik den legitimeringa som vert nytta for at folk skal betale for ein guide. Eg skal ikkje gange vidare inn på dette, men synes det er viktig å nemne at det eksisterar kritiske røyser, også i andre land med medlemsorganisasjonar av IFMGA.

---

<sup>38</sup> Britisk nettside som samlar kritisk stoff og artikkelar rundt bruk av guider i klatre- og fjellsport samanheng.

## 6.4.2 Ringverknadar i friluftslivet generelt

Oppgåva mi har tatt utgangspunkt i ein debatt med konflikhtar knytt til klatre- og fjellsportmiljøet i Noreg men, som eg skriv innleiingsvis, er dette ein debatt som rører ved langt fleire område for norsk friluftsliv enn berre det vertikale friluftsliv. Konsekvensar ved meir krav knytt til utdanning og formell opplæring kan komme til å gjelde mange ulike aktivitetar og konsekvensane for kvar del av friluftslivet er usikre. Legitimeringane gjeng ofte på tryggleik, kvalitetssikring eller allmennas interesser. ***Men er det å gjere aktiviteten tryggare, når strategien vert å flytte grensene for det trygge utover til det utrygge, for så å "skape" seg eit fjellførerbehov?*** For mange er det sjølvsagt drømmen å gjere ein hobby til levebrød, men då er det viktig å vere open på dette og ikkje legitimere sine strategiar med tryggleik eller andre vikarierende argument.

Dersom me ser på trekantinnndelinga igjen, så finn me klare interesser knytt til profesjon for dei som er knytt til det området me kallar for marknaden. Det som då er viktig å vere klar over er, at dette representerar ein del av friluftslivet, ikkje det heile. Den del av friluftslivet det representerar bygger i stor grad på friluftsliv som del av Gesellschaft. For dei som fortsett lever friluftsliv som noko uorganisera og uformelt, vil sertifisering og regulering av aktivitetar framstå som innskrenkande. For dei som driver friluftsliv som del av organisera, men frivillig aktivitet vil også dette få konsekvensar. Difor er også deira strategi å utdanne mange innanfor sine sertifiseringssystem og dermed vise til sin store oppslutning.

Dette problemet har også med noko som er særdeles vanskeleg å analysere, nemleg dei *objektive interesser*. Som nemnt under teorikapittelet legg Hernes vekt på tre typar objektive interesser og desse har særdeles ulikt utgangspunkt. Alt botnar i kva som skal vere det grunnleggjande nivå for forståinga av objektive interesser. Har ein ulik forståing for dette, vil legitimeringane ikkje vere legitime for motparten. Til dømes vil reiselivet ha interesser i sal av naturbasert reiseliv. Tryggleik for kundane vil då vere legitim grunn for krav til utdanning av tilbydarar av desse tenester. Dette vil utfordre dei objektive interessene til enkeltindivid som driv uorganisert og uformell verksemd i same fjellområde. Desse ser moglegvis dei objektive interesser utifrå ein meir basal ståstad, der retten til å ferdas utan krav til kompetanse vert viktigare og "tur etter evne" dermed er den rette ideologi. Dette vert altså konflikhtar på eit særdeles grunnleggjande nivå.

Som avsluttande ord vil eg seie at klatre- og fjellsport er aktivitetar som er fengande og "inn i tida". Utstysbransjen veit sjølvsagt å nytte dette, og ein sel gjerne utstyr som kan

identifiserast med risikofylt "ekstremliv" blant bratte tindar. Dette er eit interessant fenomen som også rører ved tema for denne oppgåva, og ikkje minst "tur etter evne" eller "tur etter lyst". Klatre- og fjellsport er på moten, og det som er "in" er det mange som ynskjer å tene pengar på!

## 7 Konklusjon

For det fyrste konkluderar eg at det skjer ein profesjonskamp innanfor norsk klatre- og fjellsportmiljø. Dette ikkje berre gjennom det som er skrevet under debatten ”profesjonskamp til fjells”, men også fordi ein kan peike på strategiar og interesser bak denne debatten som ikkje naudsynt stemmer overeins med dei argument, dei legitimeringar som er komme fram. Debatten er derimot med og synleggjer interesser til dei ulike aktørar.

NORTIND er ein målretta aktør som arbeider for å gjere si utdanning til ein profesjon og dermed å auke tilgangen til arbeidsmoglegheiter for sine utdanna. Strategien er å omtale eiga utdanning som profesjonell, og dermed å nedgradere andre utdanningar som motsatsen – amatørmessige. Aktiv marknadsføring av eigne utdanna førarar og utelukking av andre førarar på arrangement, har og vore ein strategi. Hovudlegitimeringa gjeng på tryggleik, me er dei beste; dei andre er ikkje like flinke. Legitimeringa om tryggleik er også problematisera i oppgåva gjennom påpeikinga av at ein lovregulert binding mellom NORTIND og yrke ikkje naudsynt fører til fleire ulykker og er til beste for friluftslivet i Noreg. Vidare blir det påpeika at ein innan NORTIND står for ein ideologi, ”tur etter lyst” som står i kontrast til den høgskulane målber, nemleg ”tur etter evne”. NORTIND vektlegg ei ynskja utvikling i retning føring og turisme, og at denne utviklinga bør vera førande for kompetansespørsmåla knytt til utviklinga av alt ”bratt friluftsliv”. Den andre målretta aktøren som arbeider for å lage ein profesjon er Norges Friluftshøyskole, som fortsett er i prosjektfase. Prosjektleiaren har blant anna uttalt at det er på høg tide med ei profesjonsutdanning for guidar og rettleiarar innanfor norske friluftsliv, noko som og rører ved klatring og fjellsport.

To andre aktørar med litt ulik strategi er HiT og HiSF. HiSF har ein meir uklar strategi i høve klatre- og fjellsport enn det HiT har. HiT støttar aktivt opp om NF sin nasjonale standard og har gjennom Horgen i sitt fyrste innlegg stilt spørsmålsteikn til NORTIND sine strategiar og målsettingar. HiT meiner bla at NORTIND kan vere bra, men at dei ikkje bør stå i noko særstilling. HiSF har ein opnare tilnærming til NORTIND gjennom at fleire tilsette i friluftslivseksjonen har NORTIND-utdanning eller er under kvalifisering frå NORTIND. HiT nyttiggjør seg på linje med HiSF av NF sin nasjonale standard. Den store tettleiken av NORTIND-utdanna lærarar ved HiSF gje sterkare preferansar for NORTIND ved HiSF enn ved HiT. Dette kan ein sjå eit klart døme på gjennom Fjellsportfestivalen i Sogndal, der lærarar ved HiT ikkje forstår korleis HiSF kan delta på eit slikt arrangement som aktivt fremmar NORTIND og utelukkar alle andre med annan kompetanse.



Sjølv om høgskulane står under det offentlege i trekantindelinga av samfunnet, nærmar dei seg stadig meir marknaden. Dette har bla bakgrunn i Bologna-prosessen som fører med seg friare konkurranse mellom høgskular og ulike studiestadar. For å imøtekomme studentar er det viktig å tilby ”det riktige” og der tenderar opplevingar å bli meir viktig og kvalifisering til framtidige yrke mindre viktig. HiSF synas å ha eit større fokus på klatre- og fjellsport enn HiT. Dei har fleire tilsette med NORTIND-utdanning og nærmar seg også meir ideologien ”tur etter lyst”.

NKF og DNT er to andre aktørar som begge er frivillige organisasjonar. Begge er målretta aktørar som arbeider aktivt gjennom sitt styremedlemskap i NF. Ein strategi er å legge til rette for kurs på ein måte som samlar fleire deltakarar. Dette krev meir differensiera kurs heilt ned på enkle nybyrjarnivå. Både NKF og DNT har laga egne kursstigar utanom NF. Til dømes skredkurs i DNT og ulike klatrekurs i NKF. NKF og DNT legitimerar sin aktivitet med ideell verksemd som ikkje har profitt som mål, og at dei målber friluftsliv for alle. Desse legitimeringane er problematisert under analysedelen.

NF som aktør er avhengig av andre aktørar sine interesser. Strategien utad frå NF har vore marknadsføring av den nasjonale standard og dei kurs som denne inneheld. NF har vore, og er, ein arena for synleggjering av andre aktørar sine interesser.

## *7.1 Veggen vidare*

Det er vidare mange interessante problemområde og vinklingar å ta fatt på rundt det som har vore omtala som profesjonskamp til fjells. Særskilt tendensen i retning av ”tur etter lyst”, kvar ein legg lågare krav til eigenferdigheit og deltakarinvolvering er eit viktig område. Det gjeld kva utvikling me vil ha i det norske friluftslivet. Vidare må ein sette fokus på spørsmålet om tryggleiken i høve denne kommersialiseringa. Dette spørsmålet gjeld ikkje berre kva den ansvarlege for turen har av utdanning og eigenkompetanse. Vil ei utvikling i retning av at alle turar skal vere tilgjengelig for eit generelt publikum i seg sjølv vera ynskjeleg ut frå idealet om trygg ferdsel? Det som er vel så viktig er å finne den veg som gagnar det heile norske friluftsliv, ikkje berre ein del.

DNT er berre ein del av friluftslivet, sjølv om dei er den største friluftsansasjonen i Noreg, og sjølv om DNT gjerne målber interessa til det brede, folkelege friluftslivet. Det same gjeld dei studentar som kvart semester tar ein høgskuleeksamen i skredlære eller breføring. Eit viktig tema vil og vere å granske legitimeringane til NORTIND og auka

tryggleik gjennom profesjonalisering, gjennom å sjå på ulykkesstatistikk i til dømes alpelanda, og gjennom å sjå på korleis ordninga fungerer i vårt naboland Sverige.

Høgskulanes utvikling i retning stadig meir marknadsorientering er også eit interessant område for vidare forskning. Kan ein praktisere ”tur etter lyst” og samtidig målbere ”tur etter evne”?

Avslutningsvis vil eg seie at det fortsett er mange som tar seg ”*ein tur baki fjødde*” (som me seier der eg kjem ifrå) for å nyte naturen. Kanskje gjeng ein også opp på nokre bratte toppar. Ein gjer det utan å ofre ein tanke på NORTIND, høgskule, DNT, NKF, NF, våttkort, brattkort eller andre organisera og meir eller mindre formelle friluftsansjasjonar og sertifiseringar - men turen kan vere ei fantastisk friluftslivsoppleving for det!

## 8 Kjelder

Abbott, Andrew (1988): *The system of professions*. The University of Chicago Press Chicago and London

Breivik, Gunnar (1995): *Personality, sensation seeking and arousal in high risk sports*. Oslo: Norges Idrettshøgskole

Brinkmann, Johannes (1979): *Diskusjonsnotat om interessebegrepet*. Oslo: Universitetet i Oslo

Dæhlen, Marianne og Svensson, Lennart G. (2008): *Profesjon, klasse og kjønn*. I *Profesjonsstudier*, red. Molander, Lars og Terum, Lars Inge. Oslo: Universitetsforlaget

Eikeland, Synnøve (2008): *Ekstrem sport: en måte å bryte kjedsomhet på?* Masteroppgåve I idrettsvitenskap. Oslo: Norges Idrettshøgskole

Grimeland, Geir (2004): *En historie om klatring i Norge 1900 – 2000*. Bergen: Fagbokforlaget

Grimeland, Geir (2000): *”Vor sport” Klatring i Norge 1900 – 2000*. Hovudfagsoppgåve i idrettsvitenskap. Oslo: Norges idrettshøgskole

Hernes, Gudmund (1975): *Makt og avmakt*. Oslo: Universitetsforlaget (2.opplag)

Horgen, André (1999): *Ferdselen på Jostedalsbreen 1740 – 1940*. Hovudfagsoppgåve. Bø: Høgskolen i Telemark

Høibakk, Ralph (1998): *Nitti år med NTK*. I *Tinder og Tanker – Norsk Fjellsport*, red. Bore, Geir Arne. Oslo: Norsk Tindeklub

Irgens, Eirik J. (2007): *Profesjon og organisasjon*. Bergen: Fagbokforlaget

Korsnes, Olav (1997): *Sosiologisk leksikon*. Oslo: Universitetsforlaget AS

Kvale, Steinar (1997): *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Kyvik, Svein (2002): *Fra yrkesskole til universitet*. Bergen: Fagbokforlaget AS

Kårhus, Svein (2011): *Utdanningsmarkedet og rekontekstualisering av*

- utdanningskvaliteter*. Artikkel i Uniped, årgang 34, 2/2011, s.43-45. Tromsø: Uniped
- Kårhus, Svein (2009): *Markedsdynamikk som pedagogisk-diskurs i høyskolesystemet*. Artikkel i Nordisk Pedagogikk 4- 2009 (s.355-366). Oslo: Universitetsforlaget
- Molander, Lars og Terum, Lars Inge (2008): *Profesjonsstudier*. Oslo: Universitetsforlaget
- Nordby, Trond (1994): *Korporatisme på norsk*. Oslo: Universitetsforlaget
- Prieur, Annick & Sestoft, Carsten (2006): *Pierre Bourdieu: en introduction*. København: Reitzel
- Slagstad, Rune (2008): *Profesjoner og kunnskapsregimer*. I *Profesjonsstudier*, red. Molander, Lars og Terum, Lars Inge. Oslo: Universitetsforlaget
- Svensson, Lennart G. (2008): *Profesjon og organisasjon*. I *Profesjonsstudier*, red. Molander, Lars og Terum, Lars Inge. Oslo: Universitetsforlaget
- Sookermany, Anders McD & Eriksen, Jørgen W (red) (2007): *Veglederen – Et festskrift til Nils Faarlund*. Oslo: GAN Aschehoug
- Tordsson, Bjørn (2010): *Friluftsliv, kultur og samfunn*. Kristiansand: Høyskoleforlaget
- Tordsson, Bjørn (2003): *Å svare på naturens åpne tiltale. En undersøkelse av meningsdimensjoner i norsk friluftsliv på 1900-tallet og en drøftelse av friluftsliv som sosialt fenomen*. Dr.scient. avhandling. Oslo: Norges idrettshøgskole
- Torgersen, Ulf (1994): *Profesjoner og offentlig sektor*. Oslo: Tano
- Torgersen, Ulf (1972): *Profesjonssosiologi*. Oslo: Universitetsforlaget
- Tönnies, Ferdinand (1955): *Community and association*. Translated by Loomis, Charles P. London: Routledge and Kegan Paul
- Ulseth, Anne Lene Bakken (1999): *Den Norske Turistforening. Fra tradisjonell friluftsansettelse til profesjonell naturvernorganisasjon*. Oslo: UIO
- Weber, Max (1969): *Basic concepts in sociology*. Translated by Secher, H.P. New York: The Citadel press

Østerberg, Dag (1997): *Sosiologiens nøkkelbegreper*. 5.utgåve. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag as

Aakvaag, Gunnar C (2008): *Moderne sosiologisk teori*. Oslo: Abstrakt forlag AS

## 8.1 Dokument og rapportar

Den Norske Turistforening (2007): *Årsrapport 2007*. Oslo: DNT

Det kongelige miljøverndepartement (2001): *St.meld.nr.39 Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet*. Oslo: Akademika AS

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) (2007): *Temaveiledning i risikoanalyse. For risikofylte forbrukertjenester*. Tønsberg: DSB

Høgskulen i Sogn og Fjordane (2008): *Studieplan 2008/2009. Friluftsliv – bachelorstudium*. Sogndal: HISF (revidert 23.04.08 av dekan ALI)

Høgskolen i Telemark (2008): *Studie- fagplan 2008/2009. Friluftsliv, kultur- og naturveiledning, bachelor*. Telemark: HIT (publisert [www.hit.no](http://www.hit.no), 23.01.2008 av Carl Magnus Nystad)

Konsumentverkets författningssamling (2008:5) *Konsumentverkets allmänna råd om glaciärsäkerhet*. ISSN 0347 - 8041

Michelsen, Svein & Aamodt, Per Olaf (2007): *Evaluering av kvalitetsreformen – sluttrapport*. Oslo: Norges forskningsråd

Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komite (2008): *Lovhefte 2008*. Oslo: NIF

Norges Klatreforbund (2008): *Referat Norges Klatreforbunds ting 19.-20. april 2008*. Oslo: NKF

Norges Klatreforbund (2005): *Regler for nasjonale klatrekonkurranser*. Oslo: NKF. Konkurransekomiteen.

Norsk Fjellsportforum (2007/2009): *Nasjonal standard – for instruktører, førere og kursarrangører i fjellsport*. Oslo: NF

Norsk Fjellsportforum (1999): *Vedtekter for Norsk Fjellsportforum*. Oslo: rådsmøte  
27.november 1999. NF

## 8.2 Magasin/blad/aviser

Bore, Geir Arne (1992): *Jubilerende Stribukk*. Artikkel/ intervju i *NorKlatt* nr.59. Bind 5.  
Oslo: nyopprett v/ NTK og NIH, 2002.

Horgen, Andre (2009): *Profesjonskamp til fjells*. Kronikk i bladet *UTE* nr 41 febr/mars 09:  
Oslo: Friflyt AS

*NorKlatt* nr.58. 1992. Bind 5. Oslo: nyopprett v/NTK og NIH, 2002

Slagstad, Rune (2007) Det nye universitetet. Artikkel i *Morgenbladet* 23.02.2007

*Ute* nr.1. 2009. Oslo: Fri Flyt AS

*Ute* nr.2. 2009. Oslo: Fri Flyt AS

*Ute* nr.3. 2009. Oslo: Fri Flyt AS

*Ute* nr.4. 2009. Oslo: Fri Flyt AS

*Ute* nr.2. 2010. Oslo: Fri Flyt AS

# Appendiks

Følgjande er lagt til oppgåva i etterkant då eg vart gjort oppmerksom på ei masteroppgåve levert våren 2011 ved Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU).

Masteroppgåva har tittelen ”*profesjonalisering av friluftsliv: En studie av status og maktforhold blant turledere*” og er skriven av Lise Wollan Porsanger. Dette er ei oppgåve som har mange tilnærmingar til felles med masteroppgåva eg har skriven. Eg finn det difor verdifullt å gje lesaren ei kort utgreiing med vekt på samanlikning av dei to oppgåvene. Lesaren får ein introduksjon til oppgåva av Wollan Porsanger, med samanlikning av funn i dei to oppgåvene.

I det følgjande omtalar eg desse to oppgåvene som PTF (profesjonskamp til fjells) og PAF (profesjonalisering av friluftsliv).

Wollan Porsanger skriv at problemstillinga for PAF var å få innsikt i kva status formell kompetanse vert tillagt i profesjonaliseringsprosessen og kva konsekvensar dette har for aktørane på feltet. Den andre delen av problemstillinga er korleis profesjonaliseringsprosessen påverkar makttilhøva i feltet. Wollan Pedersen har nytta halvstrukturete intervju.

I innleiinga til PAF stiller Wollan Porsanger seg undrande til dei ulike metodane rettleiarane hennar nytta då ho var friluftslivsstudent. Ho meiner at mange av rettleiarane var ueinige om studentane burde få sertifikat og formelle kompetansebevis på deira ferdigheiter, eller om praksiserfaring og lokalkunne var tilstrekkeleg for å kunne arbeide som rettleiarar i friluftsliv. ”*Som studenter ble vi ofte plassert på den gylne middelvei, vi fikk opplæringen og akademisk vitnemål, men aldri sertifikatene*” (Porsanger, 2011: 1). Til samanlikning med PTF er høgskulane i Sogndal og i Bø sin tilknytning til eksterne sertifiseringar trekt fram som eit tema. Wollan Porsanger sine tankar stemmer også overens med kva som kjem fram i PTF rundt ynskje frå studentar om sertifiseringar og kompetansebevis.

PAF har eit kapittel med vekt på moderniseringsprosessar i friluftsliv som forklaring til korleis det opnar seg ein marknad for sal av forbruketenester. Det er ei anna tilnærming enn i PTF, der eg ved hjelp av Tönnies forklarar utviklinga frå det uformelle til det formelle. På tross av to ulike tilnærmingar synleggjer begge oppgåver ein auke i organisering og formalisering av friluftslivsoplæring til ulike aktivitetar. Den auka organisering og

formalisering tvingar og fram prosessar som profesjonskamp og profesjonalisering.

PAF legg i stor grad vekt på mange av dei same elementa som PTF for å forklare profesjonaliseringsprosessar. PAF omtalar det slik: ”*dynamikken i profesjonaliseringsprosessen sjåast som viktigare enn dei strukturelle elementa i seg sjølv*” (Porsanger, 2011: 16). Begge oppgåvene legg altså vekt på å sjå etter endringar i tilhøva mellom utdanning og yrke som kjenneteikn på ein profesjonaliseringsprosess. *Monopol* er i denne samanheng eit sentralt omgrep i båe oppgåvene. PAF brukar eit teoretisk perspektiv bygd på Pierre Bourdieus teoriar om makt og dominans. Wollan Porsanger knyter dette til kjenneteikn på profesjonalisering og kva som kjenneteiknar slike prosessar. For å analysere prosessane nyttar Wollan Porsanger dei sentrale omgrepa *habitus*, *kapital* og *felt* frå Bourdieu. I PTF vert det lagt større vekt på interesseomgrepet og maktteori frå Gudmund Hernes. Dette såg eg som viktig sidan eg legg stor vekt på ulike aktørars *legitimeringar*, *strategiar* og *interesser*. Dette er etter mi meining omgrep som er sentrale i høve *profesjonskampdebatten* PTF dekker.

I PTF nyttar eg omgrepet *preferansar* som langt på veg er samanfallande med Bourdieu sitt *habitus*-omgrep, som Wollan Porsanger tek i bruk i si oppgåve. Me har begge altså ei klar oppfatning om at dette er ein viktig del av analysen.

I PAF vert *profesjonskampdebatten* omtala som kamp innafor eit felt der dei kjempande har ulike former for symbolsk kapital. Wollan Porsanger drar her opp to hovudkonfliktlinjer mellom dei ulike standardane til NF og NORTIND. Ho gje og uttrykk for at NORTIND har skaffa seg ein fordel i denne kampen, ved at ei NORTIND- utdanning også tilbyr studiepoeng gjennom Norges Idrettshøgskole. I PTF peikar eg også på eit slikt samarbeid mellom NF og høgskulane i Sogndal og i Bø. Wollan Porsanger avsluttar sin analyse med ein påstand om at det ”*kan sjå ut som at det berre er eit tidsspørsmål før monopolisering av enkelte tenestar er aktuelt i Noreg*” (Porsanger, 2011: 66). Her trekker ho konklusjonen på bakgrunn av det eg i PTF har omtala som *skremselsstrategi*. Dette byggjer også på lovverket som trådte i kraft i Sverige i 2009. Her vert det oversett at det i Noreg per i dag faktisk ikkje eksisterar eit utbredt ”tryggleiksproblem” ved klatring og fjellsport i høgfjellet.

PAF konkluderar med at utdanning i stadig større grad sjåast på som ei sertifiserande løysing for turleiaryrket, men at det er den uformelle kompetansen som hovudsakleg vert sett på som kvalifiserande for sjølve yrkespraksisen.



PAF konkluderar med at profesjonaliseringsprosessen fører til ein eksklusjons- og inklusjonsprosess i friluftsliv med konsekvensar for aktørane. Wollan Porsanger trekker då fram at i fyrste rekkje ufaglærte og ubetalte turleiarar som vert ramma ved at dei mistar status i feltet. ”*Dette betyr at vi er i ferd med å få en ny gruppe profesjonelle turledere, som får stadig større deler av friluftslivsmarkedet hvor det selges turledertjenester*” (Porsanger, 2011: 68). Dette samsvarar med PTF sin forklaring av utviklinga frå det nære, uformelle friluftsliv til det organiserte og formelle basert på marknaden ideologi, noko som inneber ei gradvis ekskludering av det frivillige.

PAF konkluderar med at mange turleiarar opplever det som eit *doxa* at ein må utdanne seg gjennom eksisterande utdanningssystem for å tilby turleiartjenester. Det er aktørar som tilbyr desse utdanningar som skapar gjennomslagskraft for ein slik *doxa*. Wollan Porsanger skriv og at det *eksisterar ei oppfatning av at enkelte kompetansar er betre enn andre*. I analysedelen av PAF refererte ho til at NORTIND såg ut til å ha ein høgare status enn NF for mange av informantane, men at det ikkje var alle som delte dette synet. Det som Wollan Porsanger sikkert konkluderar med, er at nyare og teknisk vanskelegare aktivitetar får status, medan meir tradisjonelle aktivitetar i liten grad omtalast.

På linje med PTF konkluderar også Wollan Porsanger i PAF med at monopolisering på visse område i friluftslivfeltet utelukker andre frå å utføre dei same tenestane. I PTF trekte eg fram *Fjellsportfestivalen* som eit døme på dette. Wollan Porsanger syner til både bekymring for denne utviklinga frå enkelte, medan NORTIND ser det som eit forsøk på å kvalifisere fjellsporttenestene i Noreg til same nivå som fleire andre europeiske land. I interesseperspektivet vert nettopp dette peika på som ei legitimering frå NORTIND si side. Interessene synte seg tydelegare som sterke ynskje om å utøve eit yrke som fjellfører.

PAF etterlater seg, som PTF, fleire spennande og opne spørsmål rundt konsekvensane av profesjonaliseringsprosessane. Wollan Porsanger stiller og spørsmålsteikn rundt kva som vil skjje med dugnadsprosjektet i friluftsliv dersom det vert innført offentlege kompetansekrav. Vil den breie, friviljuge verksemda forsvinne, og den uformelle friluftslivstradisjonen bli svekka?

Sjølv om Wollan Porsanger og eg har valt ulike teoriar for vår analyse, ser vi same slag av problem i utviklinga, og våre konklusjonar er langt på veg dei same.

# Vedlegg 1(Intervjuguide)

- Namn
- Yrke/ verv
- Kva aktørar har du representera og i kva tidsrom har du representera desse i høve til klatre- og fjellsportfeltet?

Kort introduksjon til oppgåva:

Dagens situasjon med ulike aktørar innanfor friluftslivets felt som har problem med å finne saman i eit godt samarbeid er tema for oppgåva mi. Særskilt ser eg nærare på problematikken omkring det eg omtalar som klatre- og fjellsport i Noreg. Sertifiseringar, utdanning og krav til utførande handlingar som opplæring, undervisning eller føring i natur og då gjerne bratt lende.

## Opptak- innhald

- Opptakskrava
- Klatre- og fjellsport (omfatting)
- Vurdering / rettleiing
- Sertifiseringar/ samarbeid
  - Kvifor?
  - Innhaldet i stil til sertifisering?

## Dagens ordning-framtid

- Dagens ordning
  - Lovverk
  - Mange aktørar

- Tryggleik
- Debatten
- Framtidig
- Kven gjere kva/ skillelinjer?
- Frykt?

#### Fjellsportfestivalen

- HiSF/ NORTIND
- NF?